
BERIT KRISTIANSEN (RED.)

Driftsgranskingar i jord- og skogbruk

Rekneskapsresultat 2010

S-100-11

UTGITT AV:

NORSK INSTITUTT FOR LANDBRUKSØKONOMISK FORSKNING



Driftsgranskingar i 100 år!

NILF utgir ei rekkje publikasjonar

Årlege publikasjonar:

«Driftsgranskingar i jord- og skogbruk»

«Handbok for driftsplanlegging»

«Utsyn over norsk landbruk. Tilstand og utviklingstrekk».

«Mat og industri. Status og utvikling i norsk matindustri».

Resultat frå forskning og utgreiingar blir gitt ut i tre seriar:

«NILF-rapport» – ein serie for publisering av forskingsrapportar og resultat frå større utgreiingar.

«Notat» – ein serie for publisering av arbeidsnotat, delrapportar, føredrag m.m. samt sluttrapportar frå mindre prosjekt.

«Discussion paper» – ein serie for publisering av foreløpige resultat (berre internettpublisering).

NILF gir også ut:

«Dagligvarehandel og mat 2011. Perspektiver på verdikjedene for matvarer – Artikkelsamling»

«Kontoplan for landbruksregnskap tilpasset NS 4102»

Regionale dekningsbidragskalkylar.

NILF er sekretariat for Budsjettnemnda for jordbruket som årleg gir ut:

«Totalkalkylen for jordbruket» (Jordbrukets totalregnskap og budsjett)

«Referansebruksberegninger»

«Resultatkontroll for gjennomføringen av landbrukspolitikken»

«Volum- og prisindeksar for jordbruket» som ligg på:

<http://www.nilf.no/PolitikkOkonomi/Nn/VolumPrisIndeksar.shtml>

S-100-11

Driftsgranskingar i jord- og skogbruk

Rekneskapsresultat 2010

Account results in agriculture and forestry 2010

100. rekneskapsår



NILF

Norsk institutt for
landbruksøkonomisk forskning

Tittel	Driftsgranskingar i jord- og skogbruk. Rekneskapsresultat 2010
Utgivar	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)
Utgivarstad	Oslo
Utgivingsår	2011
Tal sider	235
ISBN	978-82-7077-814-0
ISSN	0333-2500
Emneord	rekneskapsresultat, rekneskapsstatistikk, landbruksøkonomi, skogbruksøkonomi, driftsrekneskap, landbruksstatistikk

Litt om NILF

- Forsking og utgreiing om landbrukspolitikk, matvaresektor og -marked, foretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.
- Utarbeider nærings- og foretaksøkonomisk dokumentasjon innan landbruket; dette omfattar bl.a. sekretariatsarbeidet for Budsjettnemnda for jordbruket og dei årlege driftsgranskingane i jord- og skogbruk.
- Utviklar hjelpemiddel for driftsplanleggjing og rekneskapsføring.
- Vert finansiert av Landbruks- og matdepartementet, Norges forskningsråd og gjennom oppdrag for offentleg og privat sektor.
- Hovudkontor i Oslo og distriktskontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk har hatt 100-årsjubileum i desember 2011, i samband med at granskingane for rekneskapsåret 2010 var gjennomførte. Jubileet gav høve til å reflektere over at den store samlinga av rekneskapsdata frå ein så lang epoke er svært verdfull. Her i rapporten er jubileet markert gjennom kapittel 5.

Driftsgranskingane undersøker økonomiske forhold på gardsbruk der ein viktig del av den samla inntekta til familien kjem frå jordbruket. Driftsgranskingane skal gi kunnskap til offentlege styresmakter, gardbrukarar og samfunnet elles.

For 2010 omfattar driftsgranskingane i jordbruket 835 enkeltbruk. 147 av dei er også med i driftsgranskingane i skogbruket. Dessutan har 37 samdrifter innan kumjølkproduksjon levert data til undersøkinga. Talmaterialet deira vert behandla separat, og resultatata frå samdriftene vert presenterte i eit eige avsnitt i rapporten.

Undersøkinga er gjort med grunnlag i skatterekneskapar og tilleggsopplysningar om areal, avlingar og arbeidsinnsats. Skatterekneskapen vert først omarbeidd til ein driftsrekneskap. Det er data frå driftsrekneskapen som går inn i driftsgranskingane.

Samarbeid med gardbrukarane som deltek i undersøkinga, og medverknad frå rekneskapsførarane deira, er avgjerande for at NILF kan gjennomføre driftsgranskingane. Statens landbruksforvaltning, TINE BA og Nortura BA bidreg også med viktig underlagsmateriale.

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk vert gjennomførte i samarbeid mellom hovudkontoret og dei tre distriktskontora til NILF.

The centenary of the survey of account statistics for agriculture and forestry was celebrated in December 2011, when the 2010 survey was concluded. The celebration gave opportunity to reflect on the great value of a continuous collection over such a long period of a large amount of data. In this report the centenary is celebrated through chapter 5.

The survey presents results for holdings where a substantial share of the family's total income comes from the holding. The survey is aimed to provide public authorities, farmers and society generally with information on financial conditions of agriculture.

As concerns 2010, 835 family holdings are involved in the survey for agriculture. Additional forestry data have been delivered from 147 of the same farms. 37 dairy joint operations have also taken part in the survey. However, their data are handled separately, and their results are presented distinctly in this report.

The survey is based on tax accounts and additional information about yields, labour input and use of farmlands. Tax accounts are first transformed into management accounts. Subsequently, the management accounts are further handled in the survey process.

The participating farmers and their accountants are cardinal to NILF's ability to produce the survey. Furthermore, Norwegian Agricultural Authority (SLF), TINE BA and Nortura BA deliver important information.

The survey of account statistics for agriculture and forestry is produced in co-operation between the main office and the three regional divisions of NILF.

Oslo, desember 2011

Ivar Pettersen

Innhald

SAMMENDRAG	1
1 FORMÅL, UTVAL OG METODE	7
1.1 Formål	7
1.2 Prinsipp og metode for utval	7
1.3 Presentasjon av resultat	8
1.4 Inndelingskriterium	8
1.4.1 Inndelingskriterium i jordbruksdelen	8
1.4.2 Inndelingskriterium i skogbruksdelen	11
1.5 Representativitet	12
1.6 Prinsipp for rekneskapsoppgjeret	13
1.7 Resultatmål og resultatrekning	14
1.7.1 Resultatrekning for jordbruket	14
1.7.2 Resultatmål for den samla inntekta til brukarfamilien	15
1.7.3 Resultatmål for skogbruket	15
1.7.4 Variasjon i resultatata innan enkelte driftsformer i jordbruket	16
1.7.5 Samdrifter	16
1.7.6 Økologisk jordbruk	16
1.8 Definisjonar og forklaring av omgrep	17
2 JORDBRUK. RESULTAT FRÅ 2010 OG UTVIKLINGSTREKK GJENNOM 10 ÅR	23
2.1 Innleiing	23
2.2 Innsatsfaktorar og oppnådde resultat	23
2.2.1 Arbeidsforbruk	23
2.2.2 Areal	24
2.2.3 Egedelar og investeringar	24
2.2.4 Avlingar	26
2.2.5 Husdyrproduksjon	27
2.2.6 Oppnådde produktprisar	28
2.2.7 Kostnader	30
2.2.8 Inntekter	30
2.2.9 Oppnådde driftsresultat	31
2.3 Gjennomsnittresultat og variasjonsanalysar for utvalde driftsformer	37
2.3.1 Produksjon av kumjølkk og storfeslakt	37
2.3.2 Produksjon av kumjølkk og svinckjøtt	55
2.3.3 Produksjon av kumjølkk, storfeslakt og korn	57
2.3.4 Kumjølkkproduksjon og sauehald	58
2.3.5 Kornproduksjon	60
2.3.6 Sauehald	66
2.3.7 Geitehald	70
2.3.8 Produksjon av korn og svinckjøtt	71
2.3.9 Produksjon av storfekjøtt	74
2.3.10 Andre driftsformer	74
2.3.11 Ranging av driftsformene etter lønsemd	76

3	SKOGBRUK. RESULTAT FRÅ 2010 OG UTVIKLINGSTREKK GJENNOM 10 ÅR	79
3.1	Grunnlagsmaterialet for granskinga	79
3.2	Framdrift	79
3.2.1	Avverking og transport	79
3.2.2	Arbeidskraft	80
3.3	Økonomisk oversikt	80
3.3.1	Om dei valde presentasjonsmåtane	80
3.3.2	Produksjonsinntekter	80
3.3.3	Kostnader	81
3.3.4	Resultat	82
3.3.5	Investering og finansiering	82
3.3.6	Balanse	83
3.4	Hovudtrekk ved driftsgranskingane i skogbruket i 2010	83
3.5	Tiårsoversikter	84
4	SAMLA ØKONOMISK RESULTAT FOR BRUKARFAMILIEN	89
4.1	Innleiing	89
4.2	Tilleggsnæringar	89
4.2.1	Definisjonar og avgrensing	89
4.2.2	Klassifisering av bruk med tilleggsnæring	90
4.2.3	Omfang, omsetning og driftsoverskot i tilleggsnæring	90
4.2.4	Arbeidsinnsats i tilleggsnæringar	93
4.2.5	Kva betyr tilleggsnæringane for total inntening på bruket?	94
4.2.6	Lønsemd i tilleggsnæringar	95
4.3	Balanse	97
4.3.1	Eigedelar	97
4.3.2	Nettoinvestering utanom jordbruket	97
4.3.3	Gjeld og eigenkapital	97
4.4	Nettoinntekt per familie	98
4.5	Tilgang på og bruk av middel	99
4.5.1	Arbeidskapital	99
4.5.2	Sparing	100
4.6	Skatt	103
4.7	Samanlikning med andre yrkesgrupper	106
5	DRIFTSGRANSKINGANE GJENNOM 100 ÅR	109
	SUMMARY	11
1	PURPOSE, SAMPLE AND METHODS	119
1.1	Purpose	119
1.2	Principles and methods of sampling	119
1.3	Presentation	120
1.4	Criteria for classification	120
1.4.1	Agriculture	120
1.4.2	Forestry	121
1.5	Representativeness	121
1.6	Accounting principles	121
1.7	Result measures and calculations	123
1.7.1	Calculation of results in agriculture	123
1.7.2	Total family income	124

1.7.3	Calculation of results in forestry	124
1.7.4	Variation of results within certain categories of farming	125
1.7.5	Dairy joint operations	125
1.7.6	Organic farming	125
1.8	Definitions and explanation of terms.....	126

HOVUDTABELLAR. MAIN TABLES

1	Bruksstorleik, dekar. Alder på brukar <i>Size of holdings, decares. Farmer's age</i>	134
2	Bruk av jordbruksarealet, dekar <i>Use of agricultural area, decares</i>	136
3	Avling, kg per dekar <i>Crop yields, kg per decare</i>	138
4	Avling, FEm per dekar <i>Crop yields, FUm per decare</i>	139
5	Storleik på buskapen, gjennomsnitt per bruk <i>Numbers of livestock per holding</i>	140
6	Husdyrproduksjon <i>Livestock production</i>	142
7	Arbeidsforbruk per bruk, fullverdige timar <i>Labour input, hours per holding</i>	144
8	Oppnådde prisar på garden, kroner per kg/l/stk. <i>Prices at farm gate, NOK per kg/l/animal</i>	146
9	Eigedelar i jordbruket 31.12, 1000 kroner per bruk <i>Agricultural assets on 31 December, NOK 1000 per holding</i>	148
10	Nyanlegg, avskrivningar, sal, tilskot og nettoinvestering i jordbruket. 1000 kroner per bruk <i>Investments, depreciation, sales, grants and net investment in agriculture, NOK 1000 per holding</i>	152
11	Nyanlegg, avskrivningar, sal, tilskot og nettoinvestering i skogbruk, anna næring og privat, 1000 kroner per bruk <i>Investments, depreciation, sales, grants and net investment in forestry, other occupations and private, NOK 1000 per holding</i>	154
12a	Eigedelar 31.12, 1000 kroner per bruk <i>Assets on 31 December, NOK 1000 per holding</i>	156
b	Gjeld og egenkapital 31.12, 1000 kroner per bruk <i>Debts and own capital on 31 December, NOK 1000 per holding</i>	158
13a	Variable kostnader, 1000 kroner per bruk <i>Variable costs, NOK 1000 per holding</i>	160
b	Faste kostnader og kostnader i alt, 1000 kroner per bruk <i>Fixed costs and total costs, NOK 1000 per holding</i>	162
14a	Inntekter frå planteproduksjon, 1000 kroner per bruk <i>Output from crop products, NOK 1000 per holding</i>	164
b	Inntekter frå husdyrproduksjon, eksklusive pristilskot, 1000 kroner per bruk <i>Output from livestock products, price support not included. NOK 1000 per holding</i>	166
c	Tilskot, andre inntekter og produksjonsinntekt i alt, 1000 kroner per bruk <i>Grants, other income and total output, NOK 1000 per holding</i>	168
15	Netto mekaniseringskostnad, 1000 kroner per bruk <i>Net costs of mechanisation, NOK 1000 per holding</i>	170

16	Driftsresultat i jordbruket, 1000 kroner per bruk <i>Operating results, agriculture, NOK 1000 per holding</i>	172
17	Drift og driftsresultat ved ulike driftsformer <i>Summary of accounts for different types of farming</i>	
a	Produksjon av kumjølke og storfeslakt <i>Combined dairy and beef farming</i>	178
b	Produksjon av kumjølke og svinekjøt <i>Combined dairy and pig farming</i>	194
c	Kumjølkeproduksjon og sauehald <i>Combined dairy and sheep farming</i>	198
d	Kornproduksjon <i>Cereal production</i>	202
e	Produksjon av korn og svinekjøt <i>Combined cereal production and pig farming</i>	208
f	Produksjon av kumjølke, storfeslakt og korn <i>Combined dairy, beef farming and cereal production</i>	212
g	Sauehald <i>Sheep farming</i>	214
h	Geitehald <i>Production of goat's milk</i>	222
i	Produksjon av storfeslakt <i>Beef farming</i>	224
18	Rekneskapssamandrag, 1000 kroner per familie <i>Summary of accounts, NOK 1000 per family</i>	228

SKOGBRUKSGRANSKINGANE. FARM FORESTRY STATISTICS:

19	Opplysningar om skogane og eigarane <i>Some characteristics of the forests and their owners</i>	230
20	Avverking og transport <i>Volume cut and logging</i>	231
21	Arbeidskraft <i>Labour input</i>	232
22	Produksjonsinntekt, kostnader og driftsoverskot <i>Output, costs and net income from forestry</i>	233
23	Driftsresultat <i>Operating result</i>	234
24	Driftsoverskot i jord- og skogbruk <i>Net farm income and net income from forestry</i>	235
25	Investeringar og finansiering <i>Investments and financing</i>	236
26	HOVUDTABELL FOR ALLE BRUK, 1954–2010 <i>General survey for all holdings, 1954–2010</i>	238

Samandrag

Kort om undersøkinga

Driftsgranskingane skal vise årlege resultat, og meir langsiktige utviklingslinjer, for økonomien i jordbruket. Undersøkinga er avgrensa til gardsbruk der inntekta frå jordbruket utgjer ein viktig del av den samla inntekta til brukarfamilien.

Driftsgranskingane byggjer på skatterekneskapar som er omarbeidde til driftsrekneskapar. Rekneskapane kjem frå gardsbruk som er spreidde rundt i heile landet. For rekneskapsåret 2010 tok 835 bruk del i driftsgranskingane i jordbruket. Av desse var 147 også med i dei spesielle driftsgranskingane i skogbruket. Dessutan leverte 37 samdrifter innan kumjølksproduksjon data til undersøkinga.

Driftsgranskingane omfattar gardsbruk med eit standard dekningsbidrag som minst svarer til 8 ESU (europeiske storleikseiningar). For 2010 gjekk den grensa ved om lag 76 900 kroner.

Økologisk jordbruk, samdrifter innan kumjølksproduksjon, jordbruksfrådraget og tilleggsnæringar til tradisjonelt landbruk er spesialfelt innafor driftsgranskingane. Desse emna blir behandla i eigne avsnitt i rapporten.

Resultat i jordbruket

Arbeidsinnsats, areal og talet på husdyr

Omfanget av arbeidsinnsatsen i jordbruket i 2010, rekna som gjennomsnitt for alle deltakarbruk, var 2 936 timar. Samanlikna med 2009 var det ein auke på 22 timar per bruk. Brukarfamiliane stod sjølve for 74 prosent av den registrerte arbeidsinnsatsen.

Gjennomsnittleg jordbruksareal i 2010 var 312 dekar per bruk. Sett i forhold til året før var jordbruksarealet til deltakarane i snitt blitt 6 dekar større. Omfanget av leigd jord aukar frå år til år og kom opp i 117 dekar per bruk i 2010.

Fjørfe er den typen dyr som auka prosentvis mest i tal på deltakarbruka frå 2009 til 2010. Det vart fleire av alle dei mest vanlege husdyra.

Eigedelar og investeringar

Verdien av eigedelane i jordbruket på deltakarbruka gjekk opp med 7 prosent i 2010, til kr 2 358 000 per bruk. Gjennomsnittleg bruttoinvestering var kr 234 300, og gjennomsnittleg nettoinvestering var kr 74 400.

Avlingar, husdyrproduksjon og prisar

I 2010 hadde gjennomsnittsavlinga på deltakarbruka ein fôrverdi som svarte til 346 FEm per dekar. Avlingsnivået var dermed 4 prosent lågare enn gjennomsnittet for perioden 2007–2009. Både bygg, havre og kveite gav høgare avlingar i 2010 enn i året før, som var eit svært dårleg kornår. Avlingsnivåa til havre og kveite låg høvesvis

3 prosent og 6 prosent over gjennomsnittet for dei tre førre åra. Tilsvarande nivå for bygg var 4 prosent *under* treårssnittet. Avlinga av grovfôr i 2010 var 6 prosent lågare enn gjennomsnittet av grovfôravlingane for dei tre åra før.

Avdråtten, rekna i kg produsert mjølk per årsdyr, steig for kyr og haldt seg tilnærma uendra for geiter frå 2009 til 2010. Samanlikna med gjennomsnittstal for perioden 2007–2009 låg mjølkeytinga per årsku 2 prosent høgare i 2010. For geit var auken 3 prosent. Produsert mengd saue- og lammekjøtt per vinterfôra sau låg i 2010 i underkant av gjennomsnittet for dei tre førre åra.

Blant dei vanlege produkta som deltakarane selde i 2010, hadde geitemjølkk, kumjølkk og smågrisar sterkast prisvekst frå året før. Prisane på ull gjekk mest ned, men også havre, kukjøtt og svinekjøtt hadde prisreduksjon i 2010.

Kostnader og inntekter

Deltakarane sin gjennomsnittlege totalkostnad i jordbruket var 7 prosent større i 2010 enn i 2009. Summen for 2010 var kr 992 300 per bruk.

Deltakarane oppnådde i gjennomsnitt 7 prosent auke i samla produksjonsinntekt i jordbruket. Produksjonsinntekta i 2010 var kr 1 300 400 per bruk. Planteproduksjon bidrog med 12 prosent og husdyrhald med 57 prosent av totalbeløpet. Resten (31 prosent) kom frå tilskot, bortleige av maskinar, sal av mjølkekvote med meir.

Sum utbetalt tilskot per deltakarbruk auka med 8 prosent frå 2009 til 2010.

Oppnådde resultat: Samla sett og for dei vanlegaste driftsformene

Driftsoverskotet per deltakarbruk i 2010 var 8 prosent høgare enn året før og utgjorde i gjennomsnitt kr 308 100.

I 2010 vart det i snitt oppnådd kr 227 400 i vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk på deltakarbruka. Beløpet var 8 prosent høgare enn i 2009. Vederlaget til *familiens* arbeid og eigenkapital per årsverk gjekk opp med 9 prosent frå 2009 til 2010. Resultatet i 2010 var kr 209 900. Brukarfamiliens arbeidsforteneste per årsverk gjekk opp med 8 prosent, til kr 188 900. Rentekravet for kapital som er bunden i jordbruket, er berekna med ein sats på 3 prosent for både 2009 og 2010.

For ni av dei driftsformene som er best representerte i driftsgranskingane, kan resultatata verte oppsummerte slik:

Produksjon av kumjølkk og storfeslakt

302 av deltakarbruka i 2010 hadde denne driftsforma. I snitt hadde bruka i gruppa 21,5 årskyr og eit jordbruksareal på 327 dekar. Vederlaget til arbeid og eigenkapital per årsverk var kr 231 100. Beløpet var 8 prosent høgare enn i 2009.

2010-rekneskappar for 37 samdrifter med kumjølkkproduksjon er analyserte som eit supplement til dei ordinære driftsgranskingane. Data frå desse samdriftene er ikkje med i sjølvne driftsgranskingsmaterialet. Vederlaget til arbeid og eigenkapital per årsverk i 2010 var i gjennomsnitt kr 284 400 for dei 33 samdriftene kor produksjon av kumjølkk og storfeslakt var «einerådande» som driftsform. Samanlikna med 2009 er beløpet auka med 1 prosent.

For 2010 er resultatata frå 29 økologiske mjølkebruk analyserte særskilt. På desse bruka blei det oppnådd eit vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk på kr 251 400. Beløpet er 11 prosent lågare enn tilsvarande resultat frå 2009.

Produksjon av kumjølkk og svinekjøtt

I denne gruppa var det 30 deltakarbruk, som i gjennomsnitt hadde 23,4 årskyr og 28,6 avlsgrisar i 2010. Jordbruksarealet per driftseining var 320 dekar. Vederlaget til arbeid og eigenkapital per årsverk låg 7 prosent høgare i 2010 enn i året før og var kr 303 500.

Produksjon av kumjølkk, storfeslakt og korn

15 bruk var med i gruppa i 2010. Jordbruksarealet var 620 dekar per bruk, og i gjennomsnitt hadde bruka 23,9 årskyr. Det vart nytta 349 dekar til korn. Vederlaget til arbeid og eigenkapital per årsverk gjekk opp med 13 prosent frå 2009 til 2010. Beløpet for 2010 var kr 255 900.

Kumjølkkproduksjon og sauehald

Denne driftsforma galdt for 48 deltakarbruk, som i snitt hadde 386 dekar jordbruksareal i 2010. Middels dyretal var 19,9 årskyr og 95 vinterföra sauer. Vederlaget til arbeid og eigenkapital per årsverk var kr 231 500. Beløpet steig med 3 prosent frå 2009 til 2010.

Kornproduksjon

95 bruk hørte til i denne gruppa. Middels storleik på jordbruksarealet var 364 dekar. Frå 2009 til 2010 gjekk avlingane av korn vesentleg opp, særleg for kveite og havre. Vederlaget til arbeid og eigenkapital per årsverk var kr 180 000 i 2010, etter å ha auka med heile 277 prosent frå året før.

Sauehald

For dei 97 deltakarbruka med sauehald var gjennomsnittleg jordbruksareal i 2010 214 dekar. Talet på vinterföra sauer per bruk var 140. Vederlaget til arbeid og eigenkapital per årsverk utgjorde kr 152 700, opp 5 prosent frå året før.

Geitehald

22 deltakarbruk hadde geitehald som driftsform. Av desse hørte 13 heime i Nord-Noreg. Middels jordbruksareal i gruppa var 150 dekar, og gjennomsnittsbruket hadde 100,9 årsgeiter i 2010. Vederlaget til arbeid og eigenkapital per årsverk gjekk opp med 5 prosent frå 2009, til kr 257 400.

Produksjon av korn og svinekjøtt

Denne gruppa hadde 37 bruk. Gjennomsnittleg jordbruksareal i 2010 var 389 dekar, og bruka hadde i middel 44,4 avlsgrisar. Arbeid og eigenkapital hadde eit vederlag per årsverk på kr 260 300. Vederlaget hadde dermed gått opp med 27 prosent frå året før.

Produksjon av storfekjøtt

Gruppa hadde 51 bruk. I gjennomsnitt var jordbruksarealet 317 dekar, og bruka omsette i middel 7 400 kg storfekjøtt. Vederlaget til arbeid og eigenkapital per årsverk var kr 147 900. Resultatet låg 6 prosent høgare enn i 2009.

Resultat i skogbruket

For dei 147 bruka som var med i dei spesielle granskingane for gardsskogbruket, var skogstorleiken i gjennomsnitt 1 400 daa i 2010. På desse eigedommane vart det avverka 95 prosent av balansekvantumet. Rekna per bruk vart det avverka 320 m³ i gjennomsnitt i 2010. Av virket som vart drive fram med traktor, vart 88 prosent drive fram med skogstraktor. Entreprenørar dreiv fram 86 prosent av tømmeret i 2010.

Familien la ned i gjennomsnitt 80 arbeidstimar i skogbruket i 2010, mot 70 timar i 2009. I gardsskogbruket er tendensen at stadig meir arbeid vert sett bort til entreprenørar, og at arbeidsinnsatsen til familien går ned. Arbeidsinnsatsen i jordbruket for desse familiane var rundt 2 000 timar i 2010.

For dei bruka som var med i granskingane i 2010, gjekk produksjonsinntekta i skogbruket opp meir enn 90 prosent samanlikna med 2009, til kr 121 000. Kostnadene steig med 51 prosent. Det gjennomsnittlege driftsoverskotet per skogeigedom gjekk opp med kr 36 000, til kr 54 000. Det er ei tredobling frå 2009 til 2010. Driftsoverskotet i skogbruket utgjorde 16 prosent av samla driftsoverskot frå jord- og skogbruk i 2010, mot berre 8 prosent i 2009.

Dersom ein set inn tariff-løn for arbeidsinnsatsen til brukarfamilien, og trekkjer verdien av dette arbeidet frå driftsoverskotet, vert gjennomsnittleg overskot i 2010 kr 41 000. Det er kr 34 000 meir enn i 2009.

Prisen på selt virke var kr 349 per m³ i 2010, mot kr 304 i 2009. Utrekna per m³ var all produksjonsinntekt til deltakarane i 2010 kr 378, medan kostnadene kom opp i kr 210. Dette gav eit driftsoverskot på kr 168 per m³. Tilsvarende tal for 2009 var kr 321, kr 229 og kr 92 per m³.

Investeringane i 2010 utgjorde 45 prosent av resultat før skogkultur, mot 114 prosent året før. Av investeringar i 2010 vart 70 prosent dekte av skogfond. Dette er 10 prosent meir enn i 2009. I gjennomsnitt stod det kr 37 000 inne på skogfondkontoen ved utgangen av 2010. Dette var om lag kr 3 300 meir enn året før.

Samla økonomisk resultat for brukarfamilien

Tilleggsnæringar

Tilleggsnæring er definert som næringsverksemd utanom tradisjonelt jord- og skogbruk, med basis i ressursane på bruket (til dømes areal, bygningar og maskinar). På 83 prosent av bruka som var med i driftsgranskingane for 2010, er det registrert tilleggsnæring, og på 59 prosent av bruka var omsetninga innan tilleggsnæringar større enn kr 20 000. I gjennomsnitt for alle deltakarbruk med tilleggsnæring i 2010 var driftsoverskotet frå tilleggsnæring kr 59 400.

Balanse

Verdien av alle eigedelane til den gjennomsnittlege brukarfamilien i driftsgranskingane auka med 8 prosent i løpet av 2010, til kr 4 456 800 ved slutten av året. Da var verdien fordelt med 74 prosent på anleggsmiddel og 26 prosent på omløpsmiddel¹. Ved utgangen av 2010 var 42 prosent av omløpsmidla bankinnskott og kontantar. Jordbruket sin del av totalkapitalen utgjorde 53 prosent.

¹ Sjå kapittel 1.8 for forklaring av omgrep.

Samla nettoinvestering utanom jordbruket i 2010 var kr 47 000 i gjennomsnitt for deltakarane. Av den summen gjekk kr 26 900 til private egedelar.

Total gjeld per deltakarbruk auka med 10 prosent frå slutten av 2009 til utgangen av 2010, da beløpet var kr 2 056 300. Eigenkapitalen auka i snitt med 6 prosent i løpet av året, til kr 2 400 400. Ved slutten av 2010 var gjeldsprosenten 46, det vil seie 1 prosentpoeng høgare enn ved førre årsskifte.

Nettoinntekt per familie

Nettoinntekta er den samla inntekta til familien, etter frådrag av betalte gjeldsrenter og kår. Deltakarfamiliane hadde kr 715 200 i gjennomsnittleg nettoinntekt i 2010. I forhold til året før var det ein auke på 9 prosent.

Jordbruk bidrog med 39 prosent av samla arbeidsvederlag og forrenting på deltakarbruka i 2010. Delen til lønsarbeid var 40 prosent medan tilleggsnæring, anna næring og skogbruk hadde delar på høvesvis 7 prosent, 5 prosent og 2 prosent.

Tilgang på og bruk av middel

Arbeidskapital er omløpsmiddel minus kortsiktig gjeld. I løpet av 2010 auka arbeidskapitalen med 12 prosent i snitt for alle deltakarbruk, til ein gjennomsnittsverdi på kr 779 700. Familiane i driftsgranskingane sparte i snitt kr 131 700 i 2010. Sparinga svarte til 6 prosent av verdien som eigenkapitalen hadde ved starten av året.

Skatt

Sidan år 2000 har skatt og frådrag i jordbruksinntekta (jordbruksfrådraget) vore ein del av inntektspolitikken i jordbruksforhandlingane. For skatteåret 2010 var maksimalt jordbruksfrådrag kr 142 000 per bruk. Størst mogleg skattereduksjon var 28 prosent av frådraget, altså kr 39 700. For å oppnå maksimal skattereduksjon måtte gardbrukaren ha ei næringsinntekt i jordbruket på minst kr 328 600. Deltakarane i driftsgranskingane i 2010 hadde i gjennomsnitt eit jordbruksfrådrag på kr 108 700 og ein maksimal skattereduksjon på kr 30 400. Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget i 2010 er rekna ut til kr 45 400 per deltakarbruk og kr 28 500 per årsverk. Beløpa er 3 prosent høgare enn for 2009. Skattereduksjonen påverkar ingen av dei resultatmåla for jordbruket som tradisjonelt har vore publiserte i driftsgranskingane. Men sidan rekneskapsåret 2007 har driftsgranskingane nytta eit supplerande driftsresultat: Skattejustert vederlag til arbeid og eigenkapital. Der er inntektsverknaden av jordbruksfrådraget teken omsyn til.

Samanlikning med andre yrkesgrupper

I 2010 utgjorde vederlaget til arbeid og eigenkapital per årsverk på deltakarbruka i driftsgranskingane 60 prosent av ei gjennomsnittleg årsløn for industriarbeidarar i NHO-bedrifter. Tilsvarende del for det skattejusterte vederlaget til arbeid og eigenkapital per årsverk var 68 prosent.

1 Formål, utval og metode

1.1 Formål

Hovudformålet med driftsgranskingane er å vise årlege resultat og meir langsiktige utviklingslinjer for økonomien på gardsbruk der inntekter frå jordbruket har eit vesentleg omfang.

Driftsgranskingane har desse delmåla:

- Presentere økonomiske data for jordbruksbedrifter av ulik storleik, med ulike driftsformer og med forskjellig geografisk plassering
- Gi grunnlag for samanlikning med annan nasjonal og internasjonal statistikk
- Legge grunnlag for vidare forskning og utgreiing
- Gi grunnlag for rådgiving og undervisning
- Gi innspel til offentleg politikk og forvaltning
- Dokumentere den samfunnsøkonomiske verdiskapinga som skjer i landbruk og tilknytte næringar

Sidan 1950 har talet på deltakarbruk i driftsgranskingane halde seg rundt 1 000, dei siste ti åra noko i underkant. Ved val av bruk er det lagt vekt på at driftsgranskingane skal vere representative for den delen av landbruket der ein viktig del av inntekta til brukarfamilien kjem frå sjølve bruket. For 2010 hadde driftsgranskingane 835 deltakarbruk. Dessutan leverte 37 samdrifter innan kumjølksproduksjon data til undersøkinga. Talmaterialet deira vert behandla separat, og resultatata frå samdriftene går ikkje inn i sjølve driftsgranskingsmaterialet.

Frå og med 1964 har nokre av bruka også vore med i spesielle skogbruksgranskingar. Talet på bruk i skogbruksgranskingane for 2010 var 147.

Økologisk jordbruk, samdrifter innan kumjølksproduksjon, jordbruksfrådraget og tilleggsnæringar til tradisjonelt landbruk er spesialfelt innafor driftsgranskingane. Desse emna vert omtalte i egne avsnitt i rapporten.

1.2 Prinsipp og metode for utval

Uttaket av nye bruk er basert på lister over brukarar som vert tilfeldig trekte frå Statens landbruksforvaltning sitt register over direkte tilskot. Utvalet vert gjort etter standard dekningsbidrag. Uttrekte brukarar skal ha eit standard dekningsbidrag som minst svarer til 8 ESU (europeiske storleikseiningar), eller om lag 76 900 kroner (2010). Det er produksjonsomfanget, og ikkje det økonomiske resultatet på det enkelte bruket, som er kriterium for utvalet. Sjå meir om standard dekningsbidrag i kapittel 1.8.

Deltaking i driftsgranskingane er frivillig. Det er inga avgrensing på kor lenge eit bruk kan vere med, men brukaren skal ikkje vere eldre enn 70 år. Rundt 10 prosent av deltakarbruka vert skifta ut årleg.

Deltakarar i skogbruksgranskingane må ha skog med eit balansekvantum på minst 50 m³.

1.3 Presentasjon av resultat


Om det er fem eller færre bruk i ei gruppe, vert ikkje gruppegjennomsnittet gitt opp. Bruka i denne gruppa tel likevel med i dei totale gjennomsnittresultata.

1.4 Inndelingskriterium

1.4.1 Inndelingskriterium i jordbruksdelen

Regionar

Inndelinga i regionar går fram av figur 1.1. Austlandet og Trøndelag er delte i underområda «flatbygder» og «andre bygder», medan Jæren er skild ut frå Agder og Rogaland som eit eige underområde. Årsaka er at flatbygdene og Jæren har vesentleg betre grunnlag for jordbruksproduksjon enn resten av dei respektive regionane.



Figur 1.1 Regioninndeling som vert nytta i driftsgranskingane i jordbruket

Regional classification of agricultural account statistics

Storleiksgrupper

Deltakarbruka vert delte inn i grupper etter storleiken på jordbruksarealet, slik som vist i tabell 1.1. Gruppa «under 50 dekar» er utelaten i nokre tabellar, fordi talet på bruk i gruppa er lågt og fordi bruka er svært lite einsarta.

Tabell 1.1 Deltakarbruka delte på regionar og storleiksgrupper

Survey holdings classified by regions and by farm size

Region <i>Region</i>	Austlandet <i>Eastern Norway</i>		Agder og Rogaland		Vestlandet <i>Western Norway</i>	Trøndelag		Nord-Noreg <i>Northern Norway</i>	Alle bruk <i>All holdings</i>
Storleiks- gruppe, dekar <i>Farm size, decares</i>	Flat- bygder <i>Lowlands</i>	Andre bygder <i>Other parts</i>	Jæren	Andre bygder <i>Other parts</i>		Flat- bygder <i>Lowlands</i>	Andre bygder <i>Other parts</i>		
0–50	3	1	3	4	9				20
50–100	7	7	2	2	24	1		5	48
100–200	30	43	10	27	54	11	10	18	203
200–300	39	34	15	15	35	20	15	34	207
300–500	57	31	13	19	34	29	27	30	240
> 500	45	16	6	13	7	7	7	16	117
Alle <i>All</i>	181	132	49	80	163	68	59	103	835

Driftsformer

Bruka vert delte på driftsformer ut frå arealbruk og husdyrhald. Produksjonsgreiner som utgjer mindre enn 10 prosent av total produksjon på bruket, kjem ikkje til uttrykk i driftsformkoden. Dersom meir enn 40 prosent av jordbruksarealet vert brukt til kornproduksjon på eit bruk som også har husdyrdrift, vert driftsforma kombinert korn/husdyr. Av dei 835 bruka som var med i driftsgranskingane for 2010, er 697 klassifiserte i ei av dei ni driftsformene som er med i hovudtabell 17. Resten av bruka hadde anten meir enn to hovudproduksjonar eller ei driftsform som var mindre vanleg. Tabellane 1.2 og 1.3 gir oversikt over korleis deltakarbruka er fordelte.

Tabell 1.2 Deltakarbruka delte på regionar og driftsformer

Survey holdings classified by regions and by types of farming

Region <i>Region</i>	Austlandet <i>Eastern Norway</i>		Agder og Rogaland		Vestlandet <i>Western Norway</i>	Trøndelag		Nord-Noreg <i>Northern Norway</i>	Alle bruk <i>All holdings</i>
Driftsform <i>Type of farming</i>	Flat-bygder <i>Lowlands</i>	Andre bygder <i>Other parts</i>	Jæren	Andre bygder <i>Other parts</i>		Flat-bygder <i>Lowlands</i>	Andre bygder <i>Other parts</i>		
Kumjolk og storfeslakt <i>Dairy and beef farming</i>	28	46	16	29	61	24	39	59	302
Kumjolk og svin <i>Dairy and pig farming</i>		1	10	2	12	1		4	30
Kumjolk og sau <i>Dairy and sheep farming</i>		7	7	11	22			1	48
Korn <i>Cereal production</i>	63	15				17			95
Korn og svin <i>Cereal prod. and pig farming</i>	23	3				10	1		37
Kumjolk, storfeslakt og korn <i>Dairy, beef and cereal prod.</i>	8	4				3			15
Sau <i>Sheep</i>	1	27	2	9	25	3	11	19	97
Geit <i>Goat's milk</i>		5			4			13	22
Storfeslakt <i>Beef farming</i>	8	9		8	7	8	6	5	51
Andre <i>Others</i>	50	15	14	21	32	2	2	2	138
Alle <i>All holdings</i>	181	132	49	80	163	68	59	103	835

Tabell 1.3 Deltakarbruka delte på storleiksgrupper og driftsformer

Survey holdings classified by farm size and by types of farming

Storleiksgruppe, dekar <i>Farm size, decares</i>	0-50	50-100	100-200	200-300	300-500	> 500	Alle bruk <i>All holdings</i>
Driftsform <i>Type of farming</i>							
Kumjolk og storfeslakt <i>Dairy and beef farming</i>		5	66	90	101	40	302
Kumjolk og svin <i>Dairy and pig farming</i>			8	10	8	4	30
Kumjolk og sau <i>Dairy and sheep farming</i>		2	5	8	22	11	48
Korn <i>Cereal production</i>		3	24	20	29	19	95
Korn og svin <i>Cereal prod. and pig farming</i>			8	9	11	9	37
Kumjolk, storfeslakt og korn <i>Dairy, beef and cereal prod.</i>				2	6	7	15
Sau <i>Sheep</i>	1	10	35	30	19	2	97
Geit <i>Goat's milk</i>	1	4	11	5	1		22
Storfeslakt <i>Beef farming</i>		1	13	13	17	7	51
Andre <i>Others</i>	18	23	33	20	26	18	138
Alle <i>All holdings</i>	20	48	203	207	240	117	835

1.4.2 Inndelingskriterium i skogbruksdelen

Regionar

Alle skogeigedommane i utvalet ligg i barskogområda. Det er brukt følgjande inndeling i regionar: Austlandet, Agder og Midt-Noreg. Regionen Midt-Noreg er samansett av Trøndelagsfylka, Helgeland i Nordland fylke og Møre og Romsdal fylke nord for Romsdalsfjorden. Inndelinga er altså noko annleis i skogbruksdelen enn i jordbruksdelen, sjå figur 1.2.



Figur 1.2 Regioninndeling som vert nytta i skogbruksgranskingane
Regional classification used in forestry account statistics

Avverkingsskvantum

Bruka er grupperte etter avverking for sal. Bruk utan avverking, eller med avverking berre til eige bruk på garden og til familien, vert samla i ei eiga gruppe. Det totale avverka kvantumet på bruket i året vert nytta som inndelingskriterium for bruk som har hatt avverking til sal. Dette er gjort for å vise korleis det økonomiske resultatet avheng av produsert mengd. Følgjande storleiksgrupper er nytta for samla avverking:

$< 100 \text{ m}^3$
 $100\text{--}199 \text{ m}^3$
 $200\text{--}399 \text{ m}^3$
 $\geq 400 \text{ m}^3$

1.5 Representativitet

Drøftinga av representativitet er avgrensa til å gjelde jordbruksdelen av driftsgranskingane. For skogbruksdelen gjer det låge deltakartalet, i tillegg til at vi manglar oppdatert nasjonalt samanlikningsgrunnlag, at ei slik drøfting er mindre aktuell.

I tabell 1.4 er deltakarbruka samanlikna på storleik med «alle» bruk i landet, slik desse siste blir presenterte i Statistisk sentralbyrå (SSB) sin jordbruksstatistikk. Jordbruksstatistikken til SSB omfattar alle bruk, ikkje berre dei med yrkesmessig drift. Dermed er ikkje samanlikningsgrunnlaget «skreddarsydd» for driftsgranskingane. Likevel gir tabell 1.4 eit signal om at i driftsgranskingane er dei minste bruka underrepresenterte og dei store bruka overrepresenterte. I driftsgranskingane har det vore avgjerande å byggje opp store nok grupper av deltakarbruk innafor dei viktigaste driftsformene. Derfor har omsynet til representativitet innafor bruksstorleik til ein viss grad vore nøydd til å vike. Det vert lagt vekt på å oppretthalde omtrent uforandra deltakartal innafor kvart enkelt fylke frå år til år. Over tid vil ein likevel justere talet på deltakarbruk i kvart fylke, i tråd med endring av faktisk tal bruk i fylka og endra totalt utval.

Tabell 1.4 Fordeling på storleiksgrupper. Deltakarbruk kontra alle bruk i landet. Prosent

Distribution of farm size. Survey sample versus all holdings involved in national agricultural statistics. Per cent

Arealgrupper, dekar per bruk <i>Farm size, decares per holding</i>	Driftsgranskingane <i>Survey of account statistics</i>		SSB sin jordbruksstatistikk ² <i>National agricultural statistics (Statistics Norway)</i>	
	1999	2010	1999	2010
5–50	2	2	20	13
50–100	12	6	24	17
100–200	42	24	32	29
200–500	40	54	22	33
> 500	4	14	2	8

² Kjelder: Jordbruksteljing 1999 og Landbruksundersøkelsen 2010. Den siste inkluderer samdrifter og jordbruksbedrifter under 5 dekar.

1.6 Prinsipp for rekneskapsoppgjeret

For kvart deltakarbruk omarbeider NILF skatterekneskapen til ein driftsrekneskap. Nedanfor følgjer ei oversikt over dei viktigaste særtrekka ved driftsrekneskapen, sett i høve til ein skatterekneskap.

- I driftsrekneskapen vert *ubetalt arbeid* som er utført av kårfolk eller andre nære slektningar utanom familien, registrert med timetal og rekna som leigd arbeid. Berre dei faktisk betalte lønsutgiftene vert førte som kostnad under leigd arbeid.
- I driftsrekneskapen er det eit klarare skilje mellom *jordbruk, skogbruk, andre typar næringsverksemd* og *privat* enn det som er i skatterekneskapen. Dette fører til at enkelte inntekts- og kostnadspostar i skatterekneskapen heilt eller delvis kan verte overførte, til dømes frå jordbruk til skogbruk, i driftsrekneskapen.
- Utgifter og inntekter i samband med både hovudbygning og kårbygning vert i driftsrekneskapen rekna for å høve til privat sektor.
- Driftsrekneskapen deler produksjonsinntekta i jordbruket i tre hovudgrupper: Inntekter frå planteproduksjon, inntekter frå husdyrproduksjon og ei samlegruppe med tilskot og andre inntekter. I skogbruket vert denne inndelinga nytta: Virkesinntekter, driftstilskot og andre inntekter. I både jordbruks- og skogbruksdelen er kostnadene grupperte i faste og variable kostnader.
- Dei enkelte inntekts- og kostnadspostane i driftsrekneskapen er korrigererte for endringar i balanseverdier.
- Buskapen vert, som hovudprinsipp, verdsett etter slakteverdi i driftsrekneskapen. I skatterekneskapen er buskap verdsett etter variable tilverkingkostnader.
- Det vert nytta lineære avskrivningar i driftsrekneskapen, medan skatterekneskapen opererer med saldoavskrivningar.
- Vinst og tap ved avhending av anleggsmiddel vert skrivne ned eller avskrivne i driftsrekneskapen. Skatterekneskapen nyttar vinst- og tapskonto.
- Lager av sjølvproduserte varer for sal vert i driftsrekneskapen verdsett til den verdien ein meiner varene har for sal på tidspunktet for verdsetjing. I skatterekneskapen vert variable kostnader ved tilverking nytta.
- I driftsrekneskapen vert det sett inn vederlag for familiens arbeid på nyanlegg. Dette vederlaget vert ført i balansen ut frå tarifføløn og lagt saman med resten av anleggskostnadene. Samtidig blir vederlaget skilt ut frå jordbruks- og skogbruksdrifta som ein eigen inntektspost.
- Driftsrekneskapen har med data for tilgang på og innsats av ulike ressursar. For jordbruket vert jordbruksareal, arealdisponering, arbeidsinnsats og oppnådde avlingar registrerte. For skogbruket vert balansekvantum, samt enkelte tekniske data ved drifta, registrerte.
- I skatterekneskapen vert resultatet for skogbruket fastsett som eit gjennomsnittresultat for dei fem siste åra. I driftsrekneskapen vert det faktiske resultatet frå det enkelte rekneskapsåret brukt.
- Skogfond vert i driftsrekneskapen behandla som fondsavsetningar. Det vil seie at trekte beløp ikkje vert utgiftsførte i trekkåret, og at beløp som vert betalte tilbake, ikkje vert inntektsførte i utbetalingsåret.
- Anlegg av skogsvegar vert utgiftsført direkte i skatterekneskapen, men vert ført i balansen i driftsrekneskapen.

1.7 Resultatmål og resultatrekning

I driftsgranskningane nyttar ein fleire resultatmål. Samanhengen mellom produksjonsinntekter, kostnader og andre registreringar går fram av den følgjande oppstillinga.

1.7.1 Resultatrekning for jordbruket

	Produksjonsinntekt
-	Variable kostnader
=	Dekningsbidrag
-	Faste kostnader eksklusive avskrivningar
=	Resultat før avskrivningar
-	Avskrivningar
=	Driftsoverskot

Driftsoverskotet er den godtgjersla familien får for eige arbeid og for eigen og lånt kapital. Fordelinga av driftsoverskotet på arbeidsvederlag og forrenting av kapital vert gjort på fleire måtar:

- 1) Driftsoverskot
 - Rentekrav på kapital bunden i jordbruket
 - = Familiens arbeidsforteneste
 - + Kostnader til leigd arbeid
 - = **Lønsevne**

- 2) Driftsoverskot
 - Innsett verdi av familiens arbeid
 - = **Forrenting**

- 3) Driftsoverskot
 - + Kostnader til leigd arbeid
 - Jordbruket sin del av gjeldsrenter og kår
 - = **Vederlag til arbeid og egenkapital**

- 4) Vederlag til arbeid og egenkapital
 - + Inntektsverknad av jordbruksfrådrag
 - = **Skattejustert vederlag til arbeid og egenkapital**

- 5) Driftsoverskot
 - Jordbruket sin del av gjeldsrenter og kår
 - = **Vederlag til familiens arbeid og egenkapital**

Familiens arbeidsforteneste, vederlag til arbeid og egenkapital (også det skattejusterte vederlaget) og vederlag til familiens arbeid og egenkapital vert ofte rekna ut per årsverk á 1 845 registrerte timar. Arbeidstimar som er utførte av ubetalt leigd hjelp, vert da slegne saman med familiens arbeidstimar. Lønsevna vert oftast rekna per arbeidstime.

I kapittel 1.8 er det gjort greie for detaljar ved utrekning av det skattejusterte vederlaget til arbeid og egenkapital.

Rentekravet for 2010 er sett til 3 prosent av verdien på eigedelar i jordbruket. Tilsvarande prosentsatsar for 2009, 2008, 2007, 2006, 2005, 2004 og 2003 var i same rekkjefølgje 3, 6, 5, 4, 3, 4 og 5. Satsen for rentekrav vert fastsett på grunnlag av rentenivået i marknaden.

1.7.2 Resultatmål for den samla inntekta til brukarfamilien

Nettoinntekt vert nytta som eit uttrykk for den samla inntekta til brukarfamilien. Ein reknar ut nettoinntekta på følgjande måte:

	Driftsoverskot jordbruk
+	Driftsoverskot skogbruk
+	Driftsoverskot tilleggsnæring
+	Driftsoverskot andre næringar
+	Løsinntekt og pensjonar
+	Familiens arbeid på nyanlegg (innsett verdi)
+	Renteinntekter
=	Samla arbeidsvederlag og forrenting
-	Renteutgifter
-	Kår
=	Nettoinntekt

Det private forbruket til brukarfamilien vert rekna ut frå nettoinntekta:

	Nettoinntekt
-	Verdiregulering debet (tap på krav, gitt forskot på arv, gitte gåver etc.)
+	Verdiregulering kredit (barnetrygd, motteken arv, mottekne gåver etc.)
-	Sum egenkapital i utgåande balanse (UB)
+	Sum egenkapital i inngåande balanse (IB)
-	Betalte skattar
=	Privatforbruk

1.7.3 Resultatmål for skogbruket

Resultatmåla i skogbruksdelen er bygde opp annleis enn i jordbruksdelen. Det er utrekna lønsemd både *før* og *etter* skogkulturtiltak.

Det vert ikkje teke omsyn til endringar i den ståande trekapitalen ved resultatmålinga i skogbruket.

- Produksjonsinntekter
- Kostnader eksklusive skogkultur
- = Resultat før skogkultur
- Skogkultur (netto)
- = **Driftsoverskot**

Eit kalkulert vederlag for arbeidsinnsatsen til familien vert sett inn. Dette blir gjort for å kunne samanlikne avverkingsteknadene med tilsvarande tal frå annan skogstatistikk.

- Bruttoinntekt ved avverking
- Variable kostnader inklusive verdi av eige arbeid
- = **Rånetto**
- + Andre inntekter
- = Resultat før avskrivning
- Avskrivningar
- = Driftsresultat før skogkultur
- Skogkultur (netto) inklusive verdi av eige arbeid
- = **Driftsresultat**
- +/- Skogfond
- = Driftsresultat etter skogfond

1.7.4 Variasjon i resultata innan enkelte driftsformer i jordbruket

Bak gjennomsnittresultata kan det skjule seg store variasjonar frå bruk til bruk. Spreiinga i talmaterialet innan driftsformene «produksjon av kumjølkk og storfe-slakt», «kornproduksjon» og «sauehald» vert drøfta i kapittel 2.3. Drøftinga baserer seg på presentasjon av middelverdiar for den «beste» og «svakaste» tredelen av bruka i gruppa. Kva variabel ein grupperer etter, er avhengig av driftsform.

1.7.5 Samdrifter

Resultat frå eit utval av samdrifter innan kumjølkkproduksjon vert presenterte under omtalen av driftsforma «produksjon av kumjølkk og storfeslakt» i kapittel 2.3.1.

1.7.6 Økologisk jordbruk

I regjeringserklæringa frå oktober 2005 var det eit mål at 15 prosent av norsk matproduksjon og matforbruk skulle vere økologisk i 2015. I ei seinare erklæring frå oktober 2009 har regjeringa forlenga fristen for å nå dette målet til år 2020.

Debio er kontrollinstans for økologisk produksjon i Noreg. I slutten av 2010 hadde om lag 2 800 norske gardsbruk drift som var godkjend som økologisk. Til samanlikning var det, ifølgje Statens landbruksforvaltning, i overkant av 45 700 gardbrukarar som søkte om produksjonstilskot ved søknadsomgangen 31. juli 2010.

Dei økologiske areala utgjorde snautt 5 prosent av totalt norsk jordbruksareal i 2010. Tek ein med areal i karen, kjem ein opp i 6 prosent. Dei økologiske husdyra utgjør førebels ein liten del av alle husdyr i Noreg.

Av dei 835 bruka som var med i driftsgranskingane i jordbruket for 2010, vart 785 drivne konvensjonelt medan 50 hadde økologisk drift. Det var 27 kumjølkkprodusentar, seks deltakarar med sauehald, fem deltakarar med korndyrking og fire med ammekyr blant dei 50 økologiske produsentane. Dei resterande åtte brukarane hadde ulike andre driftsformer. På grunn av spinkelt datagrunnlag vert det i denne rapporten ikkje presentert detaljerte data for andre økologiske driftsformer enn kumjølkkproduksjon. Økologisk kumjølkkproduksjon er omtalt i kapittel 2.3.1.

1.8 Definisjonar og forklaring av omgrep

Anleggsmiddel er eigedelar som er meinte til varig eige eller bruk, det vil seie alle eigedelar med unnatak av omløpsmiddel. Anleggsmidla har ei funksjonstid i føretaket på over eitt år. Eksempel på anleggsmiddel er jord- og skogbruksareal, driftsbygningar, maskinar og produksjonsdyr.

Anna næring: Næringsverksemd som vert driven av ein gardbrukar, men som ikkje involverer ressursane på gardsbruket. Sjå elles «tilleggsnæring».

Arbeid: Både ubetalt og betalt leigd arbeid, og arbeidet til familien, vert registrert i timar etter medgått arbeidstid. For personar som er yngre enn 18 år, eller eldre enn 65 år, vert arbeidstimane rekna om til fullverdige timar etter følgjande reduksjonstabell:

Alder	Multiplikasjonsfaktor
12–14 år	0,6
15–16 år	0,8
17 år	0,9
66–70 år	0,9
over 70 år	0,7

Når kårfolk og barn over 17 år i familien har arbeidd i jord- eller skogbruket, vert arbeidstimane deira førte under leigd hjelp. Det vert rekna ut eit særskilt vederlag for familien sitt eige arbeid på nyanlegg. Dette vert ført i balansen.

All arbeidsinnsats i dei ulike yrkesgreinene vert registrert, anten ved noteringar ein gong i veka, eller i form av ei meir summarisk årleg rapportering.

Arbeidskapital er omløpsmiddel minus kortsiktig gjeld. Arbeidskapitalen er eit uttrykk for den likvide situasjonen til familien.

Avlingar vert registrerte som lagringsdyktig mengd. For korn vil det seie kg med 15 prosent vassinnhald. Andre registreringar omfattar kg innhausta rotvekstar og poteter, kg innkjørt høy og m³ ferdig surfôrmasse. Beiteoptak og fôring med ferskt gras vert talfesta som FEm. Alle avlingar vert rekna om til FEm per dekar.

Avskrivningar er planmessig fordeling av verdinedgang for eigedelane over venta levetid. Verdinedgangen skuldast slitasje, elde og teknisk utvikling.

I skatterekneskapen vert dei fleste avskrivbare eigedelane avskrivne etter saldo-prinsippet, altså med ein viss prosent av den bokførte verdien til eigedelen. Dette prinsippet fører til at dei årlege avskrivningane minkar etter kvart som eigedelane vert eldre. Dei avskrivbare eigedelane er delte i ulike avskrivingsgrupper. Bygningar og

anlegg vert avskrivne individuelt, medan inventar, reiskapar og maskinar vert avskrivne kollektivt.

I driftsrekneskapen vert det nytta lineære avskrivningar, slik at den nominelle verdinedgangen vert like stor kvart år i avskrivingsperioden. Dei avskrivbare anleggsmidla vert avskrivne individuelt, og avskrivningstida vert fastsett ut frå sannsynleg brukstid eller kor lenge anleggsmidla vil vare. Brukt utstyr vert dermed avskrive over kortare tid enn nytt utstyr.

Avskrivningssatsane for ulike eigedelar, i både skatterekneskap og driftsrekneskap, finst i tabell 1.5.

Avverkjingsprosenten for skogen er totalt avverkjingskvantum i året i prosent av balansekvantumet.

Balansen er ei oppstilling av eigedelane til brukarfamilien, gjelda og eigenkapitalen per 31.12.

Tabell 1.5 Balanseføring og avskrivningar i skatterekneskap og driftsrekneskap

Capitalization and depreciation in tax accounts and management accounts

Eigedelar <i>Assets</i>	Skatterekneskap <i>Tax accounts</i>	Driftsrekneskap <i>Management accounts</i>
Jord- og skogbruksareal	Balanseført utan avskrivning	Balanseført utan avskrivning
Jordbruksvegar	Balanseført utan avskrivning	Balanseført utan avskrivning
Skogsvegar, varige	Ført til utgift direkte	Balanseført utan avskrivning
Driftsvegar i skogen, enkle	Ført til utgift direkte	Avskrivningstid maks. 10 år
Nydyrking	Ført til utgift direkte	Balanseført utan avskrivning
Planering	Kostnadsfordelt over 10 år	Balanseført utan avskrivning
Frukttre	Balanseført utan avskrivning	Avskrivningstid 20 år
Grøfter, lukka	Ført til utgift direkte	Avskrivningstid 20 år
Grøfter, opne	Balanseført utan avskrivning	Balanseført utan avskrivning
Vatningsanlegg, flyttbart	Kollektiv avskrivning, maks. 20 %	Avskrivningstid 15 år
Vatningsanlegg, fast inkl. pumpe	Individuell avskrivning, maks. 8 %	Avskrivningstid 20 år
Vassleidning fram til bygning	Individuell avskrivning, maks. 4 %	Avskrivningstid 20 år
Driftsbygningar:		
Forventa brukstid > 20 år	Individuell avskrivning, maks. 4 %	Avskrivningstid 30 år
Forventa brukstid < 20 år (pelsdyrgardar, enkle veksthus)	Individuell avskrivning, maks. 8 %	Avskrivningstid 15 år
Innreiingar i driftsbygningar	Kollektiv avskrivning, maks. 20 %	Avskrivningstid 15 år
Maskinar	Kollektiv avskrivning, maks. 20 %	Avskrivningstid 15 år
Vare- og lastebilar	Kollektiv avskrivning, maks. 20 %	Avskrivningstid 15 år
Buskap	Variable oppdrettskostnader, omløpsmiddel	Balanseført etter slakteverdi
Varelager, salsavling	Variabel tilverkjingsverdi	Salsverdi
Varelager, innkjøpt	Innkjøpspris	Innkjøpspris
Varelager, grovfôr	Variabel tilverkjingsverdi	Fôrverdi
Våningshus og kårhus	Balanseført utan avskrivning	Avskrivningstid 50 år
Privat bil	Varierende sats avhengig av bilens alder	Avskrivningstid 15 år

Balanseføring, grenser: Varige eigedelar vert førte i balansen om kostprisen er minst kr 15 000. Beløpsgrensa er den same som i skatterekneskapen. Maskinar og reiskapar som vert lite brukte, kan det vere aktuelt å balanseføre sjølv om kostprisen er lågare enn kr 15 000.

I skatterekneskapen vert berre ei mogeleg standardheving ved større reparasjons- og vedlikehaldsarbeid ført i balansen. I driftsrekneskapen kan ein stor del av slikt arbeid verte balanseført, og anten verte skriven av ordinært eller verte kostnadsfordelt over ein kortare periode.

Balanseskvantumet for skogen er det høgast mogelege kvantum, målt i m³ utan bork, som kan takast ut kvart år, utan at avverkingskvantumet i framtida vert mindre. Det er føresett ein definert investeringsinnsats i primærproduksjonen.

Bruk er ei driftseining i landbruket. Driftseininga kan vere samansett av eigd og/eller leigd areal.

Brukaren er den som administrerer driftseininga. Han eller ho vil som oftast vere eigar av heile eller delar av den faste eigedommen, og er vanlegvis den som har flest arbeidstimar på bruket.

Brukarfamilien: Sjå *familien*.

Buskap: I skatterekneskapen er heile buskapen klassifisert som omløpsmiddel og verdsett etter standardiserte einingsprisar for variable oppdrettskostnader (tilverkningsverdiar). I driftsrekneskapen vert buskapen verdsett, som hovudregel, til slakteverdi. Her er det unnatak for verpehøns, smågrisar og hestar. Oksar, smågrisar, slaktegrisar og fjørfe til slakt vert klassifiserte som omløpsmiddel, medan resten av buskapen vert rekna som anleggsmiddel (produksjonsdyr). Både i skatterekneskapen og i driftsrekneskapen vert vaksne dyr ståande i balansen med den verdien dei ein gong er gitt som vaksne.

Dekningsbidrag er produksjonsinntekter minus variable kostnader.

Driftsoverskot er produksjonsinntekter minus kostnader. Driftsoverskotet er den godtgjeringa familien får for innsatsen av eige arbeid og for eigen og lånt kapital.

Eigenkapital (EK) er sum egedelar minus gjeld.

Egedelar: Sjå stikkorda *anleggsmiddel* og *omløpsmiddel*.

Familien er brukar og eventuell ektefelle, sambuar eller partnar, og deira barn under 17 år.

Familiens arbeidsforteneste (vert rekna berre for jordbruket) er driftsoverskot fråtrekt kalkulert rente på egedelane i jordbruket. Dette resultatmålet viser kva familien har igjen som godtgjerung for eigen arbeidsinnsats. Ved utrekning av familiens arbeidsforteneste *per årsverk* vert arbeidstimar som er utførte av ubetalt leigd hjelp, slegne saman med familien sine eigne arbeidstimar. Gjennomsnittet av inngåande og utgåande balanse vert brukt som uttrykk for verdien av jordbruksegedelane.

Familiens arbeidsvederlag er eit kalkulert vederlag for arbeidsinnsatsen til familien. Dei registrerte arbeidstimane til familien er utgangspunkt. Ein reknar ut kva det ville ha kosta å leige arbeidskraft i like mange timar, til tariff løn. Tariff løna inkluderer feriepengar og betaling for rørlege heilag dagar. Arbeidsgivaravgifta, som er regionalt differensiert, vert også medteken. Derfor vil arbeidsvederlaget per time variere mellom ulike område.

Faste kostnader er kostnader som i ein gitt periode ikkje endrar seg vesentleg med omfanget av produksjonen. Eksempel på faste kostnader er avskrivningar og vedlikehald av driftsbygningar.

Fråsal: Salsinntekter frå balanseførte anleggsmiddel vert behandla ulikt i skatterekneskapen og driftsrekneskapen. I skatterekneskapen vert vinst eller tap ved sal av ikkje avskrivbare driftsmiddel eller anleggsmiddel med individuell avskrivning, periodisert over vinst- og tapskontoen. Ved sal av anleggsmiddel som vert avskrivne som gruppe, er det ikkje mogeleg å fastsetje vinst eller tap. Heile salssummen vert derfor skriven ned i vedkomande saldogruppe. I driftsrekneskapen vert vinst ved sal brukt til nedskrivning, medan tap ved sal vert avskrive. Ved fråsal av jord eller skog skal den bokførte verdien av det selte arealet skrivast ned til null i driftsrekneskapen. Overskytande verdi vert ført som verdiregulering.

Gjeldsprosenten er gjelda til familien i prosent av totalkapitalen. Gjeldsprosenten viser kor stor del av egedelane som er finansiert med framand kapital.

Inngåande balanse (IB) er balanse ved starten av rekneskapsåret.

Inntekter frå plante- og husdyrproduksjon er verdien av varer og tenester som er produserte i løpet av året. Desse inntektene omfattar både sal og eige forbruk av produkta, i tillegg til lagerendringar.

Investeringsfrekvensen (vert rekna ut berre for skogbruket) viser kor stor prosentdel av skogeigedommane som det har vorte investert i gjennom året.

Jordbruksareal: Arealet av kvar enkelt vekst vert registrert i dekar. Areal med natureng og overflatedyrka beite vert redusert for uproduktivt areal, slik at ein kjem fram til eit produktivt nettoareal. Del av fellesbeite vert rekna som del av bruket. Jordbruksarealet omfattar både eige og leigd areal. Det vert registrert kor stort det leigde arealet er.

Kortsiktig gjeld er gjeld som normalt fell til betaling innan eitt år frå rekneskapsavslutting, eller som er direkte knytt til den kortsiktige omsetninga av varer og tenester i verksemda.

Kostnader er verdien av varer og tenester som er sette inn i produksjonen i rekneskapsperioden.

Langsiktig gjeld er gjeld som normalt fell til betaling eitt år eller meir etter rekneskapsavslutting, og som ikkje er knytt til den kortsiktige omsetninga av varer og tenester i verksemda.

Lønsevne vert rekna berre for jordbruket og fortel kor mykje jordbruket kan betale for samla arbeidsinnsats når all kapital er godtgjort. Lønsevna vert gitt opp i kroner per bruk eller kroner per time.

Lønsevneprosenten fortel korleis den reelle godtgjersla for utført arbeid i jordbruket står i forhold til den godtgjersla som måtte ha vorte utbetalt om brukarfamilien skulle ha vore løna etter tariff.

Nettoinntekt er samla driftsoverskot frå all næringsverksemd, med tillegg av lønsinntekter, pensjonar, kalkulert vederlag for familiens arbeidsinnsats på nyanlegg og renteinntekter. Rente- og kårutgifter er trekte frå.

Nettoinvestering er nyanlegg minus avskrivningar, fråsal og investeringstilskot.

Netto mekaniseringskostnad omfattar alle kostnader ved maskininnsatsen (traktor, skurtreskar, yrkesbil, andre maskinar og reiskapar), medrekna rente på bokført verdi, men fråtrekt inntekter frå utleige av maskinar:

	Avskrivningar og vedlikehald
+	Drivstoffkostnader
+	Leigeutgifter til maskinar og reiskapar
+	Rentekrav
=	Brutto mekaniseringskostnad
-	Leigeinntekter av maskinar og reiskapar
=	Netto mekaniseringskostnad

Omløpsmiddel er eigedelar som ikkje er skaffa for varig eige eller bruk. Dei har anten ei funksjonstid på under eitt år i føretaket, eller dei er knytte til den kortsiktige omsetninga av varer og tenester. Eksempel på omløpsmiddel er bankinnskot, kontantar, andre krav, slaktedyr og varelager.

Produksjonsinntekt er summen av inntekter frå jordbruket. Produksjonsinntekta kan delast i tre: Inntekter frå planteproduksjon, inntekter frå husdyrproduksjon og ei samlegruppe med tilskot, leigeinntekter med meir.

Produktivt skogbruksareal: Som produktivt skogbruksareal vert rekna all mark som har ei produksjonsevne som minst svarer til produksjonskravet i lågaste klasse på ein bonitetskala.

Rentekrav er kalkulert rente av gjennomsnittleg verdi gjennom året for eigedelane i jordbruket.

Rotverdi eller rotnetto uttrykkjer differansen mellom tømmerprisen og dei driftskostnadene som er knytte til å få tømmeret fram til bilveg.

Rånetto (skogbruk) er bruttoinntekt med frådrag av driftsavhengige kostnader eksklusive skogkultur. Dei driftsavhengige kostnadene omfattar alt arbeid (eige og leigd), leige og vedlikehald av utstyr, drivstoff, salskostnader med meir. Avskrivningar på eige utstyr vert ikkje tekne med i dei driftsavhengige kostnadene.

Samdrift er eit føretak der driftsbygningar, jord, mjølkekvoter, arbeidskraft og andre ressursar på to eller fleire gardsbruk er organiserte i ei eining. I driftsgranskingane vert nemninga nytta berre for einingar der det er ein viss grad av likeverd mellom partnarane.

Skattejustert vederlag til arbeid og eigenkapital: Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget er rekna ut. Vi tek utgangspunkt i at skatten vert redusert med 28 prosent av frådraget. Ein reknar 33 prosent marginalsatt. Inntektsverknaden vert dermed 41,79 prosent av jordbruksfrådraget. Justeringsbeløpet som vi kjem fram til på denne måten, vert lagt til vederlaget til arbeid og eigenkapital, og da får vi fram det skattejusterte vederlaget. Det er skattejustert vederlag til arbeid og eigenkapital *rekna per årsverk* som vert brukt i driftsgranskingane.

Sparing er auke i eigenkapitalen i løpet av året.

Standard dekningsbidrag (SDB) er normerte tal for kva som skal vere igjen når inntektene frå plante- og husdyrproduksjon har fått fråtrekk for variable kostnader. Samla SDB på bruket er summen av standard dekningsbidrag frå alle jordbruksproduksjonane. SDB vert nytta i fleire europeiske land. I EU sin rekneskapsstatistikk har SDB vore utvalskriterium og grunnlag for inndeling i driftsformer. Minstegrense i EU-statistikken har vore 8 ESU (European Size Unit). 1 ESU er lik 1 200 Euro, eller kr 9 500 (år 2010).

Tilleggsnæring er næringsverksemd som vert driven i tillegg til jord- og skogbruk, og der ressursane på garden (til dømes areal, bygningar og maskinar) vert nytta.

Utgåande balanse (UB) er balansen ved utgangen av rekneskapsåret.

Variable kostnader er kostnader som i ein gitt periode endrar seg med omfanget av produksjonen, slik som til dømes såfrø, gjødsel og innkjøpt fôr. Drivstoff vert rekna som ein fast kostnad.

Vederlag til arbeid og eigenkapital (vert rekna berre for jordbruket) er driftsoverskot pluss kostnader til leigd arbeid, minus jordbruket sin del av utgifter til renter og kår. Jordbruket sin del av utgifter til renter og kår vert sett lik den prosentdelen som verdien av egedelane i jordbruket utgjør av totalverdien for alle egedelar.

Vederlag til familiens arbeid og eigenkapital (vert rekna berre for jordbruket) omfattar driftsoverskotet minus jordbruket sin del av utgifter til renter og kår.

Verdsetjing: I både drifts- og skatterekneskapan vert anleggsmidla verdsette til historisk kostpris, med frådrag for mottekne offentlege tilskot. Om familien har lagt ned arbeid i samband med nyanlegg, vert verdien av dette arbeidet lagt til kostprisen i driftsrekneskapan. I skatterekneskapan vert anleggsmiddel i skogbruket skrivne ned med eventuelt utbetalt skogfond. Det vert ikkje gjort i driftsrekneskapan. Prinsippa for, og storleiken på, dei årlege avskrivningane er ulike i dei to rekneskapsotypane (sjå stikkorda *avskrivningar* og *fråsal*). Lager av kjøpte varer vert førte opp i balansen til innkjøpspris, med tillegg av fraktkostnader. På det punktet er drifts- og skatterekneskapan like. I skatterekneskapan vert eigenproduserte varer på lager verdsette til tilvergingsverdien. For jordbruksprodukt vert det nytta standardiserte einingsprisar, medan det for skogbruksprodukt vert nytta faktiske tilvergingsverdier. I driftsrekneskapan vert verdien av salsprodukt sett lik venta salsverdi per 31. desember i rekneskapsåret. Heimeavla fôr vert verdsett ut frå prisen på bygg ved utgangen av rekneskapsåret. Kvart grovfôrslag vert verdsett etter fôrkonsentrasjon, til ein fôreiningsverdi som er 80 prosent av byggprisen (for halm 50 prosent). Verdsetjing av slaktedyr er omtalt under stikkordet *buskap*.

Årsverk: Eitt årsverk var i 2010 definert som 1 845 registrerte timar.

2 Jordbruk. Resultat frå 2010 og utviklingstrekk gjennom 10 år

2.1 Innleiing

Driftsgranskingane i jordbruket for 2010 byggjer på resultat frå 835 enkeltbruk. I tillegg inneheld undersøkinga data frå 37 samdrifter innan kumjølkkproduksjon. I kapittel 1 er det forklart korleis deltakarbruka er valde ut, og korleis dei er delte inn i grupper etter kor dei hører heime geografisk, etter driftsform og etter storleiken på jordbruksarealet.

Omgrep som til dømes «alle bruk i landet sett under eitt» og «bruka i flatbygdene på Austlandet» vert brukte utan at ein i kvart tilfelle presiserer at det berre er snakk om deltakarbruka i driftsgranskingane. I staden peiker vi på denne avgrensinga nå.

Når endringar frå eitt år til eit anna blir kalla «størst» eller «minst», er det snakk om *prosentvis* endring.

Drøftingane av rekneskapsresultata for året 2010 går for ein stor del ut på samanlikning med tilsvarende tal frå 2009. I nokre tilfelle vert fleire år trekte inn i samanlikninga. Figurar er nytta for å få fram utviklinga gjennom 10 år for driftsresultat, egedelar og gjeld. Alle tiårsfigurane i kapittel 2 viser verdiar som er omrekna til kroneverdien i 2010. Omrekninga er gjort ved å bruke konsumprisindeksen.

2.2 Innsatsfaktorar og oppnådde resultat

2.2.1 Arbeidsforbruk

Arbeidsforbruket går fram av hovudtabell 7. I middel for alle deltakarbruk vart det lagt ned 2 936 arbeidstimar i jordbruket i 2010. Dette er 22 timar fleire enn kva som var registrert for år 2009. Som vanleg vart det notert størst arbeidsinnsats på bruka på Jæren, kor gjennomsnittet var 3 588 arbeidstimar. I motsett ende av skalaen finn vi bruka i flatbygdene på Austlandet. Der var det i 2010 ein gjennomsnittleg arbeidsinnsats på 2 431 timar per bruk.

Leigd betalt arbeid i jordbruket i 2010 utgjorde 606 timar per bruk på landsbasis. I tillegg vart det utført 160 timar ubetalt leigd arbeid per bruk, i hovudsak av kårfolk og andre nære familiemedlemmer. I alt 26 prosent av arbeidsinnsatsen vart utført av leigd (betalt og ubetalt) arbeidskraft. Mellom bruksgruppene i ulike regionar varierte delen av leigd arbeid i 2010 frå 31 prosent i flatbygdene på Austlandet til 21 prosent i «andre bygder» på Austlandet.

I 2001 var gjennomsnittleg arbeidsforbruk på deltakarbruka 2 932 timar. I åra etterpå, fram til og med 2005, var tal arbeidstimar jamt minkande. Seinare har utviklinga i hovudsak gått i motsett retning. Nivået for arbeidsinnsatsen i 2010 ligg så å seie likt med nivået frå 10 år tidlegare.

2.2.2 Areal

Hovudtabellane 1 og 2 fortel kor stort jordbruksareal som var i drift på deltakarbruka i 2010, og korleis dette arealet fordelte seg på ulike vekstar. Jordbruksarealet per driftseining auka med 6 dekar frå 2009 og kom opp i 312 dekar. I løpet av det siste tiåret har jordbruksarealet per deltakarbruk blitt 73 dekar større.

Mesteparten av arealauken frå 2009 til 2010 er knytt til eige areal, men leigejorda er også vorten større. I gjennomsnitt for alle bruk utgjorde leigd jord 117 dekar i 2010. Gjennomsnittleg jordbruksareal per driftseining har auka i alle andre regionar enn på Jæren.

90 prosent av jordbruksarealet på driftsgranskingsbruka i 2010 var fulldyrka jord. Arealfordelinga mellom dei viktigaste vekstane endrar seg lite frå år til år. I 2010 la korn og oljevekstar til saman beslag på 29 prosent av jordbruksarealet på deltakarbruka. Grovfôr blei dyrka på 68 prosent av det samla jordbruksarealet.

2.2.3 Eigedelar og investeringar

Data om eigedelar og investeringar finst i hovudtabellane 9 og 10, og dessutan i tabellane 2.1 og 2.2.

Ved utgangen av 2010 hadde den gjennomsnittlege deltakarfamilien bokført eigedelar i jordbruket til ein samla verdi av kr 2 358 000. Summen var 7 prosent høgare enn ved førre årsskifte.

Tabell 2.1 Nyanlegg, avskrivningar, sal, tilskot og nettoinvesteringar. Kroner per bruk. Regionar. Prosentvis fordeling

Investment, depreciation, sales, grant and net investment, NOK per holding. Regions. Percental composition

Regionar <i>Regions</i>	Austlandet <i>Eastern Norway</i>		Agder og Rogaland		Vest- landet <i>Western Norway</i>	Trøndelag		Nord-Noreg <i>Northern Norway</i>
	Flatbygder <i>Lowlands</i>	A. bygder <i>Other parts</i>	Jæren	A. bygder <i>Other parts</i>		Flatbygder <i>Lowlands</i>	A. bygder <i>Other parts</i>	
Nyanlegg i alt, kr <i>Total investments, NOK</i>	262 900	244 600	252 300	243 700	229 400	125 100	289 700	203 100
Maskinar og reiskapar, % <i>Machinery, equipment, %</i>	35	47	22	45	42	52	40	56
Driftsbygningar, % <i>Outbuildings, %</i>	54	48	63	38	52	42	48	36
Jord, mjølkekvote etc., % <i>Farmlands, milk quota etc., %</i>	11	5	15	17	6	6	12	8
Avskrivningar i alt, kr <i>Total depreciation, NOK</i>	133 400	95 000	150 900	126 600	103 500	114 900	109 000	112 500
Maskinar og reiskapar, % <i>Machinery, equipment, %</i>	44	48	27	42	42	41	45	46
Driftsbygningar, % <i>Outbuildings, %</i>	54	51	71	56	55	58	54	53
Jord, mjølkekvote etc., % <i>Farmlands, milk quota etc., %</i>	2	1	3	2	2	1	1	1
Sal og tilskot i alt, kr <i>Total sales and grants, NOK</i>	45 800	47 000	36 300	56 000	35 400	22 100	57 400	50 200
Maskinar og reiskapar, % <i>Machinery, equipment, %</i>	53	60	23	53	54	77	57	70
Driftsbygningar, % <i>Outbuildings, %</i>	44	36	77	45	35	20	43	24
Jord, mjølkekvote etc., % <i>Farmlands, milk quota etc., %</i>	3	4	0	2	11	3	0	6
Nettoinvestering 2010, kr <i>Net investment 2010, NOK</i>	83 600	102 500	65 100	61 000	90 500	- 11 900	123 400	40 500
Nettoinvestering 2009, kr <i>Net investment 2009, NOK</i>	140 200	133 600	271 500	144 000	97 000	- 17 600	156 500	215 500

I 2010 var nettoinvesteringa på deltakarbruka positiv i sju av dei åtte regionane. Berre for flatbygdene i Trøndelag er det registrert negativ verdi. «Andre bygder» i Trøndelag hadde størst nettoinvestering per deltakarbruk.

Tabell 2.2 stadfestar langt på veg ein samanheng som er velkjend frå før i driftsgranskingane: Jo større jordbruksareal, jo større nettoinvestering. I 2010 fall likevel gruppa «50–100 daa» utanfor det mønsteret. Alle storleiksgruppene hadde positiv nettoinvestering i 2010.

Nettoinvesteringa på det gjennomsnittlege driftsgranskingsbruket låg 46 prosent lågare i 2010 enn i 2009. 43 prosent av nettoinvesteringa i 2010 galdt driftsbygningar. Tilsvarande del for maskinar og reiskapar var 31 prosent. For «jord, mjølkekvote etc.» var delen 26 prosent.

Tabell 2.2 Nyanlegg, avskrivningar, sal, tilskot og nettoinvesteringar. Kroner per bruk
Grupper etter storleik. Prosentvis fordeling

Investment, depreciation, sales, subsidies and net investment, NOK per holding. Farm size.
Percental composition

Storleiksgrupper, dekar <i>Farm size, decares</i>	50–100	100–200	200–300	300–500	> 500	Alle bruk <i>All holdings</i> 2010	Alle bruk <i>All holdings</i> 2009
Nyanlegg i alt, kr <i>Total investments, NOK</i>	167 600	110 100	190 500	286 800	425 500	234 300	290 200
Maskinar og reiskapar, % <i>Machinery, equipment, %</i>	23	48	40	40	49	42	35
Driftsbygningar, % <i>Outbuildings, %</i>	67	47	49	52	37	48	55
Jord, mjølkevote etc., % <i>Farmlands, milk quota etc., %</i>	10	5	11	8	14	10	10
Avskrivningar i alt, kr <i>Total depreciation, NOK</i>	56 700	74 200	100 200	133 300	201 900	116 100	106 800
Maskinar og reiskapar, % <i>Machinery, equipment, %</i>	43	44	45	42	44	43	44
Driftsbygningar, % <i>Outbuildings, %</i>	50	54	54	56	54	55	54
Jord, mjølkevote etc., % <i>Farmlands, milk quota etc., %</i>	7	2	1	2	2	2	2
Sal og tilskot i alt, kr <i>Total sales and grants, NOK</i>	26 100	18 800	37 900	46 600	84 600	43 800	46 200
Maskinar og reiskapar, % <i>Machinery, equipment, %</i>	2	76	67	59	57	57	52
Driftsbygningar, % <i>Outbuildings, %</i>	74	21	30	35	41	39	41
Jord, mjølkevote etc., % <i>Farmlands, milk quota etc., %</i>	24	3	3	6	2	4	7
Nettoinvestering 2010, kr <i>Net investment 2010, NOK</i>	84 800	17 100	52 400	106 900	139 000	74 400	
Nettoinvestering 2009, kr <i>Net investment 2009, NOK</i>	- 6 300	58 800	69 400	194 700	333 400		137 200

2.2.4 Avlingar

Avlingsmengdene for ulike vekstar går fram av hovudtabellane 3 og 4. Gjennomsnittleg avling på deltakarbruka i 2010 hadde ein fôrverdi som svarte til 346 FEm per dekar. Resultatet ligg 4 prosent under gjennomsnittet for dei tre førre åra.

I 2010 vart det hausta i gjennomsnitt 395 kg bygg, 424 kg havre og 466 kg kveite per dekar. Alle dei tre kornslaga gav større avlingar i 2010 enn i året før. Sett i forhold til gjennomsnittstal for perioden 2007–2009 er 2010-avlingane av havre og kveite høvesvis 3 prosent og 6 prosent høgare. Derimot ligg 2010-avlinga av bygg 4 prosent *under* gjennomsnittsnivået for dei tre førre åra.

Middels potetavling i 2010 var 2 432 kg per dekar. Resultatet ligg 7 prosent over gjennomsnittsavlinga for dei tre førre åra.

I gjennomsnitt for alle deltakarbruk gav grovfôr 322 FEm per dekar i 2010. Det nivået er 6 prosent lågare enn gjennomsnittsavlinga for dei tre åra før.

Deltakarbruka på Jæren oppnår kvart år flest FEm per dekar grovfôrareal, medan bruka i Nord-Noreg har lågast grovfôravling per arealeining. Klima og naturgitte

forhold er avgjerande for dette mønsteret. På Jæren blei det teke 438 FEm grovfôr per dekar i 2010. Dei nordnorske deltakarane oppnådde 227 FEm grovfôr per dekar.

2.2.5 Husdyrproduksjon

Gjennomsnittstal frå husdyrhaldet på deltakarbruka er framstilte i hovudtabell 5. Totalt dyretal av kvart slag er delt på alle deltakarbruk. Den same tabellen viser også korleis dyretalet per bruk varierer mellom regionane og mellom dei bruksgruppene som er inndelte etter arealstorleik. Målet med denne presentasjonen er å seie noko om kor viktige dei ulike dyreslaga er. Under er nokre av opplysningane frå hovudtabell 5 stilte opp og samanlikna med data frå fjoråret.

DYRETAL FORDELT PÅ ALLE DELTAKARBRUK

	2009	2010
Kyr	12,5	12,7
Andre storfe	21,6	22,3
Avlsgrisar	3,5	3,8
Andre grisar eldre enn to månader	16,8	17,9
Sauer	27,8	28,5
Geiter	3,5	3,8
Fjørfe	214	238

Fjørfe er den typen dyr som auka prosentvis mest i tal frå 2009 til 2010. Alle dei nemnde dyreslaga har hatt auke.

I hovudtabell 6 finst oversikt over både omsette mengder og avdrått for nokre husdyrprodukt. Tabell 2.3 inneheld berre avdråttstal.

Frå 2009 til 2010 gjekk mjølkeavdrått per årsku opp, for ellefte året på rad. 2010-resultatet ligg 2 prosent høgare enn middelavdrått for 2007–2009. Tabell 2.3 fortel at mjølkeytinga per årsku har ein klar tendens til å auke med storleiken på jordbruksarealet på bruket.

Ytinga til mjølkegeitene haldt seg tilnærma uendra frå 2009 til 2010. Ytinga per dyr i 2010 ligg 3 prosent høgare enn gjennomsnittsytinga for åra 2007–2009. Etter at dei nordnorske deltakarbruka gjennom fleire år har hatt høgare mjølkeyting per årsgreit enn kva som er registrert i andre regionar, var det geitene hos deltakarane på Vestlandet som ytte mest mjølk per dyr i 2010.

Produsert mengd av saue- og lammekjøtt, rekna per vinterfôra sau, låg i 2010 i underkant av snittet for dei tre førre åra.

Tabell 2.3 Avdrått per dyr

Livestock yield per unit

Regionar og storleiksgrupper		Mjolk per årsku, kg		Kjot per v.f.s., kg	Mjolk per årsgeit, kg
<i>Regions and farm size</i>		<i>Milk per cow, kg</i>		<i>Meat per sheep, kg</i>	<i>Milk per goat, kg</i>
		2010	2009	2010	2010
Austlandet	<i>Eastern Norway</i>				
Flatbygder	<i>Lowlands</i>	7 523	7 457	16	
Andre bygder	<i>Other parts</i>	6 971	6 762	32	718
Agder og Rogaland					
Jæren	<i>Jæren</i>	7 262	7 496	25	
Andre bygder	<i>Other parts</i>	6 892	6 841	28	
Vestlandet	<i>Western Norway</i>	7 184	7 077	26	736
Trøndelag					
Flatbygder	<i>Lowlands</i>	7 210	7 155	26	
Andre bygder	<i>Other parts</i>	7 482	7 032	29	
Nord-Noreg	<i>Northern Norway</i>	7 290	7 323	26	734
50-100 dekar	<i>50-100 decares</i>	5 895	6 146	27	732
100-200 dekar	<i>100-200 decares</i>	6 985	6 904	27	716
200-300 dekar	<i>200-300 decares</i>	7 074	7 000	26	761
300-500 dekar	<i>300-500 decares</i>	7 262	7 209	29	743
> 500 dekar	<i>> 500 decares</i>	7 457	7 306	28	
Alle bruk 2010	<i>All holdings 2010</i>	7 221		27	731
Alle bruk 2009	<i>All holdings 2009</i>		7 131	28	735

2.2.6 Oppnådde produktprisar

Prisar til produsent finst i hovudtabell 8 og i tabellane 2.4 og 2.5.

Prisane på geitemjolk, kumjolk og smågrisar har gått mest opp (prosentvis) frå 2009 til 2010. Utslaget er størst for geitemjolk, med 11 prosent auke.

Prisen på ull har gått mest ned. Reduksjonen er på 5 prosent. Elles er det prisane på havre, kukjot og svinekjot som har blitt lågare i 2010.

Dei prisvariasjonane som finst mellom regionar, er det naturleg å tru at er knytte til dei lokale omsetningsledda og til kvalitetsskilnader ved produkta. I 2010, som i åra før, låg prisane på kjot jamt over lågare i Nord-Noreg enn i andre regionar. På den andre sida oppnådde dei nordnorske deltakarane høgast smågrispris i 2010. Potetprisane låg klart høgare på Vestlandet og i Nord-Noreg enn elles i landet. Her er det snakk om små totalkvanta, slik at det gjer stort utslag når noko av salet skjer direkte til forbrukaren.

Prisen på kumjolk i 2010 er registrert med høgast verdi i flatbygdene på Austlandet. Jæren følgjer rett bak. På Vestlandet vart det oppnådd lågare pris på geitemjolk enn kva som var tilfelle på Austlandet og i Nord-Noreg.

Tabell 2.5 gir ikkje grunnlag for å peike på nokon generell samanheng mellom bruksstorleik og oppnådde prisar. At prisane på poteter og egg var mykje høgare i gruppa «50–100 daa» enn hos dei andre, skuldast at direktesal til forbrukarar har gitt størst utslag i den «minste» arealgruppa. Prisane på kjot frå storfe har vore høgast på bruk med stort areal. Kveiteprisen som blei oppnådd på bruka med 50–100 daa jordbruksareal, var låg, samanlikna med prisen på kveite elles.

Tabell 2.4 Oppnådde priser, eksklusive tilskot. Kroner per kg. Regionar

Prices at farm gate. NOK per kg. Regions

Regionar Regions	Austlandet Eastern Norway		Agder og Rogaland		Vestlandet Western Norway	Trøndelag		Nord- Noreg Northern Norway
	Flatbygder Lowlands	A. bygder Other p.	Jæren Jæren	A. bygder Other p.		Flatbygder Lowlands	A. bygder Other p.	
Bygg <i>Barley</i>	2,06	2,02	1,89	1,91	2,01	2,07	2,14	1,54
Havre <i>Oats</i>	1,91	1,81		1,89		1,73		
Kveite <i>Wheat</i>	2,22	2,21				2,31		
Poteter <i>Potatoes</i>	2,03	2,45	1,91	3,41	7,17	1,66	3,51	7,01
Kumjolk, per l <i>Cow's milk, per l</i>	4,61	4,39	4,56	4,40	4,31	4,47	4,30	4,33
Kukjot <i>Cow's meat</i>	35,55	35,71	35,43	36,06	34,95	35,49	34,39	33,72
Anna storfekjot <i>Beef</i>	44,53	43,15	42,58	42,80	41,51	43,78	42,55	39,18
Smågris, per stk. <i>Piglets, per unit</i>	912	886	940	896	816	828	915	1 069
Svinekjot <i>Pork</i>	22,98	23,81	23,47	23,75	23,55	23,76	23,55	21,31
Saue- og lammekjot <i>Mutton and lamb</i>	39,56	38,74	39,79	40,15	38,68	39,25	38,67	36,16
Ull <i>Wool</i>	26,94	28,65	30,54	27,50	26,41	25,12	29,11	27,41
Geitemjolk, per l <i>Goat's milk, per l</i>		5,61			5,27			5,47
Egg <i>Eggs</i>	14,00	14,62	12,46	12,76	13,87			12,00

Tabell 2.5 Oppnådde priser, eksklusive tilskot. Kroner per kg. Storleiksgrupper

Prices at farm gate. NOK per kg. Farm size

Storleiksgrupper, dekar Farm size, decares	50-100	100-200	200-300	300-500	> 500	Alle bruk All holdings	Endringar frå 2009 Changes from 2009
Bygg <i>Barley</i>	1,97	1,98	2,05	2,01	2,10	2,05	+ 0,02
Havre <i>Oats</i>		1,89	1,87	1,88	1,89	1,89	- 0,02
Kveite <i>Wheat</i>	1,96	2,22	2,25	2,22	2,21	2,22	+ 0,05
Poteter <i>Potatoes</i>	4,25	2,78	2,54	1,93	2,32	2,42	+ 0,13
Kumjolk, per l <i>Cow's milk, per l</i>	4,52	4,32	4,40	4,40	4,44	4,40	+ 0,32
Kukjot <i>Cow's meat</i>	34,43	34,44	34,57	35,47	35,36	35,10	- 0,27
Anna storfekjot <i>Beef</i>	41,04	41,43	41,36	42,59	43,48	42,46	+ 0,67
Smågris, per stk. <i>Piglets, per unit</i>	825	893	896	951	873	909	+ 62
Svinekjot <i>Pork</i>	22,99	23,19	23,34	23,41	23,06	23,28	- 0,11
Saue- og lammekjot <i>Mutton and lamb</i>	38,23	37,36	38,39	39,98	38,07	38,65	+ 0,97
Ull <i>Wool</i>	28,05	26,58	27,58	29,42	26,07	27,80	- 1,34
Geitemjolk, per l <i>Goat's milk, per l</i>	5,59	5,43	5,29	5,92		5,46	+ 0,53
Egg <i>Eggs</i>	24,17	13,91	14,04	13,67	14,09	13,89	+ 0,33

2.2.7 Kostnader

Hovudtabell 13 gir eit detaljert bilete av jordbrukskostnadene på deltakarbruka. Dei variable kostnadene er presenterte i hovudtabell 13a, dei faste i 13b. Netto mekaniseringskostnad er med i hovudtabell 15.

Totalkostnaden i jordbruket i 2010 var i gjennomsnitt kr 992 300 per deltakarbruk. Beløpet var 7 prosent større enn i 2009. Kostnadsauken frå 2009 til 2010 har vore størst i Nord-Noreg og minst i flatbygdene på Austlandet. Blant storleiksgruppene hadde bruk med 50–100 dekar den største kostnadsveksten og bruk med meir enn 500 daa den minste.

Faste kostnader utgjorde 53 prosent av totalkostnaden på gjennomsnittsbruket i 2010. Altså var 47 prosent av totalen variable kostnader. Delen til dei variable kostnadene var 2 prosentpoeng lågare enn året før. Kraftfôr og anna innkjøpt fôr stod for 58 prosent av variable kostnader.

Faste kostnader har tre dominerande postar: Avskrivningar, vedlikehald og leigd arbeid. I 2010 var dei respektive delane til desse postane 12 prosent, 10 prosent og 10 prosent av totalkostnaden.

Netto mekaniseringskostnad³ i 2010 var kr 174 300 i gjennomsnitt for alle deltakarbruka. Sett i forhold til året før var det ein oppgang på 8 prosent.

2.2.8 Inntekter

Jordbruksinntektene går fram av hovudtabell 14. I gjennomsnitt oppnådde deltakarane ei samla produksjonsinntekt på kr 1 300 400 i 2010. Samanlikna med 2009 var beløpet 7 prosent høgare. Planteproduksjon (utan tilskot) bidrog med 12 prosent av inntekta, og husdyrhald (heller ikkje her er tilskot inkludert) stod for 57 prosent. Det betyr at 31 prosent av total produksjonsinntekt stamma frå tilskot, bortleige av maskinar, sal av mjølkekvote med meir.

Oppstillinga nedanfor fortel korleis inntekta frå utvalde kjelder endra seg frå 2009 til 2010 på gjennomsnittsbruket i driftsgranskingane:

Korn og oljefrø	+10 %
Poteter, grønsaker, frukt og bær	+15 %
Planteprodukt i alt	+ 8 %
Storfe: Mjølke	+ 7 %
Storfe: Livdyr og slakt	+ 2 %
Svin	+ 9%
Sau	+ 4%
Geit	+21 %
Fjørfe	+ 5 %
Husdyr i alt	+ 7 %
Tilskot	+ 8 %

Alle dei nemnde kjeldene har gitt større inntekt i 2010 enn i 2009. Auken har vore størst for geit. Kategorien «poteter, grønsaker, frukt og bær» har også hatt ein markert auke.

³ Sjå kapittel 1.8 for nærare forklaring.

Tabell 2.6 gir oversikt over dei ulike typane tilskot som deltakarane har motteke. Beløpa auka frå 2009 til 2010 for alle spesifiserte tilskotstypar. Samleomgrepet «andre tilskot» utgjorde ein mindre sum i 2010 enn i året før.

Tabell 2.6 Tilskot. 1000 kroner per bruk

Support. NOK 1000 per holding

Regionar. Storleiksgrupper <i>Regions. Farm size</i>	Arealtilskot <i>Acreage support</i>			Kulturland- skaps- tilskot <i>Cultural landscape support</i>	Tilskot til husdyr <i>Livestock support</i>	Pristilskot <i>Deficiency payment</i>	Refusjon av avløysar- Utgifter <i>Repayment, hired labour cost</i>	Andre tilskot <i>Other support</i>	Sum tilskot ⁴ <i>Total</i>
	Korn <i>Cereals</i>	Grovfôr <i>Fodder crops</i>	Sals- avling <i>Crops for sale</i>						
Austlandet <i>Eastern Norway</i>									
Flatbygder <i>Lowlands</i>	35,5	6,8	2,3	73,9	43,1	30,2	30,7	10,5	254,1
Andre bygder <i>Other parts</i>	13,1	30,6	0,2	52,3	80,1	96,6	49,5	26,6	366,9
Agder og Rogaland									
Jæren <i>Jæren</i>	2,7	2,7	0,3	45,9	120,0	71,3	55,3	33,5	338,1
Andre bygder <i>Other parts</i>	2,1	35,2	2,7	48,5	102,5	102,4	56,0	28,4	386,0
Vestlandet <i>Western Norway</i>	0,7	32,7	4,7	38,0	86,5	130,1	49,5	31,0	379,9
Trøndelag									
Flatbygder <i>Lowlands</i>	43,7	13,5	0,1	60,3	73,4	62,9	43,1	14,8	328,9
Andre bygder <i>Other parts</i>	4,9	41,3		58,4	106,0	123,0	62,2	31,1	443,4
Nord-Noreg <i>Northern Norway</i>	0,7	54,4	0,7	57,9	98,3	251,9	61,6	59,2	592,4
50 – 100 dekar <i>50 -100 decares</i>	1,2	9,3	12,0	13,9	33,7	86,9	18,8	18,1	195,6
100 – 200 dekar <i>100 -200 decares</i>	5,8	21,3	0,8	29,0	62,2	82,1	38,8	21,6	268,2
200 – 300 dekar <i>200 -300 decares</i>	8,7	29,0	0,5	44,6	81,7	99,5	52,4	25,4	352,2
300 – 500 dekar <i>300 -500 decares</i>	15,8	32,7	0,8	65,6	98,1	123,2	57,4	32,2	442,3
> 500 dekar <i>>500 decares</i>	42,9	33,0	1,7	123,0	110,1	138,0	55,3	37,2	572,5
Alle bruk 2010 <i>All holdings 2010</i>	14,2	27,0	1,8	55,2	81,3	106,1	48,2	27,9	375,1
Alle bruk 2009 <i>All holdings 2009</i>	13,4	26,7	1,6	54,7	77,0	95,5	46,7	32,7	348,3

2.2.9 Oppnådde driftsresultat

Dei økonomiske resultatane som vart oppnådde i 2010, er viste i hovudtabell 16. Nokre data derifrå er med i tabellane 2.7–2.10. Tabell 2.9 presenterer *skattejustert vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk*. Det særskilte inntektsfrådraget som gjeld for jordbruket, heretter kalla jordbruksfrådraget, er ein inntektspolitisk reiskap som har vore nytta sidan inntektsåret 2000. Inntektseffekten av jordbruksfrådraget har frå og med rekneskapsåret 2007 vore trekt inn i driftsgranskingane som supplement til dei resultatane for lønsemd som tradisjonelt har vore presenterte. Skatt i jordbruket er elles behandla som eit eige tema i kapittel 4. Der, og i kapittel 1.8, er det forklart korleis det skattejusterte vederlaget til arbeid og eigenkapital per årsverk er rekna ut. Vi viser elles til kapitla 1.7 og 1.8 når det gjeld klargjering av kva dei ulike resultatmåla fortel og korleis samanhengen mellom dei er.

Driftsoverskotet per bruk gjekk opp med 8 prosent frå 2009 til 2010 for gjennomsnittsbruket i driftsgranskingane. Vederlaget til arbeid og eigenkapital per årsverk gjekk også opp med 8 prosent. Ein auke på 9 prosent er registrert for vederlaget til *familiens arbeid og eigenkapital per årsverk*.

⁴ Botnfrådrag vert trekt frå før sum tilskot vert rekna ut.

Familiens arbeidsforteneste per årsverk har auka med 8 prosent. Satsen for det kalkulerte rentekravet på innsett jordbrukskapital er halden på 3 prosent både i 2009 og i 2010.

I driftsgranskingane er det særleg vederlaget til arbeid og eigenkapital per årsverk som vert nytta for å måle lønsemd. Lønsemda for det gjennomsnittlege driftsgranskingsbruket gjekk altså opp i 2010. Likevel var utviklinga negativ i to av åtte regionar. Det galdt flatbygdene i Trøndelag, og Jæren. Låge kornavlingar i Trøndelag i 2010, og auka kostnader på Jæren trass i redusert produksjonsvolum der, kan forklare nedgangen i lønsemd. Flatbygdene på Austlandet hadde størst auke i lønsemd. Ei viktig årsak til det siste er at korndyrking er ei vanleg driftsform blant deltakarane i denne regionen, og korn gav svært låge inntekter i 2009.

Det har gjennom mange år i driftsgranskingane vore tendens til at den innbyrdes rekkjefølgja mellom arealgruppene er slik: Jo større areal, jo større vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk. Det mønsteret galdt også for 2010, om ein ser bruk med mindre enn 200 dekar under eitt. Korleis dei ulike driftsformene er representerte i forskjellige storleiksgrupper, betyr mykje for korleis lønsemda varierer desse gruppene imellom.

Skattejusteringa av vederlaget til arbeid og eigenkapital per årsverk, målt i kroner, betydde i 2010 mest i flatbygdene i Trøndelag og minst på Jæren. Når deltakarbruka vert delte inn etter storleiken på arealet, ser vi at skattejusteringa utgjorde minst beløp per årsverk på dei største bruka. Her er det grunn til å nemne at på bruk med mindre enn 50 dekar jordbruksareal, som ikkje er med i tabell 2.9, utgjorde skattejusteringa berre kr 19 000 per bruk i 2010. Desse bruka med lite areal har til dels arbeidsintensiv produksjon, som til dømes gartneridrift eller fjørfehald.

Det er logisk at skilnaden mellom ordinært vederlag og skattejustert vederlag er størst på dei bruka som har lågast tal arbeidstimar. Jordbruksfrådraget vert jo gitt per bruk, medan det skattejusterte vederlaget er rekna ut per årsverk.

Tabell 2.7 Driftsoverskot. Familiens arbeidsforteneste i jordbruket. Kroner

Net income, agriculture. Family labour income, agriculture. NOK

Regionar Storleiksgrupper	Regions Farm size	Driftsoverskot <i>Net income</i>		Familiens arbeidsforteneste <i>Family labour income</i>			
		2010	2009–2010 Endring <i>Change</i>	Per bruk <i>Per holding</i>		Per årsverk <i>Per man-year</i>	
				2010	2009–2010 Endring <i>Change</i>	2010	2009–2010 Endring <i>Change</i>
Austlandet	<i>Eastern Norway</i>						
Flatbygder	<i>Lowlands</i>	268 300	+ 33%	188 000	+ 47%	195 200	+ 47%
Andre bygder	<i>Other parts</i>	249 200	+ 11%	195 700	+ 11%	162 100	+ 14%
Agder og Rogaland							
Jæren	<i>Jæren</i>	462 200	- 8%	348 500	- 11%	238 600	- 11%
Andre bygder	<i>Other parts</i>	292 700	- 7%	216 400	- 11%	170 600	- 7%
Vestlandet	<i>Western Norway</i>	307 300	+ 7%	250 100	+ 7%	177 600	+ 8%
Trøndelag							
Flatbygder	<i>Lowlands</i>	309 800	- 7%	239 500	- 11%	190 800	- 14%
Andre bygder	<i>Other parts</i>	356 400	+ 10%	289 500	+ 10%	185 200	+ 9%
Nord-Noreg	<i>Northern Norway</i>	370 500	+ 11%	305 500	+ 10%	224 100	+ 7%
50-100 dekar	<i>50-100 decares</i>	189 000	+ 5%	164 100	+ 5%	176 700	- 4%
100-200 dekar	<i>100-200 decares</i>	218 100	+ 16%	177 900	+ 19%	168 100	+ 26%
200-300 dekar	<i>200-300 decares</i>	283 700	+ 4%	226 100	+ 4%	180 300	+ 2%
300-500 dekar	<i>300-500 decares</i>	358 400	+ 8%	276 900	+ 9%	199 300	+ 10%
> 500 dekar	<i>> 500 decares</i>	464 400	+ 7%	330 600	+ 10%	217 200	+ 6%
Alle bruk	<i>All holdings</i>	308 100	+ 8%	238 600	+ 8%	188 900	+ 8%

Tabell 2.8 Vederlag til arbeid og egenkapital. Vederlag til familiens arbeid og egenkapital. Kroner per årsverk

Return on labour and own capital. Return on family labour and own capital. NOK per man-year

Regionar Storleksgrupper	Regions Farm size	Vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk <i>Return on labour and own capital per man-year</i>		Vederlag til familiens arbeid og egenkapital per årsverk <i>Return on family labour and own capital per man-year</i>	
		2010	2009–2010 Endring Change	2010	2009–2010 Endring Change
Austlandet	<i>Eastern Norway</i>				
Flatbygder	<i>Lowlands</i>	244 400	+27%	230 500	+41%
Andre bygder	<i>Other parts</i>	203 100	+12%	181 900	+14%
Agder og Rogaland					
Jæren	<i>Jæren</i>	259 900	-8%	254 900	-10%
Andre bygder	<i>Other parts</i>	221 900	+2%	193 600	-2%
Vestlandet	<i>Western Norway</i>	212 400	+8%	196 000	+10%
Trøndelag					
Flatbygder	<i>Lowlands</i>	222 500	-11%	208 500	-13%
Andre bygder	<i>Other parts</i>	225 000	+11%	204 000	+12%
Nord-Noreg	<i>Northern Norway</i>	245 700	+6%	233 300	+9%
50-100 dekar	<i>50-100 decares</i>	208 200	-3%	189 300	-4%
100-200 dekar	<i>100-200 decares</i>	202 900	+19%	185 100	+26%
200-300 dekar	<i>200-300 decares</i>	221 500	+5%	200 800	+4%
300-500 dekar	<i>300-500 decares</i>	234 400	+10%	219 300	+12%
> 500 dekar	<i>> 500 decares</i>	258 500	+5%	245 700	+5%
Alle bruk	<i>All holdings</i>	227 400	+8%	209 900	+9%

Tabell 2.9 Skattejustert vederlag til arbeid og egenkapital. Kroner per årsverk

Tax-adjusted return on labour and own capital. NOK per man-year

Regionar	Regions	Skattejustert vederlag til arbeid og egenkapital	Skilnaden mellom ordinært og skattejustert vederlag
Storleiksgrupper	Farm size	<i>Tax-adjusted return on labour and own capital</i>	<i>Return difference caused by tax adjustment</i>
		2010	2010
Austlandet	<i>Eastern Norway</i>		
Flatbygder	<i>Lowlands</i>	275 800	31 400
Andre bygder	<i>Other parts</i>	231 200	28 100
Agder og Rogaland			
Jæren	<i>Jæren</i>	284 400	24 500
Andre bygder	<i>Other parts</i>	248 800	26 900
Vestlandet	<i>Western Norway</i>	239 600	27 200
Trøndelag			
Flatbygder	<i>Lowlands</i>	254 500	32 000
Andre bygder	<i>Other parts</i>	253 000	28 000
Nord-Noreg	<i>Northern Norway</i>	274 800	29 100
50-100 dekar	<i>50-100 decares</i>	237 900	29 700
100-200 dekar	<i>100-200 decares</i>	234 500	31 600
200-300 dekar	<i>200-300 decares</i>	250 300	28 800
300-500 dekar	<i>300-500 decares</i>	262 800	28 400
> 500 dekar	<i>> 500 decares</i>	285 200	26 700
Alle bruk	<i>All holdings</i>	255 900	28 500

Tabell 2.10 Lønsevne i jordbruket. Kroner per bruk og kroner per time. Lønsevneprosent

Capacity to pay, agriculture. NOK per holding, NOK per hour. Percentage


Regionar	Regions	Lønsevne, kr per bruk	Lønsevne, kr per time	Lønsevneprosent
Storleiksgrupper	Farm size	<i>Capacity to pay, NOK per holding</i>	<i>Capacity to pay, NOK per hour</i>	<i>Capacity to pay, percentage</i>
Austlandet	<i>Eastern Norway</i>			
Flatbygder	<i>Lowlands</i>	288 000	118,46	75
Andre bygder	<i>Other parts</i>	273 500	101,23	65
Agder og Rogaland				
Jæren	<i>Jæren</i>	481 000	134,25	87
Andre bygder	<i>Other parts</i>	349 700	111,05	69
Vestlandet	<i>Western Norway</i>	337 700	106,87	72
Trøndelag				
Flatbygder	<i>Lowlands</i>	303 300	112,37	73
Andre bygder	<i>Other parts</i>	385 400	113,37	74
Nord-Noreg	<i>Northern Norway</i>	411 500	129,24	87
50-100 dekar	<i>50-100 decares</i>	246 200	107,72	72
100-200 dekar	<i>100-200 decares</i>	233 400	102,12	67
200-300 dekar	<i>200-300 decares</i>	317 400	111,06	72
300-500 dekar	<i>300-500 decares</i>	381 400	118,43	77
> 500 dekar	<i>> 500 decares</i>	469 400	128,29	83
Alle bruk 2010	<i>All holdings 2010</i>	335 400	114,24	74
Alle bruk 2009	<i>All holdings 2009</i>	311 700	106,98	71

Lønsevne per time, rekna som gjennomsnitt for alle deltakarbruk, gjekk opp med 7 prosent frå 2009 til 2010. Når vi reknar ut lønsevne per time, ser vi familiarbeid og leigd hjelp under eitt. Derfor kan det skje at lønsevne per time og familiens arbeidsforteneste per årsverk endrar seg nokså ulikt. I 2010 var det liten skilnad i endringstakt.

Lønsevneprosenten fortel korleis den kalkulerte godtgjersla for utført arbeid i jordbruket står i forhold til den godtgjersla som måtte ha vorte utbetalt om brukarfamilien skulle ha vore løna etter tariff.

Frå 2009 til 2010 steig lønsevneprosenten på deltakarbruka med 3 prosentpoeng.

Figur 2.1 illustrerer lønsemda gjennom dei siste 10 åra på det gjennomsnittlege driftsgranskingsbruket. Vederlaget til arbeid og eigenkapital per årsverk var 30 prosent høgare i 2010 enn i 2001, målt i faste 2010-kroner.



Figur 2.1 Driftsresultat for alle bruk, 2001–2010. Faste 2010-kroner
Operating results for all holdings, 2001–2010. 2010-NOK

2.3 Gjennomsnittresultat⁵ og variasjonsanalysar for utvalde driftsformer

2.3.1 Produksjon av kumjølke og storfeslakt

Hovudtabell: 17a.

Ifølgje tabell 2.11 har vederlaget til arbeid og eigenkapital per årsverk innafor denne driftsforma gått opp med 8 prosent frå 2009 til 2010. Auke i mjølkeprisen har vore ein viktig faktor for den positive utviklinga.

I 2010 var vederlaget til arbeid og eigenkapital per årsverk 35 prosent høgare enn resultatet frå 2001, målt i faste 2010-kroner. Figur 2.2 gir eit bilete av lønsemda gjennom det siste tiåret.

Figur 2.3 viser korleis verdien av egedelane til brukarfamilien, og fordelinga mellom eigenkapital og gjeld, har endra seg etter 2001. Jordbruket sin del av totalkapitalen utgjorde 57 prosent i 2001 og 60 prosent i 2010. I løpet av tiåret har gjeldsprosenten auka frå 43 til 45.


For 2010 slår skattejustering ut med kr 27 600 per årsverk i vederlaget til arbeid og eigenkapital.

⁵ Sjå kapittel 1.7 og 1.8 for forklaring av omgrep.

Tabell 2.11 Produksjon av kumjølke og storfeslakt


Combined dairy and beef farming

		2010	2009
Tal bruk	<i>Number of holdings</i>	302	318
Jordbruksareal, daa	<i>Agricultural land, daa</i>	327	319
Avling, FEm per daa	<i>Total crops, FUm/daa</i>	345	368
Tal årskyr	<i>Number of cows</i>	21,5	21,3
Mjølke per årsku, kg	<i>Milk per cow, kg</i>	7 229	7 102
Oppnådde priser, kr	<i>Prices obtained, NOK</i>		
Mjølke, per l	<i>Milk, per l</i>	4,41	4,09
Kukjøte, per kg	<i>Meat (cow), per kg</i>	34,80	35,16
Anna storfekjøte, per kg	<i>Meat (beef), per kg</i>	41,91	41,20
Familiens arbeidsforteneste, kr per årverk	<i>Family labour income, NOK per man-year</i>	195 000	181 600
Vederlag til arbeid og EK, kr per årverk	<i>Return on labour and own capital, NOK per man-year</i>	231 100	214 500
Vederlag til familiens arbeid og EK, kr per årverk	<i>Return on family labour and own capital, NOK per m-y</i>	212 900	195 200
Skattejustert vederlag til arb. og EK, kr per årverk	<i>Tax-adjusted return on labour and own cap., NOK per m-y</i>	258 700	241 200
Lønsevne i jordbruket, kr per time	<i>Capacity to pay, agriculture, NOK per hour</i>	117,29	111,01



Figur 2.2 Driftsresultat for bruk med produksjon av kumjølke og storfeslakt, 2001–2010. Faste 2010-kroner

Operating results for combined dairy and beef farming, 2001–2010. NOK-2010



Figur 2.3 Samansetjing av eigedelar og total gjeld per bruk, 2001–2010. Bruk med produksjon av kumjølk og storfeslakt. Faste 2010-kroner

Assets and debts per holding, 2001–2010. Combined dairy and beef farming. NOK-2010

I tabellane 2.12 og 2.13 er talmaterialet gruppert etter talet på årskyr, og ikkje ut frå storleiken på jordbruksarealet. Tabell 2.12 viser at vederlaget til arbeid og eigenkapital per årsverk i 2010 var størst på bruk med 18-28 årskyr og klart lågast i gruppa med lågast kutal. Tal arbeidstimar per årsku var vesentleg lågare i dei to gruppene med flest kyr, og det betyr mykje for driftsresultata.

Gruppa med 18–28 årskyr er den største, målt i tal deltakarar. Fleire data for denne gruppa er viste i tabell 2.13. Jæren hadde med så få deltakarbruk med 18–28 årskyr i 2010 at tal derifrå ikkje kan verte publiserte.

Vederlaget til arbeid og eigenkapital per årsverk var størst på bruka i Nord-Noreg. Likevel er dekningsbidraget per årsku lågast i Nord-Noreg når tilskot vert haldne utanom. Deltakarane i flatbygdene i Trøndelag hadde minst vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk. Hos dei var innsett kapital per årsku større enn i dei andre gruppene, og dei hadde dessutan flest arbeidstimar per årsku og størst variable kostnader per årsku.

Tabell 2.12 Produksjon av kumjøl og storfeslakt. Inndeling etter talet på årskyr

Combined dairy and beef farming. Groups by number of cows

Årskyr	Cows	< 12	12-18	18- 28	> 28
Tal bruk	<i>Number of holdings</i>	37	103	105	57
Jordbruksareal, daa	<i>Agricultural land, decares</i>	178	249	346	529
Grovfôr per årsku, daa	<i>Coarse fodder per cow, decares</i>	19,1	15,5	14,3	12,4
Avling i alt, FEm per daa	<i>Total crops, FUm per decare</i>	252	312	354	382
Tal kyr	<i>Number of cows</i>	9,2	15,3	22,2	39,4
Produsert mjølk, l per årsku	<i>Milk per cow, l</i>	6 243	6 916	7 009	7 219
Produsert kjøt, kg per årsku	<i>Meat per cow, kg</i>	207	252	280	266
Arbeidsinnsats i alt, timar	<i>Labour input, hours</i>	2 626	3 182	3 744	4 262
Utført av: Familien	<i>By: Family</i>	2 062	2 456	2 821	3 235
Leigd arbeidshjelp	<i>Hired workers</i>	564	726	922	1 028
Per årsku	<i>Per cow</i>	285	207	169	108
Oppnådde prisar, kr	<i>Prices obtained, NOK</i>				
Mjøl, per l	<i>Milk, per l</i>	4,42	4,37	4,39	4,46
Kukjø, per kg	<i>Meat (cow), per kg</i>	34,23	34,27	34,86	35,26
Anna storfekjø, per kg	<i>Meat (beef), per kg</i>	36,74	41,49	42,08	42,48
Produksjonsinntekt i alt, kr	<i>Total output, NOK</i>	662 300	1 057 700	1 463 800	2 350 500
Per årsku	<i>Per cow</i>	71 900	69 000	66 100	59 700
Av denne: Mjøl	<i>Of which: Milk</i>	25 700	28 300	28 700	30 000
Livdyr og slakt	<i>Cattle, beef and cow's meat</i>	8 700	11 200	12 300	11 900
Tilskot	<i>Production allowances</i>	34 100	27 300	22 400	15 500
Kostnader i alt, kr	<i>Total costs, NOK</i>	485 000	746 900	1 039 200	1 794 000
Per årsku	<i>Per cow</i>	52 700	48 700	46 900	45 500
Variable kostnader per årsku	<i>Variable costs per cow</i>	19 200	21 000	21 000	20 900
Av desse: Innkjøpt fôr	<i>Of which: Fodder</i>	10 800	11 900	12 200	13 000
Faste kostnader per årsku	<i>Fixed costs per cow</i>	33 400	27 700	25 900	24 600
Av desse: Leigd arbeid	<i>Of which: Hired labour</i>	7 400	6 200	5 300	3 500
Maskinar	<i>Machinery</i>	12 100	9 600	9 400	8 300
Driftsbygningar	<i>Outbuildings</i>	4 900	4 900	4 600	6 400
Dekningsbidrag, kr per årsku	<i>Gross margin, NOK per cow</i>	52 700	48 000	45 100	38 800
Dekningsbidrag ekskl. tilskot, kr per årsku	<i>Gross margin excl. grants, NOK per cow</i>	18 600	20 700	22 700	23 300
Innsett kapital, kr per årsku	<i>Capital, NOK per cow</i>	113 000	100 600	113 900	132 500
Eigenkapitalprosent	<i>% own capital of total assets</i>	61	61	61	41
Driftsoverskot jordbruk, kr	<i>Net farm income, NOK</i>	177 400	310 800	424 700	556 600
Vederlag til arbeid og EK, kr per årsverk	<i>Return on labour and own capital, NOK per man-year</i>	161 900	219 600	247 500	246 400
Vederlag til familiens arbeid og EK, kr per årsverk	<i>Return on family labour and own capital, NOK per man-year</i>	134 500	199 500	232 900	229 900
Familiens arbeidsforteneste, kr per årsverk	<i>Family labour income, NOK per man-year</i>	121 400	185 800	210 800	212 800
Lønsevne, kr per time	<i>Capacity to pay, NOK per hour</i>	81,76	112,90	124,36	125,99

Tabell 2.13 Produksjon av kumjøl og storfeslakt, 18–28 årskyr. Regionar

Combined dairy and beef farming, 18–28 cows⁶. Regions

	Austlandet <i>Eastern Norway</i>		Agder og Rogaland	Vestlandet <i>Western Norway</i>	Trøndelag		Nord-Noreg <i>Northern Norway</i>
	Flatbygder	Andre bygder	Andre bygder		Flatbygder	Andre bygder	
	<i>Lowlands</i>	<i>Other parts</i>	<i>Other parts</i>		<i>Lowlands</i>	<i>Other parts</i>	
Tal bruk	14	9	7	21	10	17	22
Jordbruksareal i alt, daa	393	312	278	284	308	353	373
Grovfôr per årsku, daa	14,4	12,9	13,0	12,4	11,8	14,7	16,8
Avling i alt, FEm per daa	413	379	334	375	391	369	251
Tal årskyr	21,5	22,4	21,3	22,2	22,6	22,3	21,7
Produsert mjølk, l per årsku	7 225	6 790	6 939	7 195	7 015	6 810	6 855
Produsert kjøtt, kg per årsku	310	310	274	225	446	253	235
Arbeidsinnsats i alt, timar	3 598	3 480	3 630	3 614	4 227	3 950	3 802
Utført av: Familien	2 416	2 659	2 774	2 687	3 579	3 127	2 765
Leigd arbeidskraft	1 182	821	856	927	648	823	1 037
Per årsku	167	155	170	163	187	177	175
Oppnådde prisar, kr							
Mjøl, per l	4,49	4,41	4,42	4,35	4,61	4,29	4,33
Kukjøtt, per kg	35,39	34,00	35,57	34,38	36,52	33,52	34,47
Anna storfekjøtt, per kg	44,82	41,52	42,62	41,88	42,55	41,60	38,97
Produksjonsinntekt i alt, kr	1 527 300	1 520 500	1 335 000	1 408 100	1 637 500	1 323 600	1 528 500
Per årsku	71 000	67 900	62 700	63 400	77 500	59 400	70 500
Av denne: Mjøl	29 300	28 100	28 600	29 400	28 800	27 300	28 600
Livdyr og slakt	14 600	13 400	11 600	9 500	20 800	10 800	9 600
Tilskot	20 500	21 800	21 600	20 900	21 200	20 100	31 000
Kostnader i alt, kr	1 197 800	1 082 600	930 000	1 003 600	1 179 300	911 900	1 061 400
Per årsku	55 700	48 400	43 700	45 200	52 200	40 900	49 000
Variable kostnader per årsku	23 100	20 400	19 200	19 600	25 700	18 100	22 900
Av desse: Innkjøpt fôr	12 200	11 800	12 600	11 900	14 400	11 100	13 200
Faste kostnader per årsku	32 600	27 900	24 400	25 600	26 500	22 800	26 100
Av desse: Leigd arbeid	7 600	4 700	6 400	4 700	3 700	5 000	5 700
Maskinar	11 900	10 700	7 300	9 600	9 700	8 600	9 200
Driftsbygningar	4 900	4 800	4 500	4 700	6 400	3 700	4 500
Dekningsbidrag, kr per årsku	47 900	47 500	43 400	43 800	46 800	41 300	47 600
Dekningsbidrag ekskl. tilskot, kr per årsku	27 500	25 700	21 900	22 900	25 600	21 200	16 600
Innsett kapital, kr per årsku	113 500	117 500	119 000	119 200	146 700	94 000	106 900
Eigenkapitalprosent	67	68	49	62	62	62	51
Driftsoverskot jordbruk, kr	329 500	438 000	405 000	404 500	458 300	411 600	467 100
Vederlag til arbeid og EK, kr per årsverk	239 900	269 400	256 000	236 900	213 689	228 900	263 600
Vederlag til familiens arbeid og EK, kr per årsverk	216 800	265 600	232 800	222 500	199 100	208 300	254 000
Familiens arbeidsforteneste, kr per årsverk	182 700	236 800	208 800	200 700	176 000	191 500	240 300
Lønsevne, kr per time	116,72	133,50	128,32	118,68	104,68	116,28	136,85

⁶ English text in table 2.11.

Variasjon innafor driftsforma «kumjølke og storfeslakt»

Dette kapitlet tar opp den innbyrdes variasjonen mellom bruk med driftsforma «kumjølke og storfeslakt». Bruka er sorterte etter driftsoverskot (medrekna tilskot) per liter mjølke. Dette sorteringskriteriet er valt fordi mjølkekvota er den knappaste ressursen. Bruka er delte i tre grupper: Tredelen med best resultat (heretter kalla «beste tredel»), tredelen med svakast resultat (heretter kalla «svakaste tredel») og tredelen med resultat rundt gjennomsnittet. Uttrykk som «svakt», «godt» eller «dårleg» viser berre til storleiken på dei målte beløpa. I denne samanhengen gjeld: Jo høgare inntektstal og jo lågare kostnadstal, jo betre.

Svakaste tredel vert sett opp mot beste tredel. Nokre variablar som kan bidra til å forklare differansen i resultat, er tekne med. Tabellane 2.14–2.17 viser variasjonen på bruk i storleiksgruppa «15-30 årskyr» for regionar der det ligg føre tilstrekkeleg talmateriale til ein slik presentasjon. Tidlegare var gruppeinndelinga etter areal, men etter kvart har talet på bruk i fleire grupper vorte for lågt.

Her i variasjonsdrøftinga tel resultatata frå kvart bruk like mykje, medan nokre av resultatata i driftsgranskingane elles er vegne ut frå tal årsverk. Derfor vil gruppegjennomsnitta som vert viste i «variasjonstabellane», kunne avvike frå tilsynelatande same resultat i hovudtabell 17.

Tabell 2.14 Variasjon. Kumjølke og storfeslakt: 15–30 årskyr. «Andre bygder» på Austlandet

Variation. Combined dairy and beef farming, 15-30 cows. "Other parts" of Eastern Norway

Austlandet, andre bygder	<i>Eastern Norway, other parts</i>	Gjennom- snitt <i>Mean</i>	Standard- avvik <i>Std. dev</i>	Beste tredel <i>Highest third</i>	Svakaste tredel <i>Lowest third</i>	Total %
Tal bruk	<i>Number of holdings</i>	23		8	8	
Areal per bruk, daa	<i>Decares per holding</i>	325	174	346	335	97
Alder på brukaren	<i>Farmer's age</i>	50	8	51	48	94
Driftsoverskot, kr per l mjølke	<i>Net farm income, NOK per l</i>	2,92	1,00	4,03	1,91	47
Driftsoverskot jordbruk, kr per bruk	<i>Net farm income, NOK per holding</i>	374 000	152 300	530 300	252 400	48
Vederl. til arb. og eigenkap., kr per årsv.	<i>Ret. on lab. and own cap., NOK/m-y</i>	229 800	74 700	292 200	172 200	59
Tal årskyr	<i>Number of cows</i>	19,3	4,1	20,7	19,4	94
Grovfôr per årsku, daa	<i>Coarse fodder per cow, decares</i>	15,6	4,7	17,0	13,6	80
Avling i alt, FEm per daa	<i>Total crops, FUm per decare</i>	366	122	361	387	107
Arbeidsforbruk, timar per årsku	<i>Labour input, hours per cow</i>	191	40	180	188	104
Levert mjølke, l per årsku	<i>Milk, l per cow</i>	6 733	769	6 475	6 949	107
Mjølkepris, kr per l	<i>Milk price, NOK per l</i>	4,37	0,25	4,36	4,43	102
Produksjonsinntekt mjølke, kr per årsku	<i>Output milk, NOK per cow</i>	27 600	3 300	25 800	29 300	114
Produksjonsinntekt kjøtt, kr per årsku	<i>Output meat, NOK per cow</i>	12 300	8 400	16 000	8 800	55
Produksjonstilskot, kr per årsku	<i>Production allowances, NOK per cow</i>	28 400	5 300	29 400	26 300	89
Variable kostnader, kr per årsku	<i>Variable costs, NOK per cow</i>	19 900	8 000	20 100	19 500	97
Faste kostnader, kr per årsku	<i>Fixed costs, NOK per cow</i>	27 700	7 400	22 300	33 100	148
Herav leigd arbeid, kr per årsku	<i>Of this hired work, NOK per cow</i>	5 700	2 100	4 400	6 100	139

I «andre bygder» på Austlandet (tabell 2.14) har den svakaste tredelen eit vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk på 59 prosent av det vi finn for den beste tredelen. Tilsvarende samanlikning for driftsoverskotet per liter mjølk gir eit resultat på 47 prosent hos den svakaste tredelen. Bruka i den beste tredelen har høgare kjøttinntekter og produksjonstilskot med høvesvis kr 7 200 og kr 3 100 per årsku. Dei faste kostnadene per årsku er kr 10 800 høgare for den svakaste tredelen.

På Vestlandet (tabell 2.15) har den svakaste tredelen eit vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk som utgjer 55 prosent av kva den beste tredelen har oppnådd. Mjølkeinntektene er 11 prosent høgare hos den svakaste tredelen, medan kjøttinntektene er høgast i den beste tredelen, kr 4 800 meir per årsku. Driftsoverskotet per liter mjølk i den svakaste tredelen tilsvarer 43 prosent av resultatet som den beste tredelen har oppnådd. Mjølkeleveransen per årsku er 11 prosent høgare for den svakaste tredelen. Dei faste kostnadene er 42 prosent høgare for den svakaste tredelen, medan dei variable kostnadene er 6 prosent lågare.

Tabell 2.15 Variasjon. Kumjølk og storfeslakt: 15–30 årskyr. Vestlandet

Variation. Combined dairy and beef farming, 15-30 cows. Western Norway

Vestlandet	<i>Western Norway</i>	Gjennom- Snitt <i>Mean</i>	Standard- avvik <i>Std. dev</i>	Beste tredel <i>Highest third</i>	Svakaste tredel <i>Lowest third</i>	
					<i>Total</i>	<i>%</i>
Tal bruk	<i>Number of holdings</i>	34		11	11	
Areal per bruk, daa	<i>Decares per holding</i>	272	104	240	340	142
Alder på brukaren	<i>Farmer's age</i>	47	8	52	47	90
Driftsoverskot, kr per l mjølk	<i>Net farm income, NOK per l</i>	2,80	0,90	3,81	1,64	43
Driftsoverskot jordbruk, kr per bruk	<i>Net farm income, NOK per holding</i>	398 600	131 700	476 000	311 500	65
Vederlag til arbeid og eigenkapital, kr per årsverk	<i>Return on labour and own capital, NOK per man-year</i>	243 200	105 000	315 000	174 100	55
Tal årskyr	<i>Number of cows</i>	20,6	3,8	18,8	22,7	121
Grovfôr per årsku, daa	<i>Coarse fodder per cow, decares</i>	12,8	4,0	11,6	15,0	129
Avling i alt, FEm per daa	<i>Total crops, FUm per decare</i>	391	83	415	376	91
Arbeidsforbruk, timar per årsku	<i>Labour input, hours per cow</i>	173	39	170	165	97
Leverte mjølk, l per årsku	<i>Milk, l per cow</i>	7 093	996	6 636	7 341	111
Mjølkepris, kr per l	<i>Milk price, NOK per l</i>	4,31	0,27	4,37	4,28	98
Produksjonsinntekt mjølk, kr per årsku	<i>Output milk, NOK per cow</i>	28 700	4 400	26 700	29 600	111
Produksjonsinntekt kjøtt, kr per årsku	<i>Output meat, NOK per cow</i>	10 500	6 700	12 600	7 800	62
Produksjonstilskot, kr per årsku	<i>Production allowances, NOK per cow</i>	25 400	4 100	26 900	24 700	92
Variable kostnader, kr per årsku	<i>Variable costs, NOK per cow</i>	19 900	6 200	20 300	19 000	94
Faste kostnader, kr per årsku	<i>Fixed costs, NOK per cow</i>	24 000	6 500	20 300	28 900	142
Herav leigd arbeid, kr per årsku	<i>Of this hired work, Nok per cow</i>	4 500	1 700	4 200	4 900	117

I «andre bygder» i Trøndelag utgjer vedelag til arbeid og eigenkapital per årsverk hos den svakaste tredelen 56 prosent av nivået hos den beste tredelen. Skilnaden mellom beste og svakaste tredel kjem av høgare kjøttinntekter med kr 7 700 per årsku og større produksjonstilskot med kr 5 400 per årsku hos den beste tredelen.

Tabell 2.16 Variasjon. Kumjølke og storfeslakt: 15–30 årskyr. «Andre bygder» i Trøndelag

Variation. Combined dairy and beef farming, 15-30 cows. Trøndelag, «other parts»

Trøndelag, «andre bygder»	<i>Trøndelag, «other parts»</i>	Gjennomsnitt <i>Mean</i>	Standardavvik <i>Std. dev</i>	Beste tredel <i>Highest third</i>	Svakaste tredel <i>Lowest third</i>	Total <i>Total</i>	%
Tal bruk	<i>Number of holdings</i>	26		9	9		
Areal per bruk, daa	<i>Decares per holding</i>	310	97	338	295		87
Alder på brukaren	<i>Farmer's age</i>	45	10	48	45		94
Driftsoverskot, kr per l mjølke	<i>Net farm income, NOK per l</i>	2,71	0,99	3,77	1,72		46
Driftsoverskot jordbruk, kr per bruk	<i>Net farm income, NOK per holding</i>	377 700	139 600	500 400	246 500		49
Vederlag til arbeid og egenkapital, kr per årsverk	<i>Return on labour and own capital, NOK per man-year</i>	224 700	85 300	274 500	154 900		56
Tal årskyr	<i>Number of cows</i>	20,5	3,3	20,0	20,2		101
Grovfôr per årsku, daa	<i>Coarse fodder per cow, decares</i>	14,3	3,9	16,0	13,5		84
Avling i alt, FEm per daa	<i>Total crops, FUm per decare</i>	377	92	393	358		91
Arbeidsforbruk, timar per årsku	<i>Labour input, hours per cow</i>	189	51	209	184		88
Leverte mjølke, l per årsku	<i>Milk, l per cow</i>	6 885	817	6 706	7 114		106
Mjølkepris, kr per l	<i>Milk price, NOK per l</i>	4,32	0,23	4,31	4,32		100
Produksjonsinntekt mjølke, kr per årsku	<i>Output milk, NOK per cow</i>	27 500	3 236	26 500	28 100		106
Produksjonsinntekt kjøtt, kr per årsku	<i>Output meat, NOK per cow</i>	10 500	5 100	15 500	7 800		50
Produksjonstilskot, kr per årsku	<i>Production allowances, NOK per cow</i>	24 500	4 800	28 100	22 700		81
Variable kostnader, kr per årsku	<i>Variable costs, NOK per cow</i>	17 900	3 900	18 100	18 800		104
Faste kostnader, kr per årsku	<i>Fixed costs, NOK per cow</i>	24 400	5 000	24 200	26 700		110
Herav leigd arbeid, kr per årsku	<i>Of this hired work, Nok per cow</i>	5 500	2 600	6100	5 400		89

For den svakaste tredelen i Nord-Noreg (tabell 2.17) har vederlaget til arbeid og egenkapital per årsverk og driftsoverskotet per liter mjølke utgjort 67 og 49 prosent av kva den beste tredelen har oppnådd. Den beste tredelen har 46 prosent høgare inntekter frå kjøtt, men 9 prosent lågare mjølkeinntekter. Produksjonstilskota er 13 prosent høgare hos den beste tredelen. Den beste tredelen har 82 prosent av den svakaste tredelen sitt nivå for faste kostnader.

Tabell 2.17 Variasjon. Kumjølkk og storfeslakt: 15–30 årskyr. Nord-Noreg

Variation. Combined dairy and beef farming, 15–30 cows. Northern Norway

Nord-Noreg	<i>Northern Norway</i>	Gjennomsnitt <i>Mean</i>	Standardavvik <i>Std. dev</i>	Beste tredel <i>Highest third</i>	Svakaste tredel <i>Lowest third</i>	
					<i>Total</i>	<i>%</i>
Tal bruk	<i>Number of holdings</i>	38		13	13	
Areal per bruk, daa	<i>Decares per holding</i>	362	123	353	358	101
Alder på brukaren	<i>Farmer's age</i>	47	10	43	46	107
Driftsoverskot, kr per l mjølk	<i>Net farm income, NOK per l</i>	3,03	1,03	4,01	1,95	49
Driftsoverskot jordbruk, kr per bruk	<i>Net farm income, NOK per holding</i>	421 100	161 200	532 400	294 200	55
Vederlag til arbeid og eigenkapital, kr per årsverk	<i>Return on labour and own capital, NOK per man-year</i>	256 400	67 300	305 400	204 200	67
Tal årskyr	<i>Number of cows</i>	19,7	3,6	19,3	19,9	103
Grovfôr per årsku, daa	<i>Coarse fodder per cow, decares</i>	18,1	5,7	17,9	17,9	100
Avling i alt, FEm per daa	<i>Total crops, FUm per decare</i>	270	108	302	238	79
Arbeidsforbruk, timar per årsku	<i>Labour input, hours per cow</i>	187	32	185	186	101
Levert mjølk, l per årsku	<i>Milk, l per cow</i>	7 168	947	6 883	7 573	110
Mjølkepris, kr per l	<i>Milk price, NOK per l</i>	4,36	0,16	4,34	4,32	100
Produksjonsinntekt mjølk, kr per årsku	<i>Output milk, NOK per cow</i>	29 900	4 100	28 600	31 400	110
Produksjonsinntekt kjøtt, kr per årsku	<i>Output meat, NOK per cow</i>	11 300	8 500	12 700	8 700	69
Produksjonstilskot, kr per årsku	<i>Production allowances, NOK per cow</i>	41 500	10 400	43 400	38 400	88
Variable kostnader, kr per årsku	<i>Variable costs, NOK per cow</i>	24 300	7 500	22 600	24 900	110
Faste kostnader, kr per årsku	<i>Fixed costs, NOK per cow</i>	28 900	8 000	25 800	31 400	122
Herav leigd arbeid, kr per årsku	<i>Of this hired work, NOK per cow</i>	6 400	3 700	4 900	7 700	157

Tabell 2.18 er eit samandrag av tabellane 2.14–2.17 og konsentrerer seg om det relative forholdet mellom den svakaste og den beste tredelen. Når den svakaste tredelen har dei høgaste verdiane, er tala utheva.

Tabellen viser at høg mjølkeleveranse per årsku ikkje nødvendigvis betyr godt økonomisk resultat. I alle dei fire regionane er leveransen per årsku størst på bruka med dårlegast resultat. Mjølkeprisen varierer lite, 2 prosent er største utslag.

Kjøttinntektene er størst i den beste tredelen. I Trøndelag sine «andre bygder» er dei nesten dobbelt så høge i den beste som i den svakaste tredelen. Talet på årskyr er temmeleg likt, med eit unntak for Vestlandet, kor den svakaste tredelen har 21 prosent fleire kyr enn den beste tredelen. Utanom Nord-Noreg er alder på brukaren noko lågare i den svakaste tredelen. Dei faste kostnadene ligg frå 10 til 48 prosent høgare i den svakaste tredelen. Dei variable kostnadene har ein skilnad på inntil 10 prosent mellom den beste og den svakaste tredelen.

Vederlaget til arbeid og eigenkapital per årsverk ligg i den svakaste tredelen på frå 55 til 67 prosent av nivået i den beste tredelen. For driftsoverskot per liter mjølk oppnår den svakaste tredelen mellom 43 og 49 prosent av nivået til den beste tredelen.

Produksjonstilskot per årsku avheng av grovfôrareal per årsku, påsett og buskapsstorleik. Til dømes vert driftstilskotet gitt som eit fast grunnbeløp til bruk med meir enn 30 000 liter omsett kumjølkk. Driftstilskotet går inn i produksjonstilskotet, og den tredelen som har færrest årskyr, vil få høgast produksjonstilskot per årsku.


Tabell 2.18 Variasjon. Kumjølkk og storfeslakt: 15–30 årskyr. Den svakaste tredelen sin relative del sett i forhold til den beste tredelen, prosent

Variation. Combined dairy and beef farming, 15–30 cows. The lowest third relatively to the highest, per cent

	Austlandet «Andre bygder» <i>Eastern Norway</i> «Other parts»	Vestlandet <i>Western</i> <i>Norway</i>	Trøndelag «Andre bygder» <i>Trøndelag</i> «Other parts»	Nord-Noreg <i>Northern</i> <i>Norway</i>
Tal bruk i storleiksgruppa	23	34	26	38
Areal per bruk	97	142	87	101
Alder på brukaren	94	90	94	107
Driftsoverskot, kr per liter mjølk	47	43	46	49
Driftsoverskot, jordbruket, kr per bruk	48	65	49	55
Vederlag til arbeid og eigenkapital, kr per årsverk	59	55	56	67
Årskyr	94	121	101	103
Grovfôr per årsku, daa	80	129	84	100
Avling i alt, FEm per daa	107	91	91	79
Arbeidsforbruk, timar per årsku	104	97	88	101
Lever mjølk, l per årsku	107	111	106	110
Mjølkepris, kr per l	102	98	100	100
Produksjonsinntekt mjølk, kr per årsku	114	111	106	110
Produksjonsinntekt kjøt, kr per årsku	55	62	50	69
Produksjonstilskot, kr per årsku	89	92	81	88
Variable kostnader, kr per årsku	97	94	104	110
Faste kostnader, kr per årsku	148	142	110	122
Herav leigd arbeid, kr per årsku	139	117	89	157


Figurane 2.4 og 2.5 samanliknar driftsoverskot per liter mjølk, med og utan tilskot, for Nord-Noreg og Jæren. Buskapane er grupperte etter storleik. For å få stort nok tal deltakarar i kvar gruppe er det laga berre to grupper for Jæren.

I Nord-Noreg er driftsoverskotet med tilskot størst på bruk med under 15 kyr. Driftsoverskotet utan tilskot er størst for gruppa med flest kyr. Driftsoverskotet per liter mjølk er negativt utan tilskot, utan omsyn til buskapsstorleik. Gjennomsnittleg buskap er på 12, 17 og 29 årskyr. Tal buskapar i kvar gruppe er høvesvis 16, 23 og 20.




Figur 2.4 Driftsoverskot i kumjølkeproduksjon i Nord-Noreg. Kr per l mjølk
 Net income, dairy farming in Northern Norway. NOK/litre

På Jæren fell driftsoverskotet med storleiken på buskapan. Det gjeld driftsoverskot både med og utan tilskot. Jæren har *positivt* driftsoverskot utan tilskot for begge gruppene. Gjennomsnittleg buskap i gruppene på Jæren er 23 og 39 årskyr. Gruppene der representerer altså større buskapar enn kva dei nordnorske gruppene gjer. Det er åtte bruk i begge gruppene på Jæren.



Figur 2.5 Driftsoverskot i kumjølkeproduksjon på Jæren. Kr per l mjølk
 Net income, dairy farming, Jæren. NOK/litre

Figur 2.6 viser driftsoverskot per liter mjølk i kumjølkproduksjon for heile landet samla. Driftsoverskotet medrekna tilskot går nedover med aukande buskapsstorleik. Driftsoverskotet utan tilskot aukar med aukande buskapsstorleik, men er negativt for alle storleiksgrupper. Gjennomsnittsbuskapen i gruppene er på 10, 16, 22 og 39 årskyr, og gruppedelinga er den same som i tabell 2.12. Respektive tal buskapar i kvar gruppe er 50, 90, 105 og 57.



Figur 2.6 Driftsoverskot i kumjølkproduksjon, heile landet. Kr per l mjølk
Net income, dairy farming, all regions. NOK/litre

Samdrifter

Samdrift vart ei meir vanleg form for organisering av norsk mjølkeproduksjon i det første tiåret på 2000-tallet. Per desember 2008 var det i Noreg registrert 2 066 samdrifter.⁷ Etter det har talet på samdrifter gått noko ned, slik at det per mars 2011 var 1 510. Grunnen til nedgangen er i hovudsak at det frå 2008 vart lovleg å leige bort mjølkekvoter. Ein del samdrifter som fram til da var proforma, vart oppløyste. Inntil 2004 var samdriftene ikkje representerte i driftsgranskingane. For 2004 vart 13 samdrifter med mjølkeproduksjon tekne inn. Året etter var 39 samdrifter med, og deretter har talet vore 36, 32, 34 og 38 i 2006, 2007, 2008 og 2009. For 2010 har driftsgranskingane hatt med i alt 37 samdrifter, der to eller fleire av medlemmene i samdrifta er aktivt med i det daglege arbeidet. 30 av samdriftene har to medlemmer, medan sju av dei har tre medlemmer. I tillegg er det med nokre samdrifter der berre den eine brukaren er aktiv (kvoteleige). Desse bruka vert rekna som enkeltbruk, ved at resultatet frå samdrifta er slege saman med resultatet til brukaren. Dei 37 «eigentlege» samdriftene er skilde ut frå resten av driftsgranskingmaterialet, og dei er ikkje tekne inn i hovudtabellane. Fordi økonomien til dei deltakande partnarane i samdrifta er så tett samanvoven med økonomien til samdrifta, er det lite relevant å studere samdrifta isolert. Rekneskapen for samdrifta er derfor slegen saman med rekneskapane til partnarane, slik at resultatata gjeld for heile verksemda under eitt. All jordbruksdrift på dei aktuelle eigedommane inngår. Vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk viser da eit gjennomsnitt for samdrifta og

⁷ Kjelde: Statens landbruksforvaltning.

partnarane. Privatøkonomien for desse driftseiningane er ikkje publisert. Data for dei 37 samdriftene i 2010 er henta frå i alt 118 rekneskapar.

Resultat for samdriftene er presenterte i tabell 2.19. Denne tabellen tek med berre dei samdriftene som ikkje hadde anna vesentleg produksjon enn mjølkeproduksjon og tilhørande kjøtproduksjon på storfe. Det vil i tilfellet vårt seie 34 av 37 samdrifter. Tabellen viser også resultat for samdrifter med mjølkeproduksjon i år 2009. Dermed kan vi peike på dei viktigaste utviklingstrekkka det siste året.

Av tabellen ser ein at storleiken på samdriftene har auka når det gjeld areal. Auken er på 14 dekar, samtidig som tal årskyr har auka frå 41,0 i 2009 til 41,7 i 2010. Mjølkk per årsku har auka frå 7 652 kg i 2009 til 7 787 kg i 2010. Omsett mjølkemengd auka frå 286 308 liter til 297 597 liter, medan mjølkekvoten auka frå 289 546 liter til 304 887 liter. Tal arbeidstimar per årsku viser ein liten auke, frå 117 timar i 2009 til 119 timer i 2010.

Eigedelane har også hatt ein vesentleg verdiauke frå utgangen av 2009, da dei var verdsette til nesten 5,5 mill. kroner. Da 2010 var slutt, hadde verdien auka til 6,2 mill. kroner.

Produksjonsinntektene auka frå kr 2 523 800 i 2009 til kr 2 734 200 i 2010. I dei variable kostnadene til samdriftene registrerer vi ein auke frå kr 846 500 i 2009 til kr 907 600 i 2010. Kostnader til innkjøp av kraftfôr og anna fôr, og til innkjøp av dyr, auka mest. Dei faste kostnadene har også auka, av enkeltpostar er det vedlikehald og elektrisk kraft som har auka mest. Dei faste kostnadene var kr 767 900 i 2010, mot kr 686 500 året før. Totale kostnader har dermed gått opp frå kr 1 786 600 i 2009 til kr 1 958 100 i 2010.

Av driftsresultata ser vi at det har vore ei positiv utvikling siste året for samdriftene når det gjeld driftsoverskotet. Det auka med kr 38 900. Vederlaget til arbeid og eigenkapital per årsverk auka frå kr 282 600 i 2009 til kr 284 400 i 2010. Dette er ein auke på 1 prosent. Tilsvarende auke for mjølkebruka elles i driftsgranskingane er 8 prosent for 2010.

Tabell 2.19 Samdrifter med mjølkeproduksjon. Samanlikning av resultat for åra 2009 og 2010

Dairy joint operations. Comparison of data from the years 2009 and 2010

		2009	2010
Tal bruk	<i>Number of holdings</i>	33	34
Jordbruksareal, daa	<i>Agricultural land, decares</i>	615	629
Herav leigd	<i>Of which hired</i>	198	199
Eigedelar i jordbruket 31.12, kr	<i>Assets of agriculture on 31 December, NOK</i>	5 460 400	6 207 800
Tal årskyr	<i>Number of cows</i>	41,0	41,7
Mjøl per årsku, kg	<i>Milk per cow, kg</i>	7 652	7 787
Kjøtt per årsku, kg	<i>Meat per cow, kg</i>	280	273
Omsett mjølk, liter	<i>Sold milk, litres</i>	286 308	297 597
Mjølkekvote, liter	<i>Milk quota, litres</i>	289 546	304 887
Mjølkepris, kr/liter	<i>Milk price, NOK/litre</i>	4,10	4,44
Pris på kjøtt, kr/kg	<i>Cow's meat price, NOK/kg</i>	35,38	35,46
Pris på anna storfekjøtt, kr/kg	<i>Beef price, NOK/kg</i>	42,43	43,10
Arbeidsinnsats i alt (jordbruket), timar	<i>Labour input (agriculture), hours</i>	4786	4950
Timar per årsku	<i>Hours per cow</i>	117	119
Produksjonsinntekter, kr	<i>Total output, NOK</i>		
Storfe:	<i>Cattle:</i>		
Mjøl	<i>Milk</i>	1 173 100	1 320 000
Kjøtt	<i>Cow's meat</i>	167 200	177 400
Anna storfekjøtt	<i>Beef</i>	293 500	314 100
Livdyr	<i>Livestock</i>	54 000	39 400
Inntekt frå husdyrprodukt i alt	<i>Output from animal products</i>	1 730 100	1 902 100
Inntekt frå planteprodukt i alt	<i>Output from crop products</i>	73 900	53 200
Tilskot	<i>Support</i>	687 800	725 200
Andre inntekter	<i>Other income</i>	39 000	60 000
Botnfrådrag	<i>Basic deduction</i>	-6 600	-6 400
Sum	<i>Total</i>	2 523 800	2 734 200
Variable kostnader, kr	<i>Variable costs, NOK</i>		
Så Korn, anna såfrø og planter	<i>Cereal seeds and other seeds/plants</i>	16 900	15 100
Handelsgjødsel og kalk	<i>Fertilizer and lime</i>	89 400	73 000
Kraftfôr	<i>Feed concentrate</i>	490 200	522 700
Anna fôr	<i>Other fodder</i>	45 800	68 400
Konserveringsmiddel	<i>Preservatives</i>	22 700	16 700
Diverse til husdyrhaldet	<i>Veterinary costs etc.</i>	70 600	79 900
Kjøp av dyr	<i>Purchase of livestock</i>	39 500	62 600
Andre forbruksartiklar	<i>Other variable costs</i>	71 400	69 100
Sum	<i>Total</i>	846 500	907 600
Faste kostnader, kr	<i>Fixed costs, NOK</i>		
Leigd arbeid	<i>Hired labour</i>	108 800	113 900
Drivstoff	<i>Fuel</i>	43 300	48 500
Vedlikehald	<i>Maintenance</i>	164 500	192 700
Maskinleige og leasing	<i>Rented machinery</i>	124 300	135 800
Jordleige, kvoteleige, leige dr.bygn.	<i>Rented farmland</i>	45 900	49 700
Forsikringar	<i>Insurance</i>	45 700	50 800
Elektrisk kraft	<i>Electricity</i>	52 900	68 200
Administrasjon	<i>Administration</i>	101 000	108 200
Sum	<i>Total</i>	686 500	767 900
Avskrivningar i alt, kr	<i>Total depreciation, NOK</i>	253 600	282 600
Driftsoverskot, kr	<i>Net income, NOK</i>	737 200	776 100
Familiens arbeidsforteneste, kr	<i>Family labour income, NOK</i>	573 900	592 200
Lønsevne i alt, kr	<i>Capacity to pay, NOK</i>	682 800	706 100
Lønsevne, kr per time	<i>Capacity to pay, NOK per hour</i>	142,66	142,64
Familiens arbeidsforteneste, kr per årsverk	<i>Family labour income, NOK per man-year</i>	261 400	258 100
Vederlag til arbeid og eigenkapital, kr	<i>Return on labour and own capital, NOK</i>	733 100	763 100
Vederlag til arbeid og e.k., kr per årsverk	<i>Return on labour and own cap., NOK per m-y</i>	282 600	284 400
Eigenkapitalprosent	<i>Own capital, percentage</i>	50	48

I tabell 2.20 vert samdriftene samanlikna med ei gruppe store mjølkeproduksjonsbruk som er drivne av enkeltbrukarar. Driftsomfanget på desse har vore 41,7 årskyr, det same som i samdriftene. Omfanget av husdyrhaldet har da vore såpass likt at dette skulle vere ei god samanlikningsgruppe. Det viser seg at samdriftene har mykje større areal enn dei store mjølkebruka, 629 dekar mot 567 dekar. Dei store mjølkebruka har teke litt større avlingar enn samdriftene: 384 FEm per dekar, mot 359 FEm per dekar. Vi trur at noko av dette skuldast plasseringa til dei store mjølkebruka. Dei fleste ligg i flatbygdene medan samdriftene er meir spreidde over heile landet og har noko dårlegare naturgitte forhold.

Samla eigedelar i jordbruket hos samdriftene var 31. desember 2010 verd 6,2 mill. kroner. På same tidspunkt var verdien av jordbrukseigedelane på dei store mjølkebruka 5,8 mill. kroner.

Samdriftene har hatt større mjølkekvote enn dei store mjølkebruka. Samdriftene har dessutan utnytta mjølkekvoten betre, med 98 prosent fyllingsgrad. På dei store mjølkebruka vart 95 prosent av kvoten oppfylt. Arbeidseffektiviteten ser ut til å ha vore litt betre på dei store mjølkebruka enn i samdriftene. Tal arbeidstimar per årsku var 103 på dei store mjølkebruka, mot 119 i samdriftene.

Vi trur at skilnaden i timebruk kan ha samanheng med korleis ein del av samdriftene er organiserte, med mjølkekyr i eitt fjøs og ungdyr i eit anna. Ofte kan også dei enkelte fjøsa og arealet liggje langt frå kvarandre, noko som gir fleire arbeidstimar for samdriftene.

Samdriftene har produsert noko meir kjøt enn dei store mjølkebruka, 273 kg kontra 247 kg per årsku. Samla inntekt frå husdyrhaldet har vore kr 1 902 100 hos samdriftene og kr 1 762 700 hos dei store mjølkebruka.

Utbetalte tilskot har vore mykje større hos samdriftene enn hos dei store mjølkebruka, kr 725 200 mot kr 646 300. Ein stor del av skilnaden skuldast at mange av samdriftene ligg i soner med høgare satsar for tilskot enn det som er tilfelle for dei store mjølkebruka. Vi har allereie sett at samdriftene har klart større areal. Dette har slege ut i høgare utbetalingar av areal- og kulturlandskapstilskot.

Sum produksjonsinntekter har vore kr 2 734 200 hos samdriftene. Tilsvarende sum hos dei store mjølkebruka har vore kr 2 493 400.

Dei variable kostnadene har vore høgare hos samdriftene. Dette skuldast i stor grad høgare kjøtproduksjon. Innkjøp av forbruksartiklar i husdyrhaldet har også kome opp i større beløp hos samdriftene, medan utgifter til innkjøp av dyr har vore mindre hos samdriftene. Dei har litt lågare faste kostnader enn dei store mjølkebruka, og spesielt er posten for leigd arbeid mindre. Både dei store mjølkebruka og samdriftene har hatt auke i faste kostnader. Dei store mjølkebruka har større kostnader til maskinleige, leasing, jordleige og kvoteleige enn samdriftene, kr 243 000 mot kr 185 500. Samla faste kostnader for samdriftene har vore kr 767 900, mot kr 808 000 for dei store mjølkebruka. Med omsyn til avskrivningar har samdriftene auka noko, frå kr 253 600 i 2009 til kr 282 600 i 2010. Dei store mjølkebruka har også hatt ein auke, frå kr 224 800 til 240 100 for dei same åra.

Driftsoverskotet frå jordbruket hos samdriftene har vore kr 776 100, mot kr 575 200 hos dei store mjølkebruka. Vederlaget til arbeid og eigenkapital per årsverk har vore kr 284 400 for samdriftene og kr 247 100 for dei store mjølkebruka.

Eigenkapitalprosenten har vore høvesvis 48 og 42.

Tabell 2.20 Samdrifter med mjølkeproduksjon kontra store mjølkeproduksjonsbruk.
Samanlikning av resultat for året 2010

Dairy joint operations versus large family dairy farms. Year 2010

		Samdrifter	Store mjølkebruk
		<i>Dairy joint operations</i>	<i>Large family dairy farms</i>
Tal bruk	<i>Number of holdings</i>	34	46
Jordbruksareal, daa	<i>Agricultural land, decares</i>	629	567
Herav leigd	<i>Of which hired</i>	199	279
Eigedelar i jordbruket 31.12, kr	<i>Assets of agriculture on 31 December, NOK</i>	6 207 800	5 831 900
Tal årskyr	<i>Number of cows</i>	41,7	41,7
Mjølke per årsku, kg	<i>Milk per cow, kg</i>	7 787	7 433
Kjøtt per årsku, kg	<i>Meat per cow, kg</i>	273	247
Omsett mjølk, liter	<i>Sold milk, litres</i>	297 597	280 711
Mjølkekvote, liter	<i>Milk quota, litres</i>	304 887	296 208
Mjølkepris, kr/liter	<i>Milk price, NOK/litre</i>	4,44	4,46
Pris på kukjøtt, kr/kg	<i>Cow's meat price, NOK/kg</i>	35,46	35,24
Pris på anna storfekjøtt, kr/kg	<i>Beef price, NOK/kg</i>	43,10	42,63
Arbeidsinnsats i alt (jordbruket), timar	<i>Labour input (agriculture), hours</i>	4 950	4 313
Timar per årsku	<i>Hours per cow</i>	119	103
Produksjonsinntekter, kr	<i>Total output, NOK</i>		
Storfe:	<i>Cattle:</i>		
Mjølke	<i>Milk</i>	1 320 000	1 251 800
Kukjøtt	<i>Cow's meat</i>	177 400	185 200
Anna storfekjøtt	<i>Beef</i>	314 100	272 800
Livdyr	<i>Livestock</i>	39 400	47 600
Inntekt frå husdyrprodukt i alt	<i>Output from animal products</i>	1 902 100	1 762 700
Inntekt frå planteprodukt i alt	<i>Output from crop products</i>	53 200	48 300
Tilskot	<i>Support</i>	725 200	646 300
Andre inntekter	<i>Other income</i>	60 000	39 700
Botnfrådrag	<i>Basic deduction</i>	-6 400	-3 600
Sum	<i>Total</i>	2 734 200	2 493 400
Variable kostnader, kr	<i>Variable costs, NOK</i>		
Så Korn, anna såfrø og planter	<i>Cereal seeds and other seeds/plants</i>	15 100	18 100
Handelsgjødsel og kalk	<i>Fertilizer and lime</i>	73 000	73 800
Kraftfôr	<i>Feed concentrate</i>	522 700	492 500
Anna fôr	<i>Other fodder</i>	68 400	75 100
Konserveringsmiddel	<i>Preservatives</i>	16 700	12 800
Kjøp av dyr	<i>Purchase of livestock</i>	62 600	71 800
Andre variable kostnader	<i>Other variable costs</i>	149 100	125 900
Sum variable kostnader	<i>Total</i>	907 600	870 100
Faste kostnader, kr	<i>Fixed costs, NOK</i>		
Leigd arbeid	<i>Hired labour</i>	113 900	143 000
Drivstoff	<i>Fuel</i>	48 500	52 500
Vedlikehald	<i>Maintenance</i>	192 700	182 900
Maskinleige, leasing, jord- og kvotelegie	<i>Rented machinery, rented farmland</i>	185 500	243 000
Andre faste kostnader	<i>Other fixed costs</i>	227 200	186 600
Sum faste kostnader	<i>Total</i>	767 900	808 000
Avskrivningar i alt, kr	<i>Total depreciation, NOK</i>	282 600	240 100
Driftsoverskot, kr	<i>Net income, NOK</i>	776 100	575 200
Familiens arbeidsforteneste, kr	<i>Family labour income, NOK</i>	592 200	404 000
Lønsevne i alt, kr	<i>Capacity to pay, NOK</i>	706 100	547 000
Lønsevne, kr per time	<i>Capacity to pay, NOK per hour</i>	142,64	126,82
Familiens arbeidsforteneste, kr per årsverk	<i>Family labour income, NOK per man-year</i>	258 100	212 200
Vederlag til arbeid og eigenkapital, kr	<i>Return on labour and own capital, NOK</i>	763 100	577 600
Vederlag til arbeid og e.k., kr per årsverk	<i>Return on l. and own cap., NOK per m-y</i>	284 400	247 100
Eigenkapitalprosent	<i>Own capital, percentage</i>	48	42

Økologisk mjølkeproduksjon

For 2010 har NILF hatt tilgang til rekneskapsmateriale for 29 økologiske mjølkeproduksjonsbruk. Av disse har 27 vore med i driftsgranskingane medan to har levert data til NILF på annan måte. Tabell 2.21 samanliknar resultat for dei økologiske mjølkebruka frå 2009 og 2010. Fire av bruka som leverte data for 2009, er ikkje med i 2010-materialet. For 2010 er det med eitt nytt økologisk mjølkeproduksjonsbruk. Dette må ein vere klar over når ein samanliknar data for 2009 og 2010. Dei 29 bruka hadde i middel 25,1 årskyr og eit driftsoverskot på kr 413 200 i 2010. Driftsoverskotet for økologiske mjølkebruk minka med kr 52 500 (11 prosent) frå 2009 til 2010. Vederlaget til arbeid og eigenkapital per årsverk gjekk ned frå kr 281 200 til kr 251 400.

Tal årskyr har minka med 0,9 frå 2009 til 2010. Mjølkeprisen gjekk opp med 36 øre, til kr 5,07 per liter i 2010. Samtidig fall kjøtprisen med 7 prosent. Inntektene frå storfeholdet var om lag like høge i 2010 som året før. Sum tilskot steig med 1 prosent frå 2009 til 2010. Variable kostnader gjekk opp med 8 prosent medan faste kostnader auka med 6 prosent.

Tabell 2.21 Økologisk mjølkeproduksjon. Samanlikning av åra 2009 og 2010

Organic dairy farming. Comparison of the years 2009 and 2010

		2009	2010
Tal bruk	<i>Number of holdings</i>	32	29
Per bruk	<i>Per holding</i>		
Areal i alt, daa	<i>Agricultural land, decares</i>	449	450
Herav grovfôr og beite	<i>Of which coarse fodder and pasture</i>	406	399
Grovfôr og beite, FEm per daa	<i>Coarse fodder and pasture, FUm per decares</i>	289	281
Tal årskyr	<i>Number of cows</i>	26,0	25,1
Tal kviger > 1 år	<i>Number of heifers > 1 year</i>	13,5	13,8
Tal oksar > 1 år	<i>Number of steers > 1 year</i>	1,8	1,1
Yting per årsku, kg	<i>Milk produced per cow, kg</i>	6 741	6 723
Omsett mjølk, l	<i>Milk sold, litres</i>	156 473	150 393
Mjølkekvote, l	<i>Milk quota, litres</i>	166 066	168 992
Prisar, kr per kg:	<i>Prices, NOK per kg:</i>		
Mjølkk	<i>Milk</i>	4,71	5,07
Kukjøtt	<i>Cow's meat</i>	39,39	36,98
Anna storfe kjøtt	<i>Beef</i>	43,53	41,42
Tal timar i jordbruket	<i>Total labour input, hours</i>	3 661	3 691
Tal timar per årsku	<i>Labour input per cow, hours</i>	141	147
Inntekter frå storfehold, kr	<i>Total output from cattle, NOK</i>	957 100	954 300
Inntekter frå andre husdyr, kr	<i>Total output from other husbandry, NOK</i>	9 700	9 400
Tilskot, kr	<i>Support, NOK</i>	536 700	543 400
Andre inntekter, kr	<i>Other output, NOK</i>	38 900	58 300
Variable kostnader i alt, kr	<i>Total variable costs, NOK</i>	395 900	428 000
Herav kraftfôr	<i>Of which feed concentrate, NOK</i>	226 900	234 200
Herav gjødsel og kalk	<i>Of which fertilizer and lime, NOK</i>	12 800	11 200
Herav anna fôr, kr	<i>Of which other fodder, NOK</i>	17 200	35 400
Faste kostnader i alt, ekskl. avskr., kr	<i>Total fixed costs, excl. depreciations, NOK</i>	527 700	559 500
Avskrivningar, kr	<i>Depreciation, NOK</i>	153 100	164 700
Herav driftsbygningar, kr	<i>Of which outbuildings, NOK</i>	86 300	97 400
Herav traktor, mask. og reiskapar, kr	<i>Of which tractors, machinery and equipment, NOK</i>	63 100	63 400
Driftsoverskot frå jordbruket, kr	<i>Net farm income, NOK</i>	465 700	413 200
Driftsoverskot frå skogbruket, kr	<i>Net income, forestry, NOK</i>	12 900	4 800
Driftsoverskot frå tilleggsnæring, kr	<i>Net income, supplementary joint operations, NOK</i>	45 000	51 000
Driftsoverskot frå anna næring, kr	<i>Net income, other occupations, NOK</i>	11 700	54 200
Lønsinntekter, kr	<i>Wages, NOK</i>	313 700	281 800
Vederlag til arbeid og eigenkapital, kr	<i>Return on labour and own capital, NOK</i>	558 100	503 000
Vederl. til arb. og eigenkap. per årsv, kr	<i>Return on labour and own cap. per man-year, NOK</i>	281 200	251 400

I 2010 var det med 302 mjølkeproduksjonsbruk i driftsgranskingane. Av desse bruka var 275 konvensjonelt drivne. Resultatet for dei konvensjonelt drivne mjølkebruka gjekk opp frå kr 210 000 i 2009 til kr 229 800 i 2010, målt i vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk. Mjølkeprisen for dei konvensjonelle bruka auka med 34 øre, til kr 4,35 per liter i 2010.

Eit interessant spørsmål er kva som er skilnaden i resultat mellom økologiske bruk og tilsvarande konvensjonelle bruk. Problemet er at det er vanskeleg å finne eit godt samanlikningsgrunnlag, sidan produksjonen er såpass ulik. Dei økologiske mjølkeproduksjonsbruka er noko større i areal enn snittet for dei konvensjonelle mjølkebruka i driftsgranskingane.

Dersom vi tek bort dei minste av dei konvensjonelle mjølkebruka, kan vi lage grupper med konvensjonelle bruk som liknar dei økologiske bruka med omsyn til anten gjennomsnittleg tal årskyr eller middels storleik på jordbruksarealet. Tabell 2.22 viser data for to slike grupper av konvensjonelle mjølkebruk saman med resultat for dei 29 økologiske bruka.

Tabell 2.22 Samanlikning av økologisk og konvensjonell mjølkeproduksjon i 2010
Comparison of organic dairy farming and conventional dairy farming in 2010

		Økologisk mjølkeproduksjon	Konvensjonell mjølkeproduksjon	
		<i>Organic dairy farming</i>	<i>Conventional dairy farming</i>	
			Med same tal årskyr	Med like stort jordbruksareal
			<i>With the same number of cows</i>	<i>With the same acreage</i>
Tal bruk	<i>Number of holdings</i>	29	199	129
Per bruk	<i>Per holding</i>			
Areal i alt, daa	<i>Agricultural land, decares</i>	450	320	451
Herav grovfôr og beite	<i>Of which coarse fodder and pasture.</i>	399	302	419
Grovfôr og beite, FEm per daa	<i>Coarse fodd. and past, FUm per dec.</i>	281	361	330
Tal årskyr	<i>Number of cows</i>	25,1	25,1	27,3
Tal kviger > 1 år	<i>Number of heifers > 1 year</i>	13,8	14,2	16,3
Tal oksar > 1 år	<i>Number of steers > 1 year</i>	1,1	6,7	7,8
Yting per årsku, kg	<i>Milk produced per cow, kg</i>	6 723	7 378	7 439
Omsett mjølk, l	<i>Milk sold, litres</i>	150 393	168 045	183 811
Mjølkekvote, l	<i>Milk quota, litres</i>	168 992	173 949	192 018
Prisar, kr per kg: Mjølk	<i>Prices, NOK per kg: Milk</i>	5,07	4,35	4,34
Tal timar i jordbruket	<i>Total labour input, hours</i>	3 691	3 783	3 908
Tal timar per årsku	<i>Total labour input per cow, hours</i>	147	151	143
Inntekter frå husdyrhald, kr	<i>Total output from cattle, NOK</i>	963 700	1 047 800	1 155 100
Tilskot, kr	<i>Support, NOK</i>	543 400	509 200	574 200
Andre inntekter, kr	<i>Other output, NOK</i>	58 300	49 400	64 300
Variable kostnader i alt, kr	<i>Total variable costs, NOK</i>	428 000	534 300	597 000
Herav kraftfôr	<i>Of which feed concentrate, NOK</i>	234 200	296 700	325 500
Herav gjødsel og kalk	<i>Of which fertilizer and lime, NOK</i>	11 200	53 200	61 200
Faste kostnader i alt, ekskl. avskr., kr	<i>Total fixed costs, excl. deprec., NOK</i>	559 500	495 600	569 400
Avskrivningar, kr	<i>Depreciation, NOK</i>	164 700	139 200	158 800
Driftsoverskot frå jordbruket, kr	<i>Net farm income, NOK</i>	413 200	437 300	468 400
Vederlag til arbeid og eigenkap., kr	<i>Return on labour and own capital, NOK</i>	503 000	490 600	516 600
Vederl. til arb. og eigenkap. per årsv., kr	<i>Return on l. and own cap. per m-y, NOK</i>	251 400	239 300	243 900

Dei 199 største konvensjonelle mjølkebruka i 2010, når ein sorterer etter tal årskyr, har eit snitt på 25,1 årskyr. Talet er det same som for dei økologiske bruka. Denne gruppa av konvensjonelt drivne bruk har levert 17 700 liter meir mjølk enn dei økologiske. Dei konvensjonelle bruka har produsert over 650 kg meir mjølk per årsku enn dei økologiske. Dessutan har dei konvensjonelle bruka produsert 3 400 kg meir kjøt. Dei økologiske mjølkebruka produserer nesten ikkje oksekjøt.

Dei økologiske mjølkebruka har fått utbetalt over 70 øre meir i mjølkepris enn dei konvensjonelle, og kjøtprisen er også høgare for dei økologiske bruka. Dei økologiske bruka fekk utbetalt kr 34 200 meir i tilskot enn kva dei konvensjonelle bruka fekk. Når det gjeld kostnader i alt, var desse større for dei konvensjonelle bruka enn for dei økologiske. Dei variable kostnadene var kr 106 300 høgare for dei konvensjonelle bruka. Derimot hadde dei økologiske bruka kr 89 400 meir i faste kostnader. Driftsoverskotet for dei 199 konvensjonelle bruka var på kr 437 300, noko som var kr 24 100 høgare enn for dei økologiske. Dei økologiske bruka oppnådde eit vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk på kr 251 400. Resultatet ligg kr 12 100 over det som dei konvensjonelle bruka oppnådde.

Arealet er ofte den avgrensande faktoren for produksjonen på økologiske mjølkebruk. Avlingsnivået er også lågare enn ved konvensjonell drift. Derfor er det interessant å samanlikne konvensjonell og økologisk drift på bruk med like store areal. Dei økologiske mjølkebruka hadde i snitt eit jordbruksareal på 450 dekar i 2010. Omtrent like stort gjennomsnittsareal (451 dekar) hadde dei 129 konvensjonelle mjølkebruka med størst areal. Dei sistnemnde bruka hadde i snitt 27,3 årskyr og ein produksjon på 183 800 liter mjølk og 7 600 kg kjøt. Produksjonen av mjølk og kjøt var vesentleg større på desse konvensjonelle bruka enn i den økologiske gruppa. Dei 129 konvensjonelt drivne bruka med størst areal hadde eit driftsoverskot på kr 468 400, noko som er kr 55 200 høgare enn for dei økologiske bruka. Dei konvensjonelle bruka fekk utbetalt kr 30 800 meir i tilskot og oppnådde kr 191 400 meir i husdyrinntekter enn dei økologiske bruka. Kostnader i alt var kr 173 000 større for dei konvensjonelle bruka enn for dei økologiske. Arbeidsforbruket i jordbruket var 220 timar større i den konvensjonelle gruppa. Det er også naturleg med større arbeidsforbruk, i og med høgare produksjon. Vederlaget til arbeid og eigenkapital per årsverk var kr 7 500 større for økologiske bruk enn for konvensjonelle bruk med same areal.

Dei økologiske mjølkeproduksjonsbruka greier ikkje å fylle mjølkekvoten. I 2010 hadde dei ein gjennomsnittleg mjølkekvote på 169 000 liter. Omsett mjølkemengd for desse bruka var 150 400 liter, og det betyr at kvota blei oppfylt i mindre grad (89 %) i 2010 enn i 2009 (94 %). Dei 275 konvensjonelle mjølkeproduksjonsbruka i driftsgranskingane for 2010 hadde i snitt ein mjølkekvote på 148 200 liter og ei omsett mengd mjølk på 141 700 liter, altså ein fyllingsgrad på 96 prosent. I 2010 var det større skilnad mellom økologiske bruk og konvensjonelle bruk med omsyn til kvotefylling, enn det var i 2009.

2.3.2 Produksjon av kumjølkk og svinekjøt

Hovudtabell: 17b.

Tabell 2.23 viser nokre data for denne driftsforma. Det har vore prisauke for både mjølk, anna storfekjøtt enn kukjøtt, svinekjøtt og smågrisar i 2010. Prisen på kukjøtt har derimot gått litt ned.

Vederlaget til arbeid og egenkapital per årsverk var 7 prosent høgare i 2010 enn i 2009.


Gjennom tiåret frå 2001 har vederlaget til arbeid og egenkapital per årsverk auka med 52 prosent, målt i faste 2010-kroner. Figur 2.7 gir eit inntrykk av korleis lønsemnda har endra seg frå år til år i perioden.

Skattejustering aukar vederlaget til arbeid og egenkapital per årsverk i 2010 med kr 26 700.

Tabell 2.23 Produksjon av kumjolk og svinekjøt

Combined dairy and pig farming

		2010	2009
Tal bruk	<i>Number of holdings</i>	30	30
Jordbruksareal, daa	<i>Agricultural land, decares</i>	320	306
Avling i alt, FEm per daa	<i>Total crops, FUm per decares</i>	406	412
Tal årskyr	<i>Number of cows</i>	23,4	23,6
Mjolk per årsku, kg	<i>Milk per cow, kg</i>	7 270	7 204
Tal avlsgrisar	<i>Number of pigs for breeding</i>	28,6	28,0
Oppnådde prisar, kr	<i>Prices obtained, NOK</i>		
Mjolk, per l	<i>Milk, per l</i>	4,39	4,06
Kukjøt, per kg	<i>Meat (cow), per kg</i>	35,06	35,24
Anna storfekjøt, per kg	<i>Meat (beef), per kg</i>	40,60	40,29
Svinekjøt, per kg	<i>Pork, per kg</i>	23,31	22,77
Smågris, per stk	<i>Piglets for sale</i>	865	837
Familiens arbeidsforteneste, kr per årsverk	<i>Family labour income, NOK per man-year</i>	288 500	269 000
Vederlag til arbeid og EK, kr per årsverk	<i>Return on labour and own capital, NOK per man-year</i>	303 500	283 000
Vederlag til familiens arbeid og EK, kr per årsverk	<i>Return on family labour and own capital, NOK per m-y</i>	299 100	276 200
Skattejustert vederl. til arbeid og EK, kr per årsv.	<i>Tax-adjusted return on labour and own cap., NOK per m-y</i>	330 200	309 600
Lønsevne, kr per time	<i>Capacity to pay, NOK per hour</i>	159,90	150,21



Figur 2.7 Driftsresultat for bruk med produksjon av kumjolk og svinekjøt, 2001–2010. Faste 2010-kroner

Operating results for combined dairy and pig farming, 2001–2010. NOK-2010

2.3.3 Produksjon av kumjøl, storfeslakt og korn

Hovudtabell: 17f.

Tabell 2.24 viser at for denne driftsforma har vederlaget til arbeid og egenkapital per årsverk gått opp med 13 prosent frå 2009 til 2010. Havre og kveite gav langt høgare avlingar i 2010 enn i året før, men byggavlinga gjekk ned. Kornprisane gjekk opp, og at det var prisauke for kumjøl. Ein liten prisreduksjon vart registrert for kukjøl og anna storfekjøl.


Frå 2001 til 2010 har driftsforma hatt 14 prosent auke i vederlaget til arbeid og egenkapital per årsverk, målt i faste 2010-kroner. Figur 2.8 gir eit bilete av driftsresultat gjennom 10 år.

Når vederlaget til arbeid og egenkapital per årsverk vert justert for effekten av jordbruksfrådraget, aukar resultatet for 2010 med kr 23 700.

Tabell 2.24 Produksjon av kumjøl, storfeslakt og korn

Combined dairy, beef farming and cereal production

		2010	2009
Tal bruk	<i>Number of holdings</i>	15	17
Jordbruksareal, daa	<i>Agricultural land, decares</i>	620	605
Av dette kornareal, daa	<i>Of which land for cereal production, decares</i>	349	348
Avlingar	<i>Crops</i>		
I alt, FEm per daa	<i>Total, FUm per decare</i>	401	398
Bygg, kg per daa	<i>Barley, kg per decare</i>	324	372
Havre, "	<i>Oats, "</i>	449	377
Kveite, "	<i>Wheat "</i>	429	328
Grovfôr, FEm per daa	<i>Fodder crops, FUm per decare</i>	470	489
Tal årskyr	<i>Number of cows</i>	23,9	23,7
Mjøl per årsku, kg	<i>Milk per cow, kg</i>	7 484	7 497
Oppnådde prisar, kr	<i>Prices obtained, NOK</i>		
Bygg, per kg	<i>Barley, per kg</i>	1,98	1,91
Havre, per kg	<i>Oats, per kg</i>	1,82	1,77
Kveite, per kg	<i>Wheat, per kg</i>	2,14	2,08
Mjøl, per l	<i>Milk, per l</i>	4,47	4,10
Kukjøl, per kg	<i>Meat (cow), per kg</i>	35,17	35,24
Anna storfekjøl, per kg	<i>Meat (beef), per kg</i>	41,87	41,94
Familiens arbeidsforteneste, kr per årsverk	<i>Family labour income, NOK</i>	207 100	164 800
Vederlag til arbeid og EK, kr per årsverk	<i>Return on labour and own capital, NOK per man-year</i>	255 900	225 700
Vederlag til familiens arbeid og EK, kr per årsverk	<i>Return on family labour and own cap., NOK per man-year</i>	232 100	190 900
Skattejustert vederlag til a. og EK, kr per årsverk	<i>Tax-adjusted return on labour and own cap., NOK per m-y</i>	279 600	248 200
Lønsevne, kr per time	<i>Capacity to pay, NOK per hour</i>	128,94	111,99



Figur 2.8 Driftsresultat for bruk med produksjon av kumjøl, storfeslakt og korn, 2001–2010. Faste 2010-kroner

Operating results for combined dairy, beef farming and cereal production, 2001–2010. NOK-2010

2.3.4 Kumjølproduksjon og sauehald

Hovudtabell: 17c.

Eit utval av data for denne gruppa av bruk finst i tabell 2.25. Vederlaget til arbeid og egenkapital per årsverk har auka med 3 prosent frå 2009 til 2010. Både mjølkeprisen og prisen på saue- og lammekjøt har gått opp.


Vederlaget til arbeid og egenkapital per årsverk var 48 prosent høgare i 2010 enn i 2001, målt i faste 2010-kroner. Figur 2.9 presenterer utviklinga i lønsemd.

Vederlaget til arbeid og egenkapital per årsverk for 2010 aukar med kr 24 800 når vi legg inn skattejustering.

Tabell 2.25 Kumjølkeproduksjon og sauehald

Combined dairy and sheep farming

		2010	2009
Tal bruk	<i>Number of holdings</i>	48	51
Jordbruksareal, daa	<i>Agricultural land, decares</i>	386	358
Avling, FEm per daa	<i>Total crops, FUm per decares</i>	301	329
Tal årskyr	<i>Number of cows</i>	19,9	19,0
Mjølkemengde per årsku, kg	<i>Milk per cow, kg</i>	6 955	7 204
Mjølkepris, kr per l	<i>Milk price, NOK per l</i>	4,30	4,03
Tal vinterfôra sauer	<i>Number of winter-fed sheep</i>	95	88
Saue- og lammekjøtt, kr per kg	<i>Meat price (mutton and lamb), NOK per kg</i>	39,52	38,56
Familiens arbeidsforteneste, kr per årsverk	<i>Family labour income, NOK per man-year</i>	194 900	193 300
Vederlag til arbeid og EK, kr per årsverk	<i>Return on labour and own capital, NOK per man-year</i>	231 500	225 500
Vederlag til familiens arbeid og EK, kr per årsverk	<i>Return on family labour and own capital, NOK per man-year</i>	216 200	210 300
Skattejustert vederlag til arb. og EK, kr per årsverk	<i>Tax-adjusted return on labour and own cap., NOK per m-y</i>	256 300	249 500
Lønsevne, kr per time	<i>Capacity to pay, NOK per hour</i>	115,99	114,47



Figur 2.9 Driftsresultat for bruk med kumjølkeproduksjon og sauehald, 2001–2010. Faste 2010-kroner

Operating results for combined dairy and sheep farming, 2001–2010. NOK-2010

2.3.5 Kornproduksjon

Hovedtabell: 17d.

Tabell 2.26 fortel at vederlaget til arbeid og egenkapital per årsverk har gått opp med heile 277 prosent frå 2009 til 2010. At utslaget har vorte så sterkt, har samanheng med at korndyrking gav svært låg lønsemd i 2009. I 2010 var avlingane langt betre, samtidig med at kostnadene til handelsgjødsel og kalk var tydeleg lågare enn i året før. Medan prisen på bygg så vidt auka i 2010, gjekk havreprisen ned. Prisen på kveite var uendra. Vederlaget til arbeid og egenkapital per årsverk for 2010 ligg 19 prosent over resultatet frå 2001, målt i faste 2010-kroner. Det er typisk for denne driftsforma at ho kan vere utsett for store svingingar i lønsemd frå år til år. Figur 2.10 stadfestar dette.


Figur 2.11 illustrerer korleis totalkapital, gjeld og egenkapital har utvikla seg innafør driftsforma. Jordbruket sin del av totalkapitalen utgjorde 39 prosent i 2001 og 37 prosent i 2010. Gjeldsprosenten har auka i den same perioden, frå 33 til 35.

For 2010 blir vederlaget til arbeid og egenkapital per årsverk kr 60 900 større som følgje av skattejustering. At skattejusteringa har så sterk effekt, skuldast at gjennomsnittleg arbeidsforbruk per bruk i denne gruppa var berre 0,45 årsverk i 2010.


Tabell 2.26 Kornproduksjon

Cereal production

		2010	2009
Tal bruk	<i>Number of holdings</i>	95	98
Jordbruksareal, daa	<i>Agricultural land, decares</i>	364	357
Avlingar, kg per daa	<i>Crops, kg per decare</i>		
Bygg	<i>Barley</i>	410	395
Havre	<i>Oats</i>	432	384
Kveite	<i>Wheat</i>	472	332
Oppnådde prisar, kr per kg	<i>Prices obtained, NOK per kg</i>		
Bygg	<i>Barley</i>	2,07	2,06
Havre	<i>Oats</i>	1,86	1,90
Kveite	<i>Wheat</i>	2,18	2,18
Familiens arbeidsforteneste, kr per årsverk	<i>Family labour income, NOK per man-year</i>	119 300	5 500
Vederlag til arbeid og EK, kr per årsverk	<i>Return on labour and own capital, NOK per man-year</i>	180 000	64 900
Vederlag til familiens arbeid og EK, kr per årsverk	<i>Return on family labour and own capital, NOK per man-year</i>	176 900	54 700
Skattejustert vederlag til arb. og EK, kr per årsv.	<i>Tax-adjusted return on labour and own c., NOK per man-year</i>	240 900	116 500
Lønsevne, kr per time	<i>Capacity to pay, NOK per hour</i>	67,55	9,68



Figur 2.10 Driftsresultat for bruk med kornproduksjon, 2001–2010. Faste 2010-kroner
 Operating results for cereal production, 2001–2010. NOK-2010



Figur 2.11 Samansetjing av egedelar og total gjeld per bruk, 2001–2010. Bruk med kornproduksjon. Faste 2010-kroner
 Assets and debts per holding, 2001–2010. Cereal production. NOK-2010

Variasjon innafor kornproduksjonen

Tabellane 2.27 og 2.28 viser variasjon i lønsemd og nokre andre faktorar for arealgruppene «200–300 dekar» og «300–500 dekar» på bruk med kornproduksjon. *Arealet* vil først og fremst vere den faktoren som avgrensar produksjonsomfanget, og driftsoverskot per dekar er derfor valt som sorteringskriterium. For nærare forklaring av kva «svakaste tredel» og «beste tredel» inneber, sjå omtalen i avsnittet om variasjon under driftsforma «produksjon av kumjolk og storfeslakt». Der er det også forklart korfor gruppegjennomsnitta i «variasjonstabellane» kan avvike frå tilsynelatande samanliknbare tal i hovudtabell 17.

Tabell 2.27 Variasjon. Kornproduksjon: 200–300 daa

Variation. Cereal production: 200–300 decares

Alle regionar	<i>All regions</i>	Gjennom- Snitt <i>Mean</i>	Standard- avvik <i>Std. dev</i>	Beste tredel <i>Highest third</i>	Svakaste tredel <i>Lowest third</i> <i>Total %</i>	
Tal bruk	<i>Number of holdings</i>	20		7	7	
Areal per bruk, daa	<i>Decares per holding</i>	246	29	249	242	97
Alder på brukaren	<i>Farmer's age</i>	52	8	52	50	96
Driftsoverskot jordbruk, kr per daa	<i>Net farm income, NOK per decare</i>	246	274	560	-17	
Driftsoverskot jordbruk, kr per bruk	<i>Net farm income, NOK per holding</i>	60 500	68 800	139 400	-5 000	
Vederlag til arbeid og eigenkapital, kr per årsverk	<i>Return on labour and own capital, NOK per man-year</i>	192 100	356 900	519 000	-164 000	
Kornareal, daa	<i>Decares of cereal crops</i>	244	29	249	242	97
Kornavling i alt, kg per daa	<i>Total crops, kg per decare</i>	389	112	436	361	83
Arbeidsforbruk, timar per daa	<i>Labour input, hours per decare</i>	2,27	1,26	2,27	2,78	122
Kornpris, kr per kg	<i>Price of crop, NOK per kg</i>	2,11	0,52	2,38	2,02	85
Produksjonsinntekter korn, kr per daa	<i>Output crop, NOK per decare</i>	802	251	977	716	73
Produksjonstilskot, kr per daa	<i>Prod. allowances, NOK per decare</i>	435	159	447	475	106
Variable kostnader, kr per daa	<i>Variable costs, NOK per decare</i>	270	62	247	297	120
Faste kostnader, kr per daa	<i>Fixed costs, NOK per decare</i>	792	209	674	964	143

Den svakaste tredelen av bruka med 200–300 dekar oppnår negativt driftsoverskot og negativt vederlag til arbeid og eigenkapital. Den beste tredelen har 21 prosent høgare kornavlingar og oppnår 18 prosent høgare pris enn den svakaste gruppa. Dei variable kostnadene er 17 prosent lågare, medan dei faste kostnadene er 30 prosent lågare, i den beste tredelen. Arbeidsforbruket er 18 prosent lågare i den beste tredelen.

I arealgruppa «300–500 dekar» er både driftsoverskot og vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk i den svakaste tredelen positive. Resultata utgjer høvesvis 0 prosent og 9 prosent av nivået som er oppnådd i den beste tredelen. Den beste tredelen har 19 prosent høgare avlingsnivå og har oppnådd 13 prosent høgare pris. Dei faste kostnadene per dekar er 27 prosent lågare hos den beste tredelen. Arbeidsforbruket er 14 prosent høgare hos den beste tredelen. Dei variable kostnadene er 1 prosent høgare hos den beste tredelen.

Tabell 2.28 Variasjon. Kornproduksjon: 300–500 daa

Variation. Cereal production: 300–500 decares

Alle regionar	<i>All regions</i>	Gjennom- snitt <i>Mean</i>	Standard- avvik <i>Std. dev</i>	Beste tredel <i>Highest third</i>	Svakaste tredel <i>Lowest third</i> <i>Total %</i>	
Tal bruk	<i>Number of holdings</i>	29		10	10	
Areal per bruk, daa	<i>Decares per holding</i>	392	54	402	386	96
Alder på brukaren	<i>Farmer's age</i>	49	10	50	48	96
Driftsoverskot jordbruk, kr per daa	<i>Net farm income, NOK per decare</i>	309	248	560	53	9
Driftsoverskot jordbruk, kr per bruk	<i>Net farm income, NOK per holding</i>	121 600	97 900	222 800	19 800	9
Vederlag til arbeid og egenkapital, kr per årsverk	<i>Return on labour and own capital, NOK per man-year</i>	184 800	203 300	376 600	500	0
Kornareal, daa	<i>Decares of cereal crops</i>	368	63	388	345	89
Kornavling i alt, kg per daa	<i>Total crops, kg per decare</i>	430	113	474	397	84
Arbeidsforbruk, timar per daa	<i>Labour input, hours per decare</i>	2,54	1,04	2,66	2,34	88
Kornpris, kr per kg	<i>Price of crop, NOK per kg</i>	1,99	0,23	2,12	1,88	89
Produksjonsinntekter korn, kr per daa	<i>Output crop, NOK per decare</i>	867	291	1 020	755	74
Produksjonstilskot, kr per daa	<i>Prod. allowances, NOK per decare</i>	394	94	395	400	101
Variable kostnader, kr per daa	<i>Variable costs, NOK per decare</i>	281	95	305	301	99
Faste kostnader, kr per daa	<i>Fixed costs, NOK per decare</i>	759	296	655	897	137

For arealgruppa «over 500 dekar» (sjå tabell 2.29) er driftsoverskotet per dekar og vederlaget til arbeid og egenkapital per årsverk positive i den svakaste tredelen og utgjør høvesvis 18 og 13 prosent av nivået i den beste tredelen. Den beste tredelen har 27 prosent høgare avlingsnivå og har oppnådd 2 prosent høgare pris. Faste kostnader er 21 prosent lågare, variable kostnader er 11 prosent høgare, og arbeidsforbruket per dekar er heile 73 prosent høgare for den beste tredelen.

Tabell 2.29 Variasjon. Kornproduksjon: Over 500 daa

Variation. Cereal production: More than 500 decares

Alle regionar	<i>All regions</i>	Gjennom- snitt <i>Mean</i>	Standard- avvik <i>Std. dev</i>	Beste tredel <i>Highest third</i>	Svakaste tredel <i>Lowest third</i> <i>Total %</i>	
Tal bruk	<i>Number of holdings</i>	19		6	6	
Areal per bruk, daa	<i>Decares per holding</i>	741	185	722	732	101
Alder på brukaren	<i>Farmer's age</i>	48	7	53	44	83
Driftsoverskot jordbruk, kr per daa	<i>Net farm income, NOK per decare</i>	364	233	626	114	18
Driftsoverskot jordbruk, kr per bruk	<i>Net farm income, NOK per holding</i>	266 100	171 400	446 100	83 500	19
Vederlag til arbeid og egenkapital, kr per årsverk	<i>Return on labour and own capital, NOK per man-year</i>	413 700	393 100	632 900	81 700	13
Kornareal, daa	<i>Decares of cereal crops</i>	715	200	706	664	94
Kornavling i alt, kg per daa	<i>Total crops, kg per decare</i>	451	88	482	381	79
Arbeidsforbruk, timar per daa	<i>Labour input, hours per decare</i>	2,07	1,79	3,14	1,81	58
Kornpris, kr per kg	<i>Price of crop, NOK per kg</i>	2,09	0,19	2,14	2,09	98
Produksjonsinntekter korn, kr per daa	<i>Output crop, NOK per decare</i>	945	211	1 035	799	77
Produksjonstilskot, kr per daa	<i>Prod. allowances, NOK per decare</i>	379	64	397	343	86
Variable kostnader, kr per daa	<i>Variable costs, NOK per decare</i>	304	80	306	275	90
Faste kostnader, kr per daa	<i>Fixed costs, NOK per decare</i>	720	165	621	784	126

Tabell 2.30 gir eit samandrag av resultatane i tabellane 2.27–2.29 og viser det relative forholdet mellom den svakaste og den beste tredelen. Utheving markerer at den svakaste tredelen har dei høgaste verdiane. Resultatmåla er utelatne fordi lønsemda er negativ hos den svakaste tredelen i alle storleiksgrupper.

Tabell 2.30 Variasjon. Kornproduksjon: 200–300 daa, 300–500 daa og over 500 daa. Den svakaste tredelen sin relative del sett i forhold til den beste. Prosent
Variation. Cereal production: 200-300 decares, 300-500 decares and more than 500 decares. The lowest third relatively to the highest. Per cent

Alle regionar	All regions	Jordbruksareal, daa Farmland, decares		
		200-300	300-500	> 500
Tal bruk	<i>Number of holdings</i>	20	29	19
Areal per bruk, daa	<i>Decares per holding</i>	97	96	101
Alder på brukaren	<i>Farmer's age</i>	96	96	83
Kornareal, daa	<i>Decares of ceral crops</i>	97	89	94
Kornavling i alt, kg per daa	<i>Total crops, kg per decare</i>	83	84	79
Arbeidsforbruk, timar per daa	<i>Labour input, hours per decare</i>	122	88	58
Kornpris, kr per kg	<i>Price of crop, NOK per kg</i>	85	89	98
Produksjonsinntekter korn, kr per daa	<i>Output crop, NOK per decare</i>	73	74	77
Produksjonstilskot, kr per daa	<i>Prod. allowances, NOK per decare</i>	106	101	86
Variable kostnader, kr per daa	<i>Variable costs, NOK per decare</i>	120	99	90
Faste kostnader, kr per daa	<i>Fixed costs, NOK per decare</i>	143	137	126

Dei faste kostnadene betyr mykje for variasjonen i resultat. Tabell 2.31 fortel om samansetjinga av faste kostnader for storleiksgruppene «200–300 dekar», «300–500 dekar» og «større enn 500 dekar».


Vi ser av tabellen at jordleige utgjer ein større del av dei faste kostnadene utanom avskrivningar jo større jordbruksarealet er. «Andre faste kostnader», som blant anna omfattar administrasjon og forsikring, går ned med aukande bruksstorleik. Kostnader til maskinar (medrekna traktor) og reiskapar utgjer ein mindre del når storleiken på arealet aukar.

Tabell 2.31 Kornproduksjon: 200–300 daa, 300–500 daa og over 500 daa.
Samansetjing av faste kostnader. Prosent

*Cereal production: 200–300 decares, 300-500 decares and more than 500 decares.
Fixed costs, per cent*

Alle regionar	All regions	Jordbruksareal, daa Farmland, decares		
		200-300	300-500	> 500
Leigd arbeid	Hired labour	1	3	3
Maskinar og reiskapar	Machinery and equipment	12	10	11
Traktor	Tractors	9	6	5
Driftsbygningar	Outbuildings	7	8	7
Jord, grøfter og vatningsanlegg	Farmlands, drainage and water supply	3	5	5
Drivstoff	Fuel	13	12	14
Maskinleige	Rented machinery	15	18	11
Jordleige	Rented farmland	5	9	19
Andre faste kostnader ekskl. avskr.	Other fixed costs	36	29	25
Sum faste kostnader ekskl. avskrivningar	Total fixed costs excl. depreciation	100	100	100
Sum faste kostnader ekskl. avskr., kr	Total fixed costs excl. depr., NOK	133 600	214 800	385 600
Avskrivningar:	Depreciation:			
Maskinar og reiskapar	Machinery and equipment	26	33	42
Traktor	Tractors	34	28	23
Driftsbygningar	Outbuildings	39	36	34
Jord og grøfter	Farmlands, drainage and water supply	1	2	2
Sum avskrivningar	Total depreciation	100	100	100
Sum avskrivningar, kr	Total depreciation, NOK	59 700	79 000	145 100
Faste kostnader inkl. avskrivningar, kr	Fixed costs incl. depreciations, NOK	193 300	293 800	530 700

Figur 2.12 viser driftsoverskot per dekar for fire ulike arealgrupper i kornproduksjonen. Gjennomsnittstorleiken i gruppene er 166, 249, 371 og 643 dekar, og respektive tal bruk i kvar gruppe er 28, 21, 18 og 28. Driftsoverskotet aukar med storleiken på arealet, anten tilskot er medrekna eller utelate. Utan tilskot er driftsoverskotet negativt for alle storleiksgruppene.



Figur 2.12 Driftsoverskot i kornproduksjonen. Kr per daa
Net farm income, cereal production. NOK per decares

2.3.6 Sauehald

Hovudtabell: 17g.

Tabell 2.32 viser at lønsemda innan sauehaldet har gått opp frå 2009 til 2010. Vederlaget til arbeid og eigenkapital per årsverk har auka med 5 prosent. Prisen på kjøt har vorte høgare medan ullprisen har falle.


Det vart oppnådd eit 30 prosent høgare vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk i 2010 enn i 2001, målt i faste 2010-kroner. Figur 2.13 set driftsresultata for dei siste 10 åra i samanheng. Det er karakteristisk for kurvene i figuren at dei gjer forholdsvis små utslag frå år til år.

Tiårsoversikt for eigedelar, gjeld og eigenkapital for deltakarar med sauehald er vist i figur 2.14. Jordbruket sin del av totalkapitalen var 36 prosent i 2001 og 34 prosent i 2010. Gjeldsprosenten ligg høgare i slutten av perioden enn i starten. Medan han var 25 i 2001, har han kome opp i 34 for 2010.


Skattejustering gjer vederlaget til arbeid og eigenkapital per årsverk i 2010 kr 28 600 større.

Tabell 2.32 Sauehald
Sheep farming

		2010	2009
Tal bruk	<i>Number of holdings</i>	97	100
Jordbruksareal, daa	<i>Agricultural land, decares</i>	214	214
Avling av grovfôr, FEm per daa	<i>Total crops, FUm per decares</i>	224	247
Tal vinterfôra sauer	<i>Winter-fed sheep (wfs), number</i>	140	142
Tal gagnslam per vinterfôra sau	<i>Lambs per wfs, number</i>	1,4	1,4
Kjøtmengde, kg per vinterfôra sau	<i>Produced meat, kg per wfs</i>	27	28
Kjøtpris, kr per kg	<i>Meat (mutton and lamb), NOK per kg</i>	38,28	37,35
Ullpris, kr per kg	<i>Wool, NOK per kg</i>	28,06	29,17
Familiens arbeidsforteneste, kr per årsverk	<i>Family labour income, NOK per man-year</i>	116 700	113 000
Vederlag til arbeid og EK, kr per årsverk	<i>Return on labour and own capital, NOK per man-year</i>	152 700	145 900
Vederlag til familiens arbeid og EK, kr per årsverk	<i>Return on family labour and own capital, NOK per man-year</i>	130 300	123 100
Skattejust. vederlag til arbeid og EK, kr per årsv.	<i>Tax-adjusted return on labour and own cap., NOK per m-y</i>	181 300	174 500
Lønsevne, kr per time	<i>Labour income, NOK per hour</i>	76,35	74,34



Figur 2.13 Driftsresultat for bruk med sauehald, 2001–2010. Faste 2010-kroner
 Operating results for sheep farming, 2001–2010. NOK-2010



Figur 2.14 Samansetjing av egedelar og total gjeld per bruk, 2001–2010. Bruk med sauehald. Faste 2010-kroner
 Assets and debts per holding, 2001–2010. Sheep farming. NOK-2010

Variasjon innafor sauehald

Tabellane 2.33 og 2.34 viser variasjonen i resultat og nokre andre faktorar, i storleiksgruppene «100–200 dekar» og «200–300 dekar» i sauehaldet. Bruka er sorterte etter driftsoverskot per vinterfôra sau. Dette kriteriet er valt fordi sauefjøsset, og dermed tal vinterfôra sauer, ofte vil vere det som avgrensar omfanget av produksjonen.

For nærare forklaring av kva «svakaste tredel» og «beste tredel» inneber, sjå omtalen i avsnittet om variasjon under driftsforma «produksjon av kumjôlk og storfeslakt». Der er det også forklart korfor gruppegjennomsnitta i «variasjonstabellane» kan avvike frå tilsynelatande samanliknbare tal i hovudtabell 17.

Tabell 2.33 Variasjon. Sauehald: 100–200 daa

Variation. Sheep farming: 100–200 decares

Alle regionar	<i>All regions</i>	Gjennom-	Standard-	Beste tredel	Svakaste tredel	
		snitt	avvik		Total	%
		<i>Mean</i>	<i>Std. dev</i>	<i>Highest third</i>		
Tal bruk	<i>Number of holdings</i>	35		12	12	13
Areal per bruk, daa	<i>Decares per holding</i>	147	26	150	137	91
Alder på brukaren	<i>Farmer's age</i>	50	8	47	50	106
Driftsoverskot, kr per vinterfôra sau	<i>Net farm income, NOK per wfs</i>	790	770	1 581	2	0
Driftsoverskot jordbruk, kr per bruk	<i>Net farm income, NOK per holding</i>	99 200	101 100	201 600	-200	0
Vederlag til arbeid og eigenkapital, kr per årsverk	<i>Return on labour and own capital, NOK per man-year</i>	131 600	117 800	223 100	15 100	7
Tal vinterfôra sauer	<i>Number of winter-fed sheep (wfs)</i>	118	43	135	101	75
Arbeidsforbruk, timar per vinterfôra sau	<i>Labour input, hours per wfs</i>	17,3	7,3	15,9	19,3	121
Prod. inntekt kjøt, kr per vinterfôra sau	<i>Output meat, NOK per wfs</i>	1 157	414	1 361	1 053	77
Produksjonstilskot, kr per vinterfôra sau	<i>Production allowances, NOK per wfs</i>	2 694	782	2 951	2 457	83
Variable kostnader, kr per vinterfôra sau	<i>Variable costs, NOK per wfs</i>	850	305	768	988	129
Faste kostnader, kr per vinterfôra sau	<i>Fixed costs, NOK per wfs</i>	2 231	885	1 838	2 747	149

Etter tabell 2.33 er driftsoverskotet per bruk for gruppa «100–200 dekar» så vidt negativt for den svakaste tredelen, medan vederlaget til arbeid og eigenkapital per årsverk er kr 15 000. For den svakaste tredelen ligg kjøtinntektene på 77 prosent av nivået hos den beste tredelen. Dei faste kostnadene er 49 prosent høgare hos svakaste tredel. Den svakaste tredelen har fått 17 prosent mindre i tilskot per vinterfôra sau. I sum har dette ført til at den svakaste tredelen har oppnådd berre 7 prosent av vederlaget til arbeid og eigenkapital per årsverk, sett i forhold til den beste tredelen.

Tabell 2.34 viser at også i gruppa «200–300 dekar» er avvika mellom den beste og den svakaste tredelen vesentlege. Til dømes er dei faste kostnadene 35 prosent høgare for den svakaste tredelen. Den svakaste tredelen har oppnådd 16 prosent av vederlaget til arbeid og eigenkapital per årsverk, og 13 prosent av driftsoverskotet per vinterfôra sau, samanlikna med den beste tredelen.

Tabell 2.34 Variasjon. Sauehald: 200–300 daa

Variation. Sheep farming: 200-300 decares

Alle regionar	<i>All regions</i>	Gjennom-	Standard-	Beste tredel	Svakaste tredel	
		snitt	avvik			
		Mean	<i>Std. dev</i>	<i>Highest third</i>	<i>Lowest third Total</i>	%
Tal bruk, 200-300 daa	<i>Number of holdings</i>	30		10	10	
Areal per bruk, daa	<i>Decares per holding</i>	238	25	245	228	93
Alder på brukaren	<i>Farmer's age</i>	49	9	52	48	92
Driftsoverskot, kr per vinterfôra sau	<i>Net farm income, NOK per wfs</i>	1 043	688	1 682	227	13
Driftsoverskot jordbruk, kr per bruk	<i>Net farm income, NOK per holding</i>	191 100	166 100	335 800	35 900	11
Vederlag til arbeid og egenkapital, kr per årsverk	<i>Return on labour and own capital, NOK per man-year</i>	168 000	132 300	272 000	43 800	16
Tal vinterfôra sauer	<i>Number of winter-fed sheep (wfs)</i>	178	78	201	166	83
Arbeidsforbruk, timer per vinterfôra sau	<i>Labour input, hours per wfs</i>	17,5	8,8	16,7	18,3	110
Prod. inntekt kjøtt, kr per vinterfôra sau	<i>Output meat, NOK per wfs</i>	1 074	420	1 220	720	59
Produksjonstilskot, kr per vinterfôra sau	<i>Production allowances, NOK per wfs</i>	2 576	663	2 720	2 150	79
Variable kostnader, kr per vinterfôra sau	<i>Variable costs, NOK per wfs</i>	794	339	720	660	92
Faste kostnader, kr per vinterfôra sau	<i>Fixed costs, NOK per wfs</i>	1 819	620	1 440	1 950	135

Tabell 2.35 viser det relative forholdet mellom den svakaste og den beste tredelen. Det er nytta utheva skrift der tredelen med svakast økonomisk resultat har dei høgaste verdiane.


Tabell 2.35 Variasjon. Sauehald: 100–200 daa og 200–300 daa. Den svakaste tredelen sin relative del sett i forhold til den beste tredelen, prosent

Variation. Sheep farming: 100–200 decares and 200–300 decares. The lowest third relatively to the highest, per cent

Alle regionar	<i>All regions</i>	Jordbruksareal, daa	
		<i>Farmland, decares</i>	
		100-200	200-300
Tal bruk	<i>Number of holdings</i>	35	30
Areal per bruk, daa	<i>Decares per holding</i>	91	93
Alder på brukaren	<i>Farmer's age</i>	106	92
Driftsoverskot, kr per vinterfôra sau	<i>Net farm income, NOK per wfs</i>	0	13
Driftsoverskot jordbruk, kr per bruk	<i>Net farm income, NOK per holding</i>	0	11
Vederlag til arbeid og egenkapital, kr per årsverk	<i>Return on labour and own capital, NOK per man-year</i>	7	16
Tal vinterfôra sauer	<i>Number of winter-fed sheep (wfs)</i>	75	83
Arbeidsforbruk, timar per vinterfôra sau	<i>Labour input, hours per wfs</i>	121	110
Prod. inntekt kjøtt, kr per vinterfôra sau	<i>Output meat, NOK per wfs</i>	77	59
Produksjonstilskot, kr per vinterfôra sau	<i>Production allowances, NOK per wfs</i>	83	79
Variable kostnader, kr per vinterfôra sau	<i>Variable costs, NOK per wfs</i>	129	92
Faste kostnader, kr per vinterfôra sau	<i>Fixed costs, NOK per wfs</i>	149	135

Figur 2.15 presenterer driftsoverskot per vinterfôra sau, med og utan tilskot. Driftsoverskotet aukar i begge tilfelle med storleiken på buskapen, men tendensen er klarast utan tilskot. *Med* tilskot er driftsoverskotet positivt i alle storleiksgruppene, men sjølv for buskapar på meir enn 170 vinterfôra sauer, er ikkje driftsoverskotet positivt *utan* tilskot.

Gjennomsnittstorleiken på buskapane er 65, 87, 135 og 224 vinterfôra sauer, og det er høvesvis 16, 12, 36 og 33 buskapar i gruppene.



Figur 2.15 Driftsoverskot i sauehaldet. Kr per vinterfôra sau
Net farm income, sheep farming. NOK per wfs

2.3.7 Geitehald

Hovudtabell: 17h.

Tabell 2.36 presenterer data for driftsforma. 13 av bruka i denne gruppa for 2010 hører heime i Nord-Noreg. Mjølkeprisen har gått opp i 2010. Mjølkeytinga per årsgeit har også auka litt. Dermed har inntektene blitt større, men kostnadene har samtidig vakse vesentleg. I hovudtabell 17h kan vi sjå at kostnadene til kraftfôr var mykje større i 2010 enn i 2009. Vederlaget til arbeid og eigenkapital per årsverk er likevel auka med 5 prosent.


Vederlaget til arbeid og eigenkapital per årsverk låg 48 prosent høgare i 2010 enn i 2001, målt i faste 2010-kroner. Figur 2.16 illustrerer 10 års utvikling.

For 2010 slår skattejusteringa ut med kr 29 400 i auka vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk.

Tabell 2.36 Geitehald

Production of goat's milk

		2010	2009
Tal bruk	<i>Number of holdings</i>	22	23
Jordbruksareal, daa	<i>Agricultural land, decares</i>	150	137
Grovfôravling, Fem per daa	<i>Fodder crops, FUm per decares</i>	187	220
Tal årsgeiter	<i>Number of goats</i>	100,9	90,3
Mjølkemengde, kg per årsgeit	<i>Produced milk, kg per goat</i>	742	733
Mjølkepris, kr per l	<i>Milk price, NOK per l</i>	5,45	4,92
Familiens arbeidsforteneste, kr per årsverk	<i>Family labour income, NOK per man-year</i>	241 600	228 600
Vederlag til arbeid og EK, kr per årsverk	<i>Return on labour and own capital, NOK per man-year</i>	257 400	245 200
Vederlag til familiens arbeid og EK, kr per årsverk	<i>Return on family labour and own capital, NOK per man-year</i>	245 300	232 900
Skattejustert vederl. til arbeid og EK, kr per årsv.	<i>Tax-adjusted return on labour and own cap., NOK per m-y</i>	286 800	277 400
Lønsevne, kr per time	<i>Labour income, NOK per hour</i>	137,91	130,97



Figur 2.16 Driftsresultat for bruk med geitehald, 2001–2010. Faste 2010-kroner

Operating results for production of goat's milk, 2001–2010. NOK-2010

2.3.8 Produksjon av korn og svinekjøt

Hovudtabell: 17e.

Etter tabell 2.37 har vederlaget til arbeid og egenkapital per årsverk gått opp med 27 prosent frå 2009 til 2010. Høgare kornavlingar er ei viktig årsak. At prisane på kveite, bygg, smågrisar og svinekjøt alle har auka, dreg i same retning. Dessutan har utgiftene til handelsgjødsel og kalk vist nedgang.

Figur 2.17 viser at driftsforma kan ha store svingingar i lønsemd frå år til år. Til dels skuldast svingingane at inntekta frå korndyrking er sterkt påverka av klima-

forholda i vekstsesongen. Vederlaget til arbeid og egenkapital per årsverk låg 10 prosent høgare i 2010 enn i 2001, målt i faste 2010-kroner.


Figur 2.18 viser ei utvikling kor jordbruket sin del av totalkapitalen har gått frå 64 prosent i 2001 til 63 prosent i 2010. Samtidig har gjeldsprosenten auka frå 48 til 56.

For 2010 aukar vederlaget til arbeid og egenkapital per årsverk med kr 31 200 som følgje av skattejustering.

Tabell 2.37 Produksjon av korn og svinekjøt


Combined cereal and pig farming

		2010	2009
Tal bruk	<i>Number of holdings</i>	37	37
Jordbruksareal, daa	<i>Agricultural land, decares</i>	389	381
Avlingar, kg per daa	<i>Crops, kg per decare</i>		
Bygg	<i>Barley</i>	357	399
Havre	<i>Oats</i>	492	389
Kveite	<i>Wheat</i>	484	423
Tal avlsgrisar	<i>Number of pigs for breeding</i>	44,4	44,7
Oppnådde prisar, kr per kg	<i>Prices obtained, NOK per kg</i>		
Bygg	<i>Barley</i>	2,08	2,04
Havre	<i>Oats</i>	1,94	1,98
Kveite	<i>Wheat</i>	2,30	2,17
Svinekjøt	<i>Pork</i>	23,31	23,17
Smågris, kr per stk	<i>Piglets, NOK per unit</i>	912	861
Familiens arbeidsforteneste, kr per årsverk	<i>Family labour income, NOK per man-year</i>	231 000	167 900
Vederlag til arbeid og EK, kr per årsverk	<i>Return on labour and own capital, NOK per man-year</i>	260 300	204 600
Vederlag til familiens arbeid og EK, kr per årsverk	<i>Return on family labour and own capital, NOK per m-y</i>	250 700	184 300
Skattejustert vederlag til arbeid og EK, kr per årsv.	<i>Tax-adjusted return on l. and own cap., NOK per m-y</i>	291 500	235 000
Lønsevne, kr per time	<i>Capacity to pay, NOK per hour</i>	132,53	103,62



Figur 2.17 Driftsresultat for bruk med produksjon av korn og svinekjøt, 2001–2010. Faste 2010-kroner

Operating results for combined cereal and pig farming, 2001–2010. NOK-2010



Figur 2.18 Samansetjing av egedelar og total gjeld per bruk, 2001–2010. Bruk med produksjon av korn og svinekjøt. Faste 2010-kroner

Assets and debts per holding, 2001–2010. Combined cereal and pig farming. NOK-2010

2.3.9 Produksjon av storfekjøtt

Hovudtabell: 17i.

Talet på deltakarar som driv produksjon av storfekjøtt, har i dei fem siste rekneskapsåra vore såpass høgt at denne driftsforma har fått eigen omtale. Tabell 2.38 inneheld nøkkeldata. Vederlaget til arbeid og eigenkapital per årsverk låg 6 prosent høgare i 2010 enn i 2009. Medan prisen på kukjøtt har auka litt, har anna storfekjøtt vist prisnedgang. Auka volum av storfekjøtt har slått positivt ut på produksjonsinntektene. Hovudtabell 17i viser at tilskot utgjorde større beløp i 2010 enn i 2009 innafor denne driftsforma.

Skattejustering aukar vederlaget til arbeid og eigenkapital for 2010 med kr 32 900 per årsverk.

Tabell 2.38 Produksjon av storfekjøtt

Beef farming

		2010	2009
Tal bruk	<i>Number of holdings</i>	51	44
Jordbruksareal, daa	<i>Agricultural land, decares</i>	317	283
Avling, FEm per dekar	<i>Total crops, FUm per decares</i>	315	333
Omsett mengde, kg	<i>Produced amount of beef and cow's meat, kg</i>		
Kukjøtt	<i>Cow's meat</i>	1 658	1 497
Anna storfekjøtt	<i>Beef</i>	5 742	4 683
Prisar, kr per kg	<i>Prices, NOK per kg</i>		
Kukjøtt	<i>Cow's meat</i>	37,13	36,88
Anna storfekjøtt	<i>Beef</i>	44,84	44,93
Familiens arbeidsforteneste, kr per årsverk	<i>Family labour income, NOK per man-year</i>	96 600	95 100
Vederlag til arbeid og EK, kr per årsverk	<i>Return on labour and own capital, NOK per man-year</i>	147 900	139 100
Vederlag til familiens arbeid og EK, kr per årsverk	<i>Return on family labour and own capital, NOK per man-year</i>	123 500	118 300
Skattejust. vederlag til arb. og EK, kr per årsverk	<i>Tax-adjusted return on labour and own cap., NOK per m-y</i>	180 800	169 300
Lønsevne, kr per time	<i>Capacity to pay, NOK per hour</i>	68,00	64,75

2.3.10 Andre driftsformer

I alt 138 deltakarbruk for 2010 hadde driftsformer som fall utanfor dei ni kategori-ane som er omtalte særskilt i hovudtabell 17. Av desse kan 74 bruk verte fordelte på seks driftsformer som kvar hadde sju bruk eller fleire. Tabellane 2.39 og 2.40 dreier seg om desse driftsformene. Bruka med frukt høyrer stort sett heime på Vestlandet. Elles er Austlandet best representert i dei driftsformene kor korn er med.

«Korn og fjørfeslakt» og «korn og poteter» har kome ut med betre 2010-resultat for lønsemd enn dei andre driftsformene som er med i dei to nemnde tabellane. «Storfeslakt og sau» har hatt dårlegast lønsemd.

Tabell 2.39 Andre driftsformer med korn

Other categories of farming with cereal production

Driftsform <i>Category of farming</i>		Korn og storfeslakt	Korn og poteter	Korn og egg	Korn og fjorfeslakt
		<i>Cereal crops and beef</i>	<i>Cereal crops and potatoes</i>	<i>Cereal crops and eggs</i>	<i>Cereal crops and poultry</i>
Tal bruk	<i>Number of holdings</i>	8	11	7	14
Areal per bruk, daa	<i>Agricultural land per holding, decares</i>	542	450	392	201
Av dette korn, daa	<i>Of which cereals</i>	244	347	369	160
Av dette poteter, daa	<i>Of which potatoes, decare</i>		99		
Av dette grovfôr, daa	<i>Of which coarse fodder</i>	271	3	5	19
Avling, alt areal, FEm/daa	<i>Crops, FUm per decare</i>	375	501	429	433
Omsett mengd av kjøtt og egg, kg ⁸	<i>Sold amount of beef and eggs, kg</i>	6 240		89 365	
Arbeidstimer i alt	<i>Total labour input, hours</i>	2 092	2 041	2 630	1 821
Utført av familien	<i>Of which family</i>	1 629	1 466	1 896	1 500
Produksjonsinntekter, kr	<i>Enterprise output, NOK</i>				
Planteprodukt	<i>Crop production</i>	279 900	912 300	321 200	247 300
Husdyrprodukt	<i>Livestock production</i>	345 600	19 300	1 356 200	2 155 400
Andre jordbruksinntekter	<i>Other income, agriculture</i>	395 700	154 900	304 400	190 600
Sum produksjonsinntekt	<i>Total output</i>	1 021 200	1 086 500	1 981 800	2 593 300
Kostnader, kr	<i>Costs, NOK</i>				
Variable	<i>Variable costs</i>	315 800	249 700	993 300	1 687 700
Faste	<i>Fixed costs</i>	515 700	576 300	659 400	562 300
Sum	<i>Total costs</i>	831 400	826 000	1 652 700	2 250 100
Driftsoverskot, kr	<i>Net farm income, NOK</i>	189 700	260 500	329 100	343 200
Rentekrav (3,0 %), kr	<i>Calculated interest (3,0 %), NOK</i>	65 000	78 900	96 800	97 700
Familiens arbeidsforteneste, kr per årsverk	<i>Family labour income, NOK per man-year</i>	138 100	213 900	212 100	286 800
Vederlag til arbeid og EK, kr per årsverk	<i>Return on labour and own capital, NOK per man-year</i>	199 000	270 700	228 100	329 100
Skattejustert vederlag til arbeid og EK, kr per årsverk	<i>Tax-adjusted return on labour and own capital, NOK per man-year</i>	239 100	302 800	255 000	376 700
Vederlag til familiens arbeid og EK, kr per årsverk	<i>Return on fam. labour and own cap., NOK per man-year</i>	169 100	271 700	219 900	326 400
Lønsevne, kr per time	<i>Capacity to pay, NOK per hour</i>	94,46	122,82	120,42	159,75
Nettoinntekt, kr	<i>Net income, NOK</i>	676 900	943 100	1 234 600	999 600
Gjeld per 31.12.10, kr	<i>Liabilities 31 Dec 2010, NOK</i>	1 686 800	1 731 600	4 317 700	3 539 800
Gjeldsprosent	<i>% liabilities of total assets</i>	38	33	58	49

⁸ For fjorfeslakt gjeld dette talet på slakt.

Tabell 2.40 Andre driftsformer utan korn

Other categories of farming without cereal production

Driftsform <i>Category of farming</i>		Storfeslakt og sau <i>Beef and sheep</i>	Frukt <i>Fruit</i>
Tal bruk	<i>Number of holdings</i>	13	21
Areal per bruk, daa	<i>Agricultural land per holding, decares</i>	355	60
Av dette grovfôr, daa	<i>Of which coarse fodder</i>	340	3
Av dette frukt, daa	<i>Of which fruit area, decares</i>		52
Avling, alt areal, FEm/daa	<i>Crops, FUm per decare</i>	292	
Omsett mengd av storfe- og sauekjôt, kg	<i>Sold amount of beef and mutton, kg</i>	6 062	
Arbeidstimar i alt	<i>Total labour input, hours</i>	2 431	3 335
Utført av familien	<i>Of which family</i>	1 822	1 764
Produksjonsinntekter, kr	<i>Enterprise output, NOK</i>		
Planteprodukt	<i>Crop production</i>	16 500	561 400
Husdyrprodukt	<i>Livestock production</i>	386 200	4 500
Andre jordbruksinntekter	<i>Other income, agriculture</i>	441 900	208 800
Sum produksjonsinntekt	<i>Total output</i>	844 600	774 700
Kostnader, kr	<i>Costs, NOK</i>		
Variable	<i>Variable costs</i>	292 200	90 500
Faste	<i>Fixed costs</i>	445 500	391 000
Sum	<i>Total costs</i>	737 700	481 500
Driftsoverskot, kr	<i>Net farm income, NOK</i>	106 900	293 200
Rentekrav (3,0 %), kr	<i>Calculated interest (3,0 %), NOK</i>	69 100	26 300
Familiens arbeidsforteneste, kr per årsverk	<i>Family labour income, NOK per man-year</i>	35 700	246 700
Vederlag til arbeid og EK, kr per årsverk	<i>Return on labour and own cap., NOK per m-y</i>	113 900	247 000
Skattejustert vederlag til arbeid og EK, kr per årsverk	<i>Tax-adjusted return on l. and own cap., NOK per m-y</i>	138 900	273 500
Vederlag til fam. arbeid og EK, kr per årsverk	<i>Return on fam l. and own cap., NOK per m-y</i>	58 600	258 000
Lønsevne, kr per time	<i>Capacity to pay, NOK per hour</i>	51,75	130,18
Nettoinntekt, kr	<i>Net income, NOK</i>	570 800	715 800
Gjeld per 31.12.10, kr	<i>Liabilities 31 Dec 20 10, NOK</i>	2 674 100	1 243 900
Gjeldsprosent	<i>% liabilities of total assets</i>	57	38

2.3.11 Rangering av driftsformene etter lønsemd

Tabell 2.41 inneheld ei rangert oversikt for vederlaget til arbeid og eigenkapital per årsverk i 2010, for ni av dei best representerte driftsformene i driftsgranskingane. «Produksjon av kumjôlk og svinekjôt» har best resultat, og «produksjon av storfekjôt» ligg i botnen av tabellen. Det har som vanleg vore røkking av plasseringane til dei ulike driftsformene i forhold til same tabell for året før, men «produksjon av kumjôlk og svinekjôt» låg øvst også for 2009.

For 2009 var spennet mellom dei ni utvalde driftsformene, med omsyn til vederlaget til arbeid og eigenkapital per årsverk, slik at det minste vederlaget utgjorde 23 prosent av det største. For 2010 finn vi ein tilsvarande del på 49 prosent. Altså har skilnadene i lønsemd mellom driftsformene vorte mindre frå det eine året til det andre.

Dei skattejusterte vederlaga til arbeid og eigenkapital per årsverk er også viste i tabell 2.41. I kapittel 4.6 er effekten av jordbruksfrådraget på ulike driftsformer drøfta nærare.

Tabell 2.41 Rangering av driftsformene etter lønsemd. Kroner per årsverk

Comparison of results from different categories of farming. NOK per man-year

		Vederlag til arbeid og eigenkapital	Skattejustert vederlag til arbeid og eigenkapital
		<i>Return on labour and own capital</i>	<i>Tax-adjusted return on labour and own capital</i>
Produksjon av kumjølke og svinekjøt	<i>Combined dairy and pig farming</i>	303 500	330 200
Produksjon av korn og svinekjøt	<i>Combined cereal production and pig farming</i>	260 300	291 500
Geitehald	<i>Production of goat's milk</i>	257 400	286 800
Fruktdyrking	<i>Fruit farming</i>	247 000	273 500
Kumjølkeproduksjon og sauehald	<i>Combined dairy and sheep farming</i>	231 500	256 300
Produksjon av kumjølke og storfeslakt	<i>Combined dairy and beef farming</i>	231 100	258 700
Kornproduksjon	<i>Cereal production</i>	180 000	240 900
Sauehald	<i>Sheep farming</i>	152 700	181 300
Produksjon av storfekjøt	<i>Beef farming</i>	147 900	180 800

3 Skogbruk. Resultat frå 2010 og utviklingstrekk gjennom 10 år

3.1 Grunnlagsmaterialet for granskinga

I driftsgranskingane i skogbruket for 2010 var det med 147 bruk. Granskingane i skogbruket omfattar eit underutval av bruka som inngår i granskingane i jordbruket.

Hovudtabell 19 viser data for produksjonsgrunnlaget på skogeigedommane og aldersfordelinga til dei som driv skogen. Det er liten variasjon frå år til år. Hovudårsaka til dette er lita utskifting av deltakarbruk. At deltakarmassen er stabil, gjer det enklare å følgje utviklinga over tid.

NILF har valt balansekvantum som inndelingskriterium for storleiken på skogane i granskingane. Der er store skilnader i den gjennomsnittlege boniteten (produksjonsevna) i dei ulike skogane, og dette fører til at arealstorleiken på bruka i ei gruppe kan ha stor variasjon.

Alle deltakarane som var med i granskingane i 2010, budde på eigedommane. Deltakarane dreiv jordbruk, som også var hovudinntektskjelda til familiane på bruka.

3.2 Framdrift

3.2.1 Avverking og transport

Hovudtabell 20 viser avverkningsnivå, samansetjing av sortiment, og forhold som gjeld transport og framdrift.

Driftsveglengda her gjeld avverkinga kvart år og måler avstanden frå hogststad fram til leveringsstad ved bilveg. Avstanden er kubikkmassevegen.

Terrengforholda er klassifiserte i tre grupper:

- *Lette. Det er mogeleg å kjøre i terrenget med jordbrukstraktor, med eller utan belte. Vegkostnadene er låge. Korte vinsjeavstandar, oftast mindre enn 15–20 meter.*
- *Middels. Transport med jordbrukstraktor må skje for det meste etter opparbeidde vegar. Middels vegkostnader. Vinsjeavstand er oftast mindre enn 40 meter.*
- *Vanskelege. Bratt, blokkrik eller delvis lite beredyktig mark som krev forholdsvis dyre vegar. Delvis store vinsjeavstandar.*

For kvart bruk vert gjennomsnittleg terrenngtype i kvar tømmerdrift i året registrert.

I hovudtabellen er det vist fordeling av transportert kvantum med jordbruks- og skogstraktor. Andre transportmiddel vert nytta berre i liten grad, og da helst i kombinasjon med bruk av jordbruks- eller skogstraktor. For det meste er det entreprenørar som bruker skogstraktor.

3.2.2 Arbeidskraft

Hovudtabell 21 viser korleis arbeidsforbruket til familien fordeler seg mellom jord- og skogbruk for alle bruk som er med i skogbruksgranskingane. Det meste av arbeidet i skogen blir i dag utført av entreprenørar. For hogst og framdrift dreier det seg om frå 80 til 90 prosent. Den medgatte arbeidstida for entreprenørane er vanskeleg å få tak i og er derfor ikkje registrert.

3.3 Økonomisk oversikt

3.3.1 Om dei valde presentasjonsmåtane

Hovudtabellane 22–24 inneheld mange av dei same økonomiske omgrepa. Det gjeld inntekts- og kostnadstypar, samt ulike økonomiske resultat. Derfor er desse tre hovudtabellane kommenterte under eitt. Den største skilnaden mellom dei er at hovudtabell 23 er gruppert etter avverka og selt virke, medan hovudtabellane 22 og 24 er grupperte etter storleiken på balansekvantumet. Gruppering etter avverka og selt virke er formålstenleg når ein vil sjå på korleis det økonomiske resultatet er avhengig av produsert mengd. Dei andre hovudtabellane (og figurane) viser først og fremst samanhengen mellom ressursar og driftsresultat. Sjå elles i kapittel 1.7.3 om resultatmål og resultatrekning.

Ein bør vere noko kritisk til å bruke driftsoverskot i skogbruket direkte som mål for lønsemd. Utrekninga av driftsoverskot tek ikkje omsyn til endringar i den ståande trekapitalen, og ei sterk under- eller overavverking vil kunne gi eit feil bilete av lønsemda.

3.3.2 Produksjonsinntekter

Som oftast vert salsvirket levert ved bilveg, men i somme tilfelle på industri- eller sagbrukstomt. Tømmeret vert betalt etter bruttopris, med dei tillegga eller frådraga som sortiment, leveringsstad og leveringstidspunkt tilseier. Posten «bruttoinntekt sal» omfattar brutto salsverdi av dette virket (inklusive endringar av lager). Det er ikkje gjort fråtrekk for avverkingsavgift, måleavgift eller avsetnad til skogfond.

Rotsal er ikkje vanleg på bruk i granskingane, men skjer av og til. Avtalane kan vere ulike. I nokre tilfelle skjer avverkinga i regi av skogeigaren, og eigaren får da i tillegg til rotprisen betaling for utført arbeid ved avverking. I granskingane vert ei slik oppgjersform vurdert som ordinært sal etter bruttopris. Rotprisen og betalinga for utført arbeid er slått saman til ein bruttopris. For rotsal der kjøparen har stått for avverkinga, er det frå og med 1990 gjennomført omrekning til bruttosal. Salet går inn i linja «bruttoinntekt sal». Driftsutgifter i samband med rotsal er tekne inn i linja «leigd arbeid og utstyr». Rotsal er rekna om til bruttopris etter følgjande formel: «verdi rotsal»/0,55. Driftsutgiftene er utrekna som («verdi rotsal»/0,55) x 0,45.

Posten «eige forbruk, bruttoverdi» omfattar stipulert salsverdi av det virket som anten vert vidareforedla av eigaren, eller som vert brukt til å dekkje gards- og husbehov på bruket.

Posten «driftstilskot» omfattar tilskot som har gått direkte til drifta, for eksempel tilskot til tynning.

Posten «andre inntekter» er ein samlepost som blant anna inneheld etterbetalingar for tidlegare levert virke, kjøreinntekter (maskindel) eller anna justering av tømmeroppgjæret. Utmarksinntekter (som jakt-, fiske- og bygslingsinntekter) er trekte ut av skogbruksinntekta og vert behandla som inntekt frå tilleggsnæring. Produksjon av pyntegrønt, og foredling av skogsvirke til ved, vert også behandla som tilleggsnæringar.

3.3.3 Kostnader

Avgrensinga mellom variable og faste kostnader er i hovudtabell 23 forenkla noko i forhold til den generelle definisjonen, ved at alle kostnader utanom avskrivningar vert behandla som variable. Det er gjort slik fordi omfanget av aktiviteten i gardsskogane varierer mykje frå år til år. I hovudtabell 22 er kostnadene meir oppsplitta. Dette lettar samanlikninga med annan skogstatistikk. Legg merke til at inndelingskriteriet i hovudtabell 23 er avverkjingsgruppe. Alle arbeids- og maskinkostnader, unnateke avskrivningar, er vurderte som variable kostnader. Dette gjeld også vegvedlikehald, anlegg av provisoriske vegar, samt avverkjings- og måleavgifter. Alle administrasjonskostnadene er vurderte som variable kostnader, sjølv om nokre av desse eigentleg er faste kostnader. Avskrivningane er faste kostnader. Derfor kjem dei ikkje til frådrag ved rånettoutrekninga. I hovudtabell 23 er eigen arbeidsinnsats kostnadsført for å få eit fullstendig bilete av ressursbruken.

Ein del av kostnadene på bruka er felles for jord- og skogbruk. Dette gjeld først og fremst trekrafta, men også i nokre tilfelle den faste leigde hjelpa. I slike tilfelle er kostnadene fordelt mellom jord- og skogbruk etter tal arbeidstimar i dei to driftsgreinene. Trekkrafta er vanlegvis balanseført på jordbruket. Da vert skogbruket belasta med leigeutgift når trekrafta vert brukt i skogen. Jordbruket vert på si side godskrive leigeinntekta.

Posten «vedlikehald utstyr, drivstoff» inneheld også lagerendingar for drivstoff. Posten «vedlikehald/anlegg enkle vegar» består av netttotal. Eventuelle tilskot er allereie trekte frå. Posten «salsutgifter, diverse trekk» inneheld i hovudsak måle- og avverkjingsavgifter. Avskrivningar er delte på to linjer, idet avskrivningar på vegar er skilde ut frå dei andre avskrivningane (hovudtabell 22).

Teknisk utstyr vert avskrive lineært over forventa brukstid. Generell avskrivningstid er 15 år. Større, varige vegar vert balanseførte utan avskrivning. Provisoriske vegar som er meinte å verte brukte i berre nokre få år, vert anten førte direkte til utgift i anleggsåret eller kostnadsfordelte over ein femårsperiode.

Kulturkostnadene omfattar godtgjersle til leigd arbeid og utstyr samt kjøp av planter og gjødsel med meir. Det er gjort fråtrekk for tilskot til skogkulturtiltaka, slik at kulturkostnadene vert utrekna «netto». Kostnadene til skogkultur er som regel tilplanting etter hogst, eller det kan vere skogreising, avstandsregulering, rydding eller andre kulturtiltak. Skogkultur er ein kostnad (vedlikehald) som vert utgiftsført direkte i året. Det vert altså ikkje teke omsyn til om skogkulturen fører til høgare verdi av skogen. Dette er i samsvar med det som er nemnd tidlegare, om at skogkapitalen ikkje vert justert for over- eller underavverking.

Graden av eigen arbeidsinnsats i skogen vil sterkt påverke dei direkte utgiftene den enkelte eigaren har i skogsdrifta. For at ein lettare skal kunne samanlikne nivået på kostnader i dei ulike skogane, er det ønskjeleg å kostnadsføre arbeidet til eigaren og familien når det gjeld drift og vedlikehald (sjå hovudtabell 23). Vederlaget for arbeidsinnsatsen til familien i skogen blir fastsett slik som forklart i kapittel 1.7.3.

3.3.4 Resultat

I skogbruksgranskingane blir det brukt ulike resultatmål, alt etter kva «nivå» ein vil studere. Ein har såleis resultat før avskrivningar, resultat før skogkultur, driftsoverskot og driftsresultat. I driftsresultatet er verdien av eigen innsats trekt frå.

I utrekningane av både driftsoverskot og driftsresultat er kostnadene til skogkultur trekte frå direkte (inga balanseføring). Hovudtabellane 22 og 23 viser korleis dei ulike resultatmåla kjem fram. Eit uttrykk som er mykje brukt i skogbruket, er «rånetto». Ein definisjon er gitt i kapittel 1.8.

I gruppa med «Ikkje noko salsvirke» er rånettoen som regel negativ. Da er verdien av vederlag for eigen arbeidsinnsats og eige utstyr større enn verdien av det virket som vert drive fram.

Skogfond er ein type fond som er spesiell for skogbruket. Korleis skogfondet inngår i rekneskapsoppgjeret, går fram av kapittel 1.7.3.

Hovudtabell 24 presenterer driftsoverskot i jord- og skogbruk, for grupper som er inndelte etter regionar og etter storleiken på balansekvantumet i skogbruket. Vidare viser tabellen dei same resultatata når deltakarane er grupperte etter jordbruksareal og balansekvantum.

3.3.5 Investering og finansiering

Sjølv om skogkulturtiltaka er førte som utgifter i året i dei andre hovudtabellane, er dei i hovudtabell 25 vurderte som investeringar. Investeringsbeløpa er brutto. Det vil seie at dei også omfattar kalkulert arbeidsvederlag til brukarfamilien, samt den delen av investeringane som er finansiert med offentlege tilskot.

Investeringstiltaka er delte i tre hovudgrupper:

- *Skogkultur. Grøfting, gjødsling, anlegg av bestand, bestandspleie fram til tynningsalder.*
- *Vegar. Varige vegar og enklare vegar som vert balanseførte og avskrivne.*
- *Anna. Følgjande verdiar er balanseførte på skogbruket: Skog og grunn, driftsbygningar i skogbruket, yrkesbil, traktorar, maskinar, reiskapar og skogtakstar.*

I hovudtabell 25 er ordet «investeringsfrekvens» brukt. Med det meiner ein kor mange prosent av skogeigedommane som har vore gjenstand for investeringar i løpet av året.

Tilskot og skogfondmiddel vert ofte utbetalte i ettertid. Under «finansieringskjelde» kan ein derfor finne overfinansiering av investeringane i året. Dette vil kome fram som eit negativt tal under «anna investering».

3.3.6 Balanse

Hovudtabell 25 inneheld også ei oversikt over omløpsmiddel og anleggsmiddel i skogbruket. Omløpsmidla i skogbruket er lager av trevirke (avverka), diesel, olje og andre innkjøpte varer. Den største delen av anleggsmidla er skog og grunn. Større maskinar, som til dømes traktor, er oftast førte på jordbruket i balansen.

3.4 Hovudtrekk ved driftsgranskingane i skogbruket i 2010

Etter eit år med svært låge prisar og svært låg avverking viser 2010 igjen oppgang.

Skogstorleiken på deltakarbruka i 2010 var i gjennomsnitt 1 400 daa. På desse eigedommane vart det i 2010 avverka 95 prosent av balansekvantumet (sjå kapittel 1.7). Rekna per bruk vart det avverka 320 m³ i gjennomsnitt i 2010. Det er ein oppgang på 120 m³ samanlikna med året før, og ein er tilbake på nivået som var i 2008. Av virket som vart drive fram med traktor i 2010, vart 88 prosent drive fram med skogstraktor. I alt vart 86 prosent drive fram av entreprenør. I 2003 var delen til entreprenørane 70 prosent, og i 2002 var han 60 prosent.

For dei bruka som var med i granskingane i 2010, gjekk produksjonsinntekta opp meir enn 90 prosent samanlikna med 2009, til kr 121 000. Kostnadene steig med berre 51 prosent. Det gjennomsnittlege driftsoverskotet per skogeigedom gjekk derfor opp med kr 36 000 til kr 54 000, som er ei tredobling frå 2009 til 2010. Driftsoverskotet i skogbruket utgjorde 16 prosent av samla driftsoverskot frå jord- og skogbruk i 2010, mot berre 8 prosent i 2009.

Dersom ein set inn tarifføløn for arbeidsinnsatsen til brukarfamilien, og trekkjer verdien av dette arbeidet frå driftsoverskotet, vert gjennomsnittleg overskot i 2010 kr 41 000. Det vil seie kr 34 000 meir enn i 2009.

Snittprisen på selt virke på deltakarbruka var kr 349 per m³ i 2010, mot kr 304 i 2009. Statistisk sentralbyrå har rekna ut prisen på selt virke i 2010 til kr 355 per m³. Utrekna per m³ var all produksjonsinntekt til deltakarane i 2010 kr 378, medan kostnadene kom opp i kr 210. Dette gav eit driftsoverskot på kr 168 per m³. Tilsvarende tal for 2009 var kr 321, kr 229 og kr 92 per m³.


Familien la ned i gjennomsnitt 80 arbeidstimar i skogbruket i 2010, mot 70 timar i 2009. Arbeidsinnsatsen i jordbruket for desse familiane var i same periode om lag 2 000 timar.

Investeringane i 2010 utgjorde 45 prosent av resultatet før skogkultur, mot 114 prosent året før. Av investeringar i 2010 vart 70 prosent dekte av skogfond. Delen er 12 prosentpoeng høgare enn for 2009. I gjennomsnitt stod det kr 37 000 inne på skogfondkontoen ved utgangen av 2010. Dette er kr 3 300 meir enn året før.

3.5 Tårsoversikter


Dette kapitlet handlar om tårsoversikter for avverkingsnivå, arbeidstimar i jord- og skogbruk, økonomisk resultat, investeringsnivå og finansieringsmåtar.

Figur 3.1 viser stor variasjon i avverkingsnivå frå år til år og mellom grupper. Størst variasjon finn vi i dei minste gruppene. Vi ser at dei minste skogeigedommane over tid jamt over har ein høgare avverkingsprosent enn dei store. I gjennomsnitt for alle skogar i undersøkinga har avverkingsprosenten variert frå 63 til 112 i tiåret.



Figur 3.1 Avverkning i prosent av balansekvantumet 2001–2010
Roundwood cut as per cent of sustained yield 2001–2010

Figur 3.2 viser nivået for arbeidsinnsatsen til familien i jord- og skogbruk. Skogbruket sin del held seg innafor intervallet 70–130 timar i tiåret, med minkande tendens mot slutten av perioden. Dette skuldast at innsatsen i skogbruket har vore minkande generelt, men også at meir og meir av arbeidet i skogen vert sett bort til entreprenørar.




Figur 3.2 Arbeidstimane til familien i jord- og skogbruk 2001–2010

Family labour (hours) in agriculture and forestry sector 2001–2010


Figur 3.3 viser driftsresultatet per m³ og korleis dette er kome fram. Tala er ikkje justerte for prisstiging. Den totale høgda i søylediagramma representerer produksjonsinntektene per m³ i skogbruket. Summen av driftsresultatet og verdien av eige arbeid utgjer driftsoverskotet. Driftsresultatet i 2009 er det lågaste i heile perioden.

Det er faktorane tømmerpris og tømmerkvantum som først og fremst påverkar inntektene i skogbruket. Sidan avverka tømmerkvantum og tømmerpris som regel følgjer kvarandre, vil ein få store svingingar i inntektene. I gardsskogbruket er det til ein viss grad mogeleg å kompensere for store utgifter til drift, eller for bortfall av inntekter. Dette kan ein til dømes gjera med større eigeninnsats og lågare aktivitet i skogkultur for ein kortare periode. Fleire og større drifter i eit område vil også gi lågare driftskostnader. Det kan derfor vere lønsamt å samarbeide med naboane når ein vil leige entreprenør i ein gardsskog.



Figur 3.3 Resultat for skogbruket 2001–2010, kroner per m³
 Results in forestry sector 2001–2010, NOK per m³


Figur 3.4 viser storleiken på investeringane som del av resultatet før skogkultur. Gjennom tiåret er tendensen at denne investeringsindikatoren har gått nedover, men at han stort sett har halde seg i nærleiken av 50–60 prosent. Dei låge inntektene frå skogsdrifta førte til ein indikator på heile 114 prosent i 2009. Dette viser også at investeringane held seg på om lag same nivå trass i nedgang i inntektene.



Figur 3.4 Investeringane rekna i prosent av resultat før skogkultur 2001–2010

Reinvestments as per cent of net forest income (silviculture costs excl.) 2001–2010

Figur 3.5 viser korleis investeringane er finansierte. Skogfond har etter kvart vorte både den største og viktigaste finansieringskjelda. I gjennomsnitt for tiåret er fordelinga slik: «Skogfond» 41 prosent, «anna finansiering» 31 prosent, «offentlege tilskot» 15 prosent og «eigeninnsats» 13 prosent. I 2010 utgjorde skogfond 70 prosent av finansieringa.



Figur 3.5 *Finansiering av investeringane 2001–2010, prosent*
Financing of investments 2001–2010, per cent

4 Samla økonomisk resultat for brukarfamilien

4.1 Innleiing

Jordbruket i Noreg er i endring. Tradisjonelt har det norske jordbruket vore eit typisk familiejordbruk. Vi ser no fleire variantar med omsyn til organisering av jordbruksverksemdene. Likevel er familiebruket framleis dominerande, og driftsgranskingane set som før søkjelys på *brukarfamilien*.

Brukarfamilien hentar inntektene frå fleire ulike kjelder i tillegg til jord- og skogbruk. Datamaterialet i driftsgranskingane gir grunnlag for å seie noko også om dei delane av økonomien til brukarfamilien som vedkjem andre forhold enn landbruksdrift.

4.2 Tilleggsnæringar

4.2.1 Definisjonar og avgrensing

Driftsgranskingar i jord- og skogbruk inneheld data frå all næringsaktivitet på deltakarbruka.

Tilleggsnæring vert definert som næringsverksemd utanom tradisjonelt jord- og skogbruk, med basis i ressursane på bruket. Leigekjøring med traktor og andre maskinar, foredling av eigenproduserte råvarer og utleige av hus som hører til på garden, er eksempel på aktuelle tilleggsnæringar. Når deltakarane driv næringsverksemd der dei ikkje nyttar ressursane på bruket, vert den aktiviteten registrert som «anna næring». Kjøring med tømmerbil eller gravemaskin, legepraksis og konsulentverksemd er eksempel på «anna næring».

Dei seinare åra har det vore stor interesse for økonomiske data frå tilleggsnæringar, men til no har det vore få datakjelder. Etter kvart som tal årsverk i tradisjonelt jordbruk har gått ned, er det satsa ein god del offentlege middel på å utvikle alternativ næringsverksemd med basis i ressursar på gardsbruk.

Omfanget av tilleggsnæringar på bruk som er med i driftsgranskingane, vert påverka av det utvalet av bruk som undersøkinga byggjer på. I august 2010 var det om lag 45 700 norske gardbrukarar (føretak) som søkte om produksjonstilskot i jordbruket. Driftsgranskingane for 2010 henta deltakarar frå eit utval på om lag 31 100 bruk. Grunnen til den store skilnaden er at på bruk som er med i driftsgranskingane, skal inntektene frå jordbruket ha eit «vesentleg omfang». Det vil seie at mange små bruk fell utanom utvalet⁹ til driftsgranskingane.

Frå rekneskapsåret 1997 er aktivitet i tilleggsnæringar registrert i driftsgranskingane. Frå rekneskapsåret 2005 vart registreringa av ulike tilleggsnæringar og anna næringsverksemd utvida og gjort meir detaljert. Vi vil i dette kapitlet presentere dei viktigaste funna frå registreringane dei siste seks åra.

⁹ Sjå kapittel 1 om utval.

4.2.2 Klassifisering av bruk med tilleggsnæring

I driftsgranskingane vert tilleggsnæring inndelt i desse hovudkategoriane:

- Utleige av areal og bygningar
- Maskinkjøring
- Vareproduksjon/foredling
- Utmarksnæring
- Landbruksrelatert reiseliv (turisme)
- Anna tenesteyting
- Anna biologisk produksjon

På mange bruk vert det drive med fleire typar tilleggsnæring, så tal registreringar per driftsgrein vert langt høgare enn tal bruk. Vi har også sett spesielt på bruk som har omsetning på meir enn kr 20 000 i tilleggsnæringar, fordi ein da fangar opp bruk som driv med tilleggsnæring av eit visst omfang.

4.2.3 Omfang, omsetning og driftsoverskot i tilleggsnæring

Tabell 4.1 viser at av dei 835 bruka som var med i driftsgranskingane for 2010, hadde 83 prosent (689 bruk) omsetning i tilleggsnæring. Tilsvarande del for 2009 var 79 prosent. Omsetning er definert som salsinntekter av varer og tenester. Tabellen viser også at 59 prosent av bruka hadde omsetning over kr 20 000 i tilleggsnæring.

Tabell 4.1 Prosent bruk med omsetning på tilleggsnæring i 2010

Percentage, survey holdings with output in farm-based supplementary enterprises, 2010

	Austlandet <i>Eastern Norway</i>	Agder & Rogaland	Vestlandet <i>Western Norway</i>	Trøndelag	Nord- Noreg <i>Northern Norway</i>	Landet <i>All regions</i>
Tal bruk i driftsgranskingane <i>Number of survey holdings</i>	313	129	163	127	103	835
Prosent av bruka med omsetning i tilleggsnæring <i>Percentage, holdings with output in farm-based supplementary enterprises</i>	89	71	80	91	71	83
Prosent av bruka med omsetning over kr 20 000 i tilleggsnæring <i>Percentage, holdings with output larger than NOK 20,000 in farm-based supplementary enterprises</i>	65	57	56	54	50	59


Prosentdelen bruk med tilleggsnæring av vesentleg omfang er størst på Austlandet og minst i Nord-Noreg. I Trøndelag er det ein stor prosentdel som driv med tilleggsnæring, men færre driv stort.

Figur 4.1 viser omsetning i tilleggsnæringar i åra 2005–2010, fordelt på regionar. Figuren byggjer på resultat frå om lag 450 bruk med omsetning over kr 20 000 i tilleggsnæring. I 2010 var omsetninga i gjennomsnitt kr 161 800 per bruk, og det er ein nedgang på kr 27 600 frå året før. Det var nedgang i omsetninga i alle regionar frå 2009 til 2010.

Omsetninga har i heile perioden vore høgast i Agder og Rogaland. Både Agder og Rogaland og Vestlandet hadde store hopp i omsetninga i 2009 på grunn av spesielle forhold på enkeltbruk. I 2010 har omsetninga i begge regionar gått vesentleg ned igjen. På Austlandet har omsetninga vore relativt stabil i seksårsperioden, med eit gjennomsnitt på kr 150 600 i 2010.

Trøndelag har hatt jamn auke i omsetninga i tilleggsnæringar frå 2005 til 2009, med ein liten nedgang til 2010.

Nord-Noreg hadde eit stort hopp i omsetninga i tilleggsnæringar frå 2006 til 2007. Fleire bruk der har dei siste åra starta opp med vidareforedling av produkt frå geit, og dette er med på å auke omsetninga i regionen. Noko av forklaringa er også at det var relativt stor utskifting av bruk i perioden.



Figur 4.1 Omsetning i tilleggsnæring, kroner per bruk. Bruk med omsetning over kr 20 000 i tilleggsnæring. Regionar, 2005–2010

*Output of farm-based supplementary enterprises, NOK per holding.
Holdings with output of more than NOK 20,000. Regions, 2005–2010*

Resten av kapitlet tek for seg ulike resultat kor alle bruk med tilleggsnæringsaktivitet er med i grunnlaget, uavhengig av omfang. Figur 4.2 viser driftsoverskot frå ulike driftsformer innan tilleggsnæring i perioden 2005–2010 (703 bruk i 2010). I gjennomsnitt for desse bruka var driftsoverskotet frå tilleggsnæring kr 59 400 per bruk i 2010. Det er ein auke på kr 1 600 per bruk frå 2009. Nokre bruk får berekna driftsoverskot sjølv om dei ikkje har omsetning. Til dømes gjeld dette bruk i oppstartsfasen, som berre har utgifter.

I driftsforma «utleige» var det i 2008 ein kraftig auke i driftsoverskotet. Hovudårsaka til det var stor gevinst på fråsal av utleigeeigedommar på enkelte bruk. Det er i underkant av 400 bruk i gruppa, og eit driftsoverskot på kr 28 900 per bruk for 2010.


Enkeltbruk kan ha fleire ulike typar maskinkjøring, til dømes både rundballepressing for jordbruket og snøbrøyting for andre. Om lag 400 bruk driv med maskinkjøring. Driftsoverskotet i driftsforma har vore nokså stabilt i perioden, og det var i snitt kr 28 400 per bruk i 2010.

Driftsforma «vareproduksjon» har i snitt eit driftsoverskot på kr 13 100 per bruk for 2010. Det er i overkant av 200 bruk som driv med «vareproduksjon». Driftsforma omfattar mellom anna omsetning av ved og vidareforedling av kjøt, mjølk og frukt.

Driftsforma «turisme» hadde det høgaste driftsoverskotet i både 2008 og 2009. På bruk kor det vert drive med turisme, har det vore aukande driftsoverskot i heile perioden fram til 2009, men ein nedgang i 2010. Noko av årsaka er at enkeltbruk som driv med turisme i stort omfang, har gått ut av gruppa. Dette er ei lita gruppe, kor tal bruk har variert frå 21 til 27 i perioden. Driftsoverskotet per bruk for 2010 er kr 37 200.

Driftsforma «anna tenesteyting» omfattar i perioden om lag 70 bruk, som blant anna driv med «inn på tunet», saueklipping og klauvskjering. «Anna tenesteyting» har eit driftsoverskot på kr 45 200 per bruk for 2010.

«Annan biologisk produksjon» (som til dømes hunde- eller hesteoppdrett) har hatt varierende resultat i perioden. Her er tala usikre fordi det er berre 4–8 observasjonar i gruppa.




Figur 4.2 Driftsoverskot frå forskjellige former for tilleggsnæring, kroner per bruk. Alle bruk med tilleggsnæring, 2005–2010

Net income from different farm-based supplementary enterprises, NOK per holding. All holdings with farm-based supplementary enterprises, 2005–2010

4.2.4 Arbeidsinnsats i tilleggsnæringar

Figur 4.3 viser arbeidsinnsatsen i dei ulike formene for tilleggsnæring. I gjennomsnitt er det brukt 234 timar innan tilleggsnæring i 2010 på dei bruka kor det er registrert timar på tilleggsnæring. «Turisme» er den driftsforma det vert lagt ned flest arbeidstimar i, med om lag 600 timar per bruk og år dei første åra i undersøkinga. At det er færre timar på turisme for 2008, skuldast i hovudsak utskifting av bruk. I 2010 er det i gjennomsnitt 554 timar på bruka med turisme. På bruk med «maskinkjøring» ligg timeforbruket rundt 150 timar per bruk, og det har vore nokså stabilt i perioden. I driftsforma «anna tenesteyting» har timeforbruket vore jamt stigande i perioden, men med ein liten nedgang i 2010, kor gjennomsnittet ligg på 408 timar per bruk. Også på bruk med «vareproduksjon» har tal timar per bruk vore aukande gjennom perioden. Her er det registrert 234 timar per bruk i 2010. Mange bruk har ulike former for utleige og utmarksnæring, men det er oftast få timar knytte til desse driftsformene.



Figur 4.3 Arbeidstimar brukte i ulike former for tilleggsnæring. Alle bruk som har registrert timar i tilleggsnæring, 2005–2010

Hours of work executed in farm-based supplementary enterprises. All holdings where hours of work in such enterprises are recorded, 2005–2010

4.2.5 Kva betyr tilleggsnæringane for total inntening på bruket?

Overskotet frå tilleggsnæring utgjorde i gjennomsnitt 7 prosent av samla inntening på alle (835) driftsgranskingsbruk i 2010. Delen har auka jamt gjennom dei siste åra. Bidraget varierer naturleg nok med ulike regionar og ulike tilleggsnæringar. Tabell 4.2 viser at tilleggsnæringane spelar minst rolle på Jæren, med 2 prosent av total inntening, og at dei betyr mest i «andre bygder» i Agder og Rogaland, med 16 prosent i 2010. I Agder og Rogaland er det komne med nye bruk i driftsgranskningane som driv med tilleggsnæring i stort omfang.

Tabell 4.2 Bidrag frå tilleggsnæring. Driftsoverskot i prosent av total inntening på bruket

Significance of farm-based supplementary enterprises. Net income as percentage of total family income

	1997	1999	2001	2003	2005	2007	2010
Austlandet							
<i>Eastern Norway</i>							
Flatbygder	4,7	7,1	6,1	7,2	8,6	8,8	6,2
<i>Lowlands</i>							
Andre bygder	3,5	8,0	6,2	5,8	5,9	5,7	5,6
<i>Other parts</i>							
Agder & Rogaland							
Jæren	0,5	3,6	2,5	1,6	1,3	1,7	2,2
Andre bygder	2,3	4,1	3,6	4,5	7,1	6,7	15,8
<i>Other parts</i>							
Vestlandet	2,2	4,8	3,8	4,9	4,8	3,5	6,1
<i>Western Norway</i>							
Trøndelag							
Flatbygder	0,9	2,6	2,3	4,6	4,8	6,3	5,7
<i>Lowlands</i>							
Andre bygder	2,2	4,9	4,3	6,3	4,3	4,0	7,7
<i>Other parts</i>							
Nord-Noreg	2,1	2,5	3,5	2,1	2,8	4,6	3,6
<i>Northern Norway</i>							
Landet	2,9	5,5	4,6	5,2	5,7	5,7	6,5
<i>All regions</i>							

Den delen av innteninga til brukarfamilien som kjem frå tilleggsnæring, har auka noko i det siste tiåret. Likevel er han framleis ganske liten. Ei av årsakene til dette kan vere at det utvalet av bruk som er med i driftsgranskingane, har relativt stor jordbruksaktivitet. På desse bruka kan det vere lita tid til, og mindre trong for, å byggje opp andre næringar. God tilgang på løna arbeid kan vere ei anna forklaring.

4.2.6 Lønsemd i tilleggsnæringar

I tabell 4.3 kan vi sjå driftsoverskot per time i «maskinkjøring» og «vareproduksjon», fordelt på regionar for 2010. I gjennomsnitt for landet er driftsoverskotet kr 212 per time for «maskinkjøring». På landsbasis er det registrert driftsoverskot frå «maskinkjøring» på 417 bruk. Vestlandet har det beste resultatet, med kr 322 per time for «maskinkjøring».

Når det gjeld «vareproduksjon», er timesatsane vesentleg lågare i alle regionar, med kr 68 per time i gjennomsnitt for landet. Trøndelag og Nord-Noreg har dei lågaste satsane, og Agder og Rogaland har den høgaste, med kr 182 per time.

Tabell 4.3 Tal bruk med driftsoverskot i «maskinkjøring» og «vareproduksjon». Driftsoverskot per time. Regionar, 2010

Number of holdings with net income derived from “contract work” and “production of goods”. Net income per hour. Regions, 2010

	Maskinkjøring <i>Contract work</i>		Vareproduksjon <i>Production of goods</i>	
	Tal bruk med driftsoverskot i «maskinkjøring» <i>Number of holdings with net income from “contract work”</i>	Driftsoverskot per time <i>Net income per hour</i>	Tal bruk med driftsoverskot i «vareproduksjon» <i>Number of holdings with net income from “production of goods”</i>	Driftsoverskot per time <i>Net income per hour</i>
Austlandet <i>Eastern Norway</i>	178	229	85	94
Agder & Rogaland	60	156	38	182
Vestlandet <i>Western Norway</i>	73	322	46	37
Trøndelag	68	124	30	30
Nord-Noreg <i>Northern Norway</i>	38	230	50	17
Landet <i>All regions</i>	417	212	249	68

Tabell 4.4 viser driftsoverskot per time innan ulike former for tilleggsnæring, samanlikna med driftsoverskot per time i jordbruket. I 2010 kom jordbruket (gjennomsnitt for alle bruk i driftsgranskingane) ut med eit driftsoverskot på kr 105 per time. «Maskinkjøring» har hatt den høgaste timesatsen alle åra i perioden. «Anna tenesteyting» har hatt høgare timesatsar enn jordbruket i alle åra. «Turisme» har hatt stor variasjon i timesatsen i perioden. Noko av årsaka til det er utskifting av bruk. «Vareproduksjon» kjem ut med det lågaste resultatet i dei fleste åra.

Tabell 4.4 Driftsoverskot, kroner per time. Ulike former for tilleggsnæring samanlikna med jordbruket

Net income, NOK per hour. Different kinds of farm-based supplementary enterprises compared to agriculture

	2006	2007	2008	2009	2010
Maskinkjøring <i>Contract work</i>	188	206	224	199	212
Vareproduksjon <i>Production of goods</i>	67	54	57	81	68
Turisme <i>Tourism</i>	65	92	133	162	90
Anna tenesteyting <i>Other kinds of service</i>	155	171	166	176	120
Jordbruket, alle bruk <i>Agriculture, all holdings</i>	77	99	105	98	105

4.3 Balanse

4.3.1 Egedelar

Verdien av dei balanseførte egedelane til brukarfamilien (totalkapitalen) er vist i hovudtabell 12. Fordelinga mellom gjeld og eigenkapital er også presentert der.

I gjennomsnitt for alle deltakarbruk auka totalkapitalen i løpet av 2010 med 8 prosent, til kr 4 456 800. Jæren og flatbygdene på Austlandet skil seg ut ved at deltakarane der har større totalkapital enn kva vi finn i dei andre regionane. Dei nordnorske deltakarane har lågast gjennomsnittleg totalkapital.

Ved utgangen av 2010 var 74 prosent av totalkapitalen til brukarfamiliane anleggsmiddel.¹⁰ 26 prosent var altså omløpsmiddel. Jordbruket sin del av totalkapitalen utgjorde i gjennomsnitt 53 prosent, men berre 31 prosent på bruk med 50–100 dekar, og så mykje som 66 prosent på bruk med meir enn 500 dekar.

31. desember 2010 var 42 prosent av omløpsmidla på gjennomsnittsbruket bank-innskott og kontantar. Varelageret til jordbruket, medrekna slaktedy, utgjorde 18 prosent av omløpsmidla.

4.3.2 Nettoinvestering utanom jordbruket

Hovudtabell 11 viser at samla nettoinvestering i andre sektorar enn jordbruket var kr 47 000 per deltakarbruk i 2010. Av denne summen gjekk kr 26 900 til private egedelar. I tilleggsnæringar var nettoinvesteringa kr 13 600 per bruk. Skogbruk og «anna næring» er dei to andre sektorane som går inn i oversikta over nettoinvesteringar, med respektive beløp per bruk på kr 5 700 og kr 800 for 2010.

4.3.3 Gjeld og eigenkapital


Gjennom 2010 auka det samla gjeldsbeløpet per deltakarbruk med 10 prosent. Ved utgangen av året hadde gjennomsnittleg gjeld kome opp i kr 2 056 300. Det vil seie at gjeldsprosenten var 46. Den låg da 1 prosentpoeng høgare enn ved utgangen av 2009. Gjeldsprosenten stig jamt over med aukande bruksstorleik. Ved slutten av 2010 utgjorde gjeld i gjennomsnitt 39 prosent av totalkapitalen på bruk med 50–100 dekar jordbruksareal. Til samanlikning var gjeldsprosenten 49 i storleiksgruppa «300–500 dekar» og 52 i gruppa med meir enn 500 dekar. Mellom dei regionale gruppene varierte gjeldsprosenten frå 36 i «andre bygder» på Austlandet til 60 på Jæren.

Eigenkapitalen på deltakarbruka auka med 6 prosent i løpet av 2010. Ved utgangen av året hadde den gjennomsnittlege deltakarfamilien kr 2 400 400 i eigenkapital. Flatbygdene på Austlandet hadde størst eigenkapital per bruk. Deltakarane i Nord-Noreg er registrerte med mindre eigenkapital enn deltakarar frå dei andre regionane.

I 2010 hadde deltakarane ein gjennomsnittleg gjeldsrentefot på 3,7 prosent. Rentefoten er utrekna ut frå forholdet mellom betalte renter og storleiken på total gjeld. Leverandørgjeld og gjeld til skattefuten inngår i samla gjeld, men er ikkje renteberande. Det betyr at den reelle rentefoten på vanlege lån låg høgare enn 3,7 prosent.

¹⁰ Sjå kapittel 1.8 for forklaring av omgrep.

Utviklinga gjennom 10 år er illustrert i figur 4.4. I 2001 var den gjennomsnittlige gjeldsprosenten på deltakarbruka 40. Jordbruket sin del av totalkapitalen på eit gjennomsnittleg deltakarbruk utgjorde 53 prosent i 2001, akkurat som i 2010.



Figur 4.4 Samansetjing av egedelar og total gjeld. Gjennomsnitt for alle bruk, 2001–2010. Faste 2010-kroner

Assets and debts per holding, 2001–2010. 2010-NOK

4.4 Nettoinntekt per familie

Nettoinntekta vert presentert i hovudtabell 18.

Nettoinntekta er samla arbeidsvederlag og forrenting som familien oppnår, etter frådrag av betalte gjeldsrenter og kår (sjå kapittel 1.7). I gjennomsnitt var nettoinntekta per deltakarbruk kr 715 200 i 2010. Auken, sett i forhold til året før, var på 9 prosent.


Gjennomsnittsbruket i flatbygdene på Austlandet hadde kr 812 300 i nettoinntekt i 2010. På bruka i Nord-Noreg var gjennomsnittleg nettoinntekt kr 650 100. Dei andre regionale gruppene låg mellom desse ytterpunkta. Vi ser tendens til ein slik samanheng: Jo større areal, jo høgare nettoinntekt.

I 2010 utgjorde driftsoverskotet i jordbruket 39 prosent av samla arbeidsvederlag og forrenting på det gjennomsnittlege deltakarbruket. Året før stod jordbruket for ein inntektsdel som var akkurat like høg. Inntektsdelen til jordbruket i 2010 var høgast på Jæren med 54 prosent, og lågast i flatbygdene på Austlandet med 30 prosent. I bruksgruppa med meir enn 500 dekar jordbruksareal kom 48 prosent av samla arbeidsvederlag og forrenting frå jordbruket. Ingen av dei andre storleiksgruppene er registrerte med så høg «jordbruksdel» av samla arbeidsvederlag og forrenting.

I gjennomsnitt for alle deltakarbruk i 2010 utgjorde driftsoverskotet i skogbruket 2 prosent av samla arbeidsvederlag og forrenting. Delen var 1 prosentpoeng høgare enn i året før. Det var på Austlandet at skogen gav størst bidrag til samla arbeidsvederlag og forrenting, med delar på 5 prosent i «andre bygder» og 4 prosent i flatbygdene.

For alle deltakarbruk sett under eitt kom 7 prosent av det samla vederlaget frå tilleggsnæring, 5 prosent frå «anna næring» og 40 prosent frå lønsarbeid i 2010.

I 2001 var jordbruket sin del av samla vederlag og forrenting oppe i 42 prosent. Tilleggsnæring stod for 5 prosent av totalen på det tidspunktet, og lønsinntekt utgjorde 36 prosent. Figur 4.5 illustrerer korleis samansetjinga av inntekta til deltakarfamiliene har utvikla seg gjennom 10 år.



Figur 4.5 Samansetjing av samla arbeidsvederlag og forrenting på driftsgranskingsbruka, 2001–2010

Composition of the farmer family's income from all sources, 2001–2010

Privatforbruket i 2010, eksklusive betalte skattar, var i gjennomsnitt for alle deltakarfamiliar kr 456 500. Samanlikna med 2009 steig privatforbruket med 4 prosent. I 2010 var privatforbruket størst på Jæren, og minst i «andre bygder» i Trøndelag..

4.5 Tilgang på og bruk av middel

4.5.1 Arbeidskapital

Likviditeten på bruka er nært knytt til storleiken på arbeidskapitalen. Arbeidskapital, som er omløpsmiddel¹¹ minus kortsiktig gjeld, vert presentert i tabellane 4.5 og 4.6.

Likviditeten på det gjennomsnittlege deltakarbruket vart styrka i løpet av 2010. Arbeidskapitalen auka med 12 prosent i snitt for alle deltakarar, til kr 779 700 ved utgangen av året. Det er registrert stor skilnad mellom ulike regionar når det gjeld endring i likviditet. På Jæren auka arbeidskapitalen med heile 41 prosent i løpet av

¹¹ Sjå kapittel 1.8 for forklaring av omgrep.

2010. Det heng saman med at deltakarane der hadde klart lågare arbeidskapital ved starten av året enn deltakarar i andre regionar. På bruka i flatbygdene i Trøndelag gjekk arbeidskapitalen ned med 1 prosent. Endringane for dei andre regionane ligg mellom desse ytterpunkta. Flatbygdene på Austlandet hadde størst arbeidskapital ved både starten og slutten av året. Alle storleiksgruppene hadde positiv utvikling i arbeidskapital. Størst vekst, 16 prosent, hadde bruka med 300-500 daa.

4.5.2 Sparing

I driftsgranskingane er sparing definert som auke i eigenkapital i løpet av rekneskapsåret. At «sparing» og «auke i eigenkapitalen» (kapittel 4.3.3) ikkje er identiske, skuldast at i kapittel 4.3.3 er det eigenkapitalen i utgåande balanse for *deltakarbruka frå året før* som er samanlikningsgrunnlaget. Sparing vert derimot rekna ut frå inngåande balanse for *deltakarane det aktuelle året*. Av tabell 4.6 kan ein sjå at gjennomsnittleg sparing på deltakarbruka i 2010 utgjorde kr 131 700. Beløpet svarte til 6 prosent av verdien som eigenkapitalen hadde ved starten av året.

Tabell 4.5 Tilgang på og bruk av middel. Endring i arbeidskapital. Regionar

Cash flow analysis and working capital. Regions

Regionar <i>Regions</i>	Austlandet <i>Eastern Norway</i>		Agder og Rogaland		Vestlandet <i>Western Norway</i>	Trøndelag		Nord-Noreg <i>Northern Norway</i>
	Flatbygder <i>Lowlands</i>	A. bygder <i>Other parts</i>	Jæren	A. bygder <i>Other parts</i>		Flatbygder <i>Lowlands</i>	A. bygder <i>Other parts</i>	
Nettoinntekt <i>Net family income</i>	812 300	723 100	725 600	715 200	670 200	676 500	671 600	650 100
+ Verdiregulering levert <i>Extraordinary items, income</i>	139 800	85 300	27 000	38 900	48 700	60 400	73 100	22 100
- Verdiregulering mottatt <i>Extraordinary items, costs</i>	12 400	19 900	27 100	12 800	20 500	11 800	31 000	16 200
- Privatforbruk <i>Private consumption</i>	497 200	443 300	508 300	470 400	422 300	496 300	408 900	421 800
- Betalte skattar <i>Taxes</i>	219 100	179 900	203 100	166 500	166 600	184 100	160 000	144 100
= Sparing <i>Savings</i>	223 300	165 300	14 200	104 300	109 600	44 700	144 800	90 100
Avskrivningar, jordbruket <i>Depreciation, agriculture</i>	133 400	95 000	150 900	126 600	103 500	114 900	109 000	112 500
Fråsal og investeringstilskot, jordbruket <i>Sales and investment grants, agriculture</i>	45 800	47 000	36 300	56 000	35 400	22 100	57 400	50 200
Ny langsiktig gjeld <i>New long term liabilities</i>	210 200	129 100	488 300	210 900	165 900	95 400	217 700	230 500
Arbeidskapital 1/1-10 <i>Working capital 10.01.01</i>	940 500	843 600	341 000	571 700	710 300	670 900	648 900	375 400
Sum tilgang på middel <i>Total capital supply</i>	1 553 200	1 280 100	1 030 700	1 069 500	1 124 700	948 100	1 177 600	858 600
Investert i jord, bygningar og maskinar/reiskapar i jordbruket <i>Investments in farmland, out-buildings, machinery and equipment</i>	262 900	244 600	252 300	243 700	229 400	125 100	289 700	203 100
Endring i andre eigedelar inklusive buskap <i>Change in other assets, livestock included</i>	68 600	35 400	184 900	74 300	12 300	34 600	63 500	37 100
Avdrag på langsiktig gjeld <i>Longterm liabilities, repayment</i>	138 400	103 400	112 000	97 300	87 900	122 900	100 900	199 200
Arbeidskapital 31/12-10 <i>Working capital 10.12.31</i>	1 083 300	896 600	481 600	654 200	795 100	665 500	723 600	419 200
Sum bruk av middel <i>Total capital spent</i>	1 553 200	1 280 100	1 030 700	1 069 500	1 124 700	948 100	1 177 600	858 600
Endring i arbeidskapital 2010 <i>Working capital, change 2010</i>	142 800	53 000	140 600	82 400	84 800	- 5 400	74 600	43 800
Endring i arbeidskapital 2009 <i>Working capital, change 2009</i>	22 600	5 200	-88 000	41 700	-10 900	61 000	9 500	115 000

Tabell 4.6 Tilgang på og bruk av middel. Endring i arbeidskapital. Storleiksgrupper

Cash flow analysis and working capital. Farm size

Storleiksgrupper, dekar <i>Farm size, decares</i>	50–100	100–200	200–300	300–500	> 500	Alle 2010 <i>All 2010</i>
Nettoinntekt <i>Net family income</i>	619 800	687 800	665 600	745 300	834 500	715 100
+ Verdiregulering levert <i>Extraordinary items, income</i>	33 000	78 500	34 300	117 400	54 600	71 400
- Verdiregulering motteke <i>Extraordinary items, costs</i>	5 100	14 800	17 900	19 200	22 100	17 800
- Privatforbruk <i>Private consumption</i>	419 900	461 700	414 500	482 500	471 400	456 500
- Betalte skattar <i>Taxes</i>	164 100	179 800	165 500	186 200	202 400	180 400
= Sparing <i>Savings</i>	63 700	110 000	102 100	174 900	193 200	131 700
Avskrivningar, jordbruket <i>Depreciation, agriculture</i>	56 700	74 200	100 200	133 300	201 900	116 100
Fråsal og investeringstilskot i jordbruket <i>Sales and investment subsidies, agriculture</i>	26 100	18 800	37 900	46 600	84 600	43 800
Ny langsiktig gjeld <i>New long term liabilities</i>	189 300	102 000	135 000	272 100	251 500	198 800
Arbeidskapital 1/1-10 <i>Working capital 10.01.01</i>	825 200	692 300	749 600	637 000	710 400	697 500
Sum tilgang på middel <i>Total capital supply</i>	1 161 000	997 300	1 124 800	1 263 900	1 441 500	1 187 900
Investert i jord, bygningar og maskinar/reiskapar i jordbruket <i>Investments in farmland, outbuildings, machinery and equipment</i>	167 600	110 100	190 500	286 800	425 500	234 300
Endring i andre eigedelar inklusive buskap <i>Change in other assets, livestock included</i>	- 22 400	19 800	31 800	87 500	87 800	52 700
Avdrag på langsiktig gjeld <i>Long term liabilities, repayment</i>	81 400	80 900	108 800	148 500	179 000	121 100
Arbeidskapital 31/12-10 <i>Working capital 10.12.31</i>	934 400	786 500	793 700	741 100	749 100	779 700
Sum bruk av middel <i>Total capital spent</i>	1 161 000	997 300	1 124 800	1 263 900	1 441 500	1 187 900
Endring i arbeidskapital 2010 <i>Working capital, change 2010</i>	109 200	94 200	44 100	104 100	38 800	82 300
Endring i arbeidskapital 2009 <i>Working capital, change 2009</i>	159 000	13 200	-25 400	48 600	79 100	22 600

4.6 Skatt

Sidan tusenårsskiftet har skatt og inntektsfrådrag vore ein del av inntektspolitikken i jordbruksforhandlingane. Frå og med skatteåret 2000 har vi hatt eit særskilt inntektsfrådrag i jordbruket, kalla jordbruksfrådraget.

Det vert gitt jordbruksfrådrag i alminneleg inntekt til skattytarar som har hatt inntekt frå jordbruk, gartneri eller hagebruk over halvparten av året, og til skattytarar som driv honningproduksjon og pelsdyrhald, sjølv om verksemda ikkje vert driven i tilknytning til jordbruk. Skattytaren skal ha budd på driftseininga minst halve året. Det er ikkje krav om at skattytaren eig verksemda dersom vilkåra elles er oppfylte. Andre frådrag kan redusere effekten av jordbruksfrådraget.

Dei siste tre åra har reglane for, og storleiken på, jordbruksfrådraget vore uendra. Eit inntektsuavhengig frådrag på kr 54 200 har lege i botnen. Sats ut over dette har vore 32 prosent. Maksimalt jordbruksfrådrag for 2010 var kr 142 000. For å oppnå dette, måtte skattytaren ha ei næringsinntekt frå jordbruk på minst kr 328 600.

Tabell 4.7 viser korleis frådraget er bygd opp, og endringar sidan 2000. Tabellen viser også kor stor jordbruksinntekta må ha vore for at skattytaren skal ha oppnådd maksimalt frådrag.

Tabell 4.7 Jordbruksfrådraget, 2000–2010. Kroner

Farmer's allowance, 2000-2010. NOK

	2000	2001	2002	2003 - 2005	2006	2007	2008 - 2010
Botnfrådrag, kroner	18 000	36 000	36 000	36 000	36 000	45 000	54 200
<i>Basic allowance, NOK</i>							
Frådrag, prosent			9	19	19	32	32
<i>Allowance, per cent</i>							
Maksimalt frådrag, kroner	18 000	36 000	47 500	61 500	71 500	142 000	142 000
<i>Maximum allowance, NOK</i>							
Jordbruksinntekt (minimum) som trengst for å oppnå maksimalt frådrag, kroner	18 000	36 000	163 800	170 200	228 800	348 100	328 600
<i>Required income from agriculture (minimum) to achieve maximum allowance, NOK</i>							

I driftsgranskingane er alle dei sentrale resultatmåla som tradisjonelt har vist inntekt og inntektsutvikling, upåverka av skatteforhold og endringar i skattereglar. Eventuelle skattereduksjonar på bakgrunn av jordbruksfrådraget vil derfor ikkje påverke resultatane i driftsgranskingane. Sidan rekneskapsåret 2007 har driftsgranskingane nytta eit supplerande resultatmål: Skattejustert vederlag til arbeid og eigenkapital. I kapittel 2 er det skattejusterte vederlaget sett i samanheng med dei tradisjonelle resultatmåla.

Trass i at tala i driftsgranskingane ikkje vert direkte påverka av jordbruksfrådraget, må ein kunne tru at frådraget kan ha indirekte påverknad i nokre tilfelle. Ulike former for tilpassing til regelverket vil påverke produksjonen, og med det, resultatane.

- For dei produsentane som er i ytterkantane av jordbruksfrådraget, det vil seie bønder med næringsinntekt rundt kr 54 200 og kr 328 600, vil det vere eit poeng å ha jamn inntekt for å få maksimal utnytting av jordbruksfrådraget sett over fleire år. Det omsynet kan for eksempel påverke når vedlikehald vert utført.
- Organisering av drifta. Passive deltakarar i samdrifter med mjølkeproduksjon får jordbruksfrådrag, medan bruk som leiger bort mjølkekvote, og heller ikkje har anna jordbruksaktivitet som fell inn under vilkåra, ikkje vil kunne få jordbruksfrådrag.
- Nokre brukarar leiger i realiteten bort jorda, medan rekneskapen viser at dei driv sjølve. Ein kan leige inn alle tenestene og selje produkta i eige namn, medan den som faktisk driv jorda, har ansvaret. Ein kan organisere det slik for å oppnå jordbruksfrådrag.

I gjennomsnitt for driftsgranskingsmaterialet var oppnådd skattereduksjon for 2010 kr 30 400, ein auke på kr 1 000 frå 2009. Inntektsverknaden av jordbruksfrådrag, med 33 prosent marginalsatt, er kalkulert til kr 45 400 per deltakarbruk for 2010. Det er ein auke på kr 1 500 i høve til 2009. Inntektsverknaden utgjør i overkant av kr 28 500 per årsverk, ein oppgang på kr 800. I gjennomsnitt oppnådde deltakarbruk i driftsgranskingsane 77 prosent av maksimalt jordbruksfrådrag for 2010. Delen var 3 prosentpoeng høgare enn i 2009.

I gjennomsnitt for alle deltakarar i driftsgranskingsane var jordbruksfrådraget per bruk kr 108 700 i 2010, ein auke på kr 3 600. Denne oppgangen er i tråd med utviklinga i næringsoverskot i driftsgranskingsane. Det har vore auke i gjennomsnittleg jordbruksfrådrag kvart år sidan starten, med unnatak for 2009.

I 2010 var delen av deltakarar utan jordbruksfrådrag den same som året før, 6 prosent. Det var fleire som oppnådde maksimalt frådrag, i alt 45 prosent av brukarane. Tilsvarende del i 2009 var 39 prosent.

Tabell 4.8 viser at det er stor skilnad mellom driftsformer med tanke på gjennomsnittleg jordbruksfrådrag. Kornproduksjon og sauehald hadde lågast gjennomsnittleg frådrag blant dei driftsformene som er med i tabellen. Blant sauebruka var 6 prosent utan jordbruksfrådrag. Det same galdt for 19 prosent av kornbruka. Trass i lågare jordbruksfrådrag per bruk, hadde kornbruka størst inntektsverknad per årsverk. Dette skuldast lågt arbeidsforbruk, om lag eit halvt årsverk i gjennomsnitt for desse bruka. Innafor driftsformer kor mjølkeproduksjon inngår, var gjennomsnittleg jordbruksfrådrag langt høgare. Likevel var inntektsverknaden per årsverk på desse bruka mykje mindre enn i kornproduksjonen. Årsaka er at gjennomsnittleg arbeidsforbruk låg rundt 2 årsverk innan driftsformene med mjølkeproduksjon.

Tabell 4.8 Jordbruksfrådrag gruppert etter driftsform

Farmer's allowance according to type of farming

Driftsformer <i>Type of farming</i>		Tal bruk <i>Total number of holdings</i>	Tal bruk med maksimert frådrag <i>Number of holdings with maximum Farmer's allowance</i>	Tal bruk utan frådrag <i>Number of holdings without Farmer's allowance</i>	Jordbruksfrådrag, kroner <i>Farmer's allowance, NOK</i>	Inntektsverknad, kr per årsverk <i>Income effect, NOK per man-year</i>
Produksjon av kumjølkk og storfeslakt	<i>Combined dairy and beef farming</i>	302	182	2	125 600	27 600
Produksjon av kumjølkk og svinekjøtt	<i>Combined dairy and pig farming</i>	30	27	0	139 400	26 700
Kumjølkkproduksjon og sauehald	<i>Combined dairy and sheep farming</i>	48	30	1	129 200	24 800
Kornproduksjon	<i>Cereal production</i>	95	10	19	66 200	60 900
Produksjon av korn og svinekjøtt	<i>Combined cereal production and pig farming</i>	37	26	0	127 800	31 200
Produksjon av kumjølkk, storfeslakt og korn	<i>Combined dairy, beef farming and cereal production</i>	15	7	0	126 900	23 700
Sauehald	<i>Sheep farming</i>	97	18	6	83 500	28 600
Geitehald	<i>Production of goat's milk</i>	22	10	1	120 500	29 400
Storfekjøtt	<i>Beef farming</i>	51	11	7	88 400	32 900
Andre driftsformer	<i>Others</i>	138	58	11	103 800	26 000
Alle	<i>All holdings</i>	835	379	47	108 700	28 500

Ser vi på jordbruksfrådraget relatert til regionar (tabell 4.9), finn vi mindre skilnader. «Andre bygder» i Trøndelag hadde høgast gjennomsnittleg jordbruksfrådrag i 2010, med kr 123 600. Flest bruk utan frådrag fanst på Austlandet. Det var i hovudsak kornbruk som ikkje hadde stor nok næringsinntekt til å kvalifisere for jordbruksfrådrag. På Austlandet finn vi også det lågaste gjennomsnittlege jordbruksfrådraget. «Andre bygder» i Trøndelag hadde størst del bruk med maksimalt jordbruksfrådrag, heile 61 prosent av deltakarane. I den andre enden av skalaen har vi Austlandet, der berre 38 prosent av bruka i flatbygdene og 34 prosent av bruka i «andre bygder» oppnådde maksimalt jordbruksfrådrag. Inntektsverknaden per årsverk ligg ganske jamt i alle regionar. Jæren har minst inntektsverknad per årsverk med kr 24 800. Årsaka er at det er stort produksjonsomfang og arbeidsforbruk i snitt for Jæren. Størst inntektsverknad finn vi i flatbygdene i Trøndelag, med kr 32 000 per årsverk.

Tabell 4.9 Jordbruksfrådrag gruppert etter region

Farmer's allowance according to regions

Regionar		Tal bruk	Tal bruk med maksimalt frådrag	Tal bruk utan frådrag	Jordbruks - frådrag, kroner	Inntektsverknad, kroner per årsverk
<i>Regions</i>		<i>Total number of holdings</i>	<i>Number of holdings with maximum Farmer's allowance</i>	<i>Number of holdings with no Farmer's allowance</i>	<i>Farmer's allowance, NOK</i>	<i>Income effect, NOK per man-year</i>
Austlandet, flatbygder	<i>Lowlands</i>	181	69	17	98 900	31 400
Austlandet, andre bygder	<i>Other parts</i>	132	45	10	98 600	28 200
Jæren		49	29	3	115 500	24 800
Agder og Rogaland, andre bygder	<i>Other parts</i>	80	33	3	109 800	26 900
Vestlandet	<i>Western Norway</i>	163	75	8	111 600	27 200
Trøndelag, flatbygder	<i>Lowlands</i>	68	32	2	111 900	32 000
Trøndelag, andre bygder	<i>Other parts</i>	59	36	0	123 600	28 000
Nord-Noreg	<i>Northern Norway</i>	103	60	2	120 000	29 100
Alle	<i>All holdings</i>	835	379	47	108 700	28 500

4.7 Samanlikning med andre yrkesgrupper


«Det tekniske berekningsutvalet for inntektsoppgjera» reknar ut gjennomsnittleg årsløn for heiltidstilsette innafor ulike yrke. Ein heiltidstilsett er ein arbeidstakar som har utført eit fullt, avtalefesta normalt årsverk, utan overtid.

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk omfattar berre eit lite utval av dei som er sysselsette i norsk jordbruk. Dei økonomiske resultatane som driftsgranskingane viser, er framkomne etter heilt andre utrekningsmetodar enn dei som vert brukte av «berekningssutvalet». Likevel er ei samanlikning interessant.

I figur 4.5 er jordbruket sitt vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk, slik det blir rekna ut i driftsgranskingane, presentert saman med resultatane til «berekningssutvalet». Samanlikninga strekkjer seg over 10 år. Avstanden frå vederlaget i jordbruket opp til årsløna for industriarbeidarar nådde eit maksimum i 2006, utan omsyn til om vi målar i kroner eller prosent. I 2010 utgjorde vederlaget til arbeid og eigenkapital per årsverk på deltakarbruka i driftsgranskingane 60 prosent av ei gjennomsnittleg årsløn for industriarbeidarar i NHO-bedrifter. Delen var 3 prosentpoeng høgare enn i 2009.

For jordbruk er det rekna med 1 860 timar per årsverk i 2001 og 1 845 timar per årsverk frå og med 2002.

For dei ni siste rekneskapsåra har figur 4.6 også med ei kurve som viser det skattejusterte vederlaget til arbeid og eigenkapital per årsverk i jordbruket. Det skattejusterte vederlaget i 2010 var 68 prosent av ei vanleg årsløn for ein industriarbeidar.



Figur 4.6 Samanlikning mellom jordbruket sitt vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk og årsløn for heiltidstilsette i andre yrke, løpande kroner
 Comparison of farmers' return on labour and own capital per man-year to yearly wages for workers employed in other professions, current NOK

5 Driftsgranskingane gjennom 100 år

I 2011 feirar Driftsgranskingar- i jord og skogbruk 100 år. Driftsgranskingane vart starta av Selskapet for Norges vel i 1910, og dei første resultatane var for perioden 1.4.1911–31.3.1912. Starten fall saman med slutten på ein stor omstillingsperiode for norsk landbruk. Etter kvart som naturalhushaldet vart erstatta med omsetning av jordbruksvarer, auka interessa for økonomi og rekneskapsføring i landbruket. Håkon Five samla i 1907 inn av ein del data frå 140 bønder på Austlandet, og fekk inn data om «enkelte sider ved landbrukets driftsforhold». Sidan det ikkje fanst rekneskapsføring, var det umogeleg å få inn data om inntekter og utgifter. Five studerte pågåande opplegg i fleire land, og fann til slutt det han leita etter i Sveits; Innsamling av data frå rekneskap på enkeltbruk og kontinuitet frå år til år. I 1910 vart Five tilsett som konsulent i Norges vel, og starta opp med driftsgranskingane. I starten var det berre bruk frå Austlandet og Trøndelag. I 1917 var alle landsdelar representerte. Systemet var enkelt i starten, og alt var gratis for dei som deltok. Nye ting vart tekne inn etter kvart som systemet vart utbygd. I starten følgde rekneskapsåret avlingsåret, det vil seie frå 1. april eitt år til og med 31. mars året etter. Dette prinsippet vart nytta fram til 1954, då rekneskapsåret vart harmonisert med kalenderåret samtidig som det vart innført rekneskapsplikt og noteringsplikt i landbruket.

Formålet med granskingane frå starten var å skaffe grunnlag for driftsøkonomisk analyse og planlegging. Det var viktig å spreie kunnskap om rekneskap som styringsverktøy i gardsdrifta. Bak låg også ønsket å auke produksjonen av jordbruksprodukt og betre dei økonomiske kårane for bonden. Det var også ei viktig kjelde for undervising og rettleiingsarbeid. Driftsgranskingane skulle også vise den økonomiske utviklinga i landbruket generelt og vise utviklinga for grupper av bruk når det gjaldt innsats av produksjonsmiddel, produksjon og økonomisk resultat.

Første året var det med berre 39 bruk. Tal deltakarbruk passerte 100 i 1915, 200 i 1928 og 300 i 1935. Ved dei ordinære driftsgranskingane var det lenge vanskeleg å få små gardsbruk representerte. For rekneskapsåret 1932–1933 var det for første gong ei eiga gransking for småbruk. Dei fleste deltakarbruka hadde mindre enn 50 daa innmarksareal. Dei viktigaste resultatmåla for jordbruket i desse to granskingane var netto avkasting og forrentingsprosent. I tillegg vart driftsinntekter og driftsutgifter presenterte. Dessutan var det med opplysningar om eignedelar, hushaldsutgifter og privatforbruk. Både tal for enkeltbruk og gjennomsnitt for grupper vart presenterte. Fram til 1954 var det i stor grad resultat per dekar som vart presentert, seinare har resultat per bruk vore det viktigaste.

Då Norges landbruksøkonomiske institutt vart oppretta i 1947, overtok det driftsgranskingsarbeidet frå Norges vel. Dei to granskingane vart slegne saman til ei gransking, «Driftsgranskingar i jordbruket». Første publikasjonen kom ut i 1948, og omfatta rekneskapsåret 1946/47. I alt 302 bruk tok del i granskingane første året etter at NLI overtok, over halvparten var frå Austlandet. Det vart bestemt å auke til 1 000 deltakarbruk i løpet av to år, og sidan har deltakartalet vore om lag på dette nivået, med ein liten reduksjon dei siste åra. I 2010 var det med 835 enkeltbruk og 34 samdrifter med mjølkeproduksjon i driftsgranskingane.

Samtidig med målet om 1 000 bruk i driftsgranskingane i 1947, vart det søkt å gjere deltakarbruka mest mogeleg representative for område og brukstypar. Publikasjonen frå 1948 omfatta klimatiske forhold i vekstsesongen, marknads- og prisforhold og oversikt over lønsvilkår til tilsette, i tillegg til rekneskapsundersøkingane. Areal- og avlingsopplysningar, produksjonsdata frå husdyrhaldet og arbeidsforbruk var sentralt alt den gongen, i tillegg til økonomidata som innsett kapital, inntekter og kostnader. Inndeling etter region og storleik har vore nytta sidan den gongen, og resultatmål som lønsevne og familiens arbeidsforteneste vart presentert. Privatøkonomien har vore ein del av granskingane heile tida. Frå 1947 kom kravet om at deltakarane skulle ha yrkesmessig drivne bruk. Med dette kravet forsvann mange av dei små bruka ut av driftsgranskingane.

Fram til 1947 var det fire storleiksgrupper delt inn etter areal. Det var bruk mindre enn 100 dekar, 100–200 dekar, 200–300 dekar og over 300 dekar. Frå 1947 vart det seks storleiksgrupper som samsvarer med dei vi har hatt fram til i dag: Mindre enn 50 dekar, 50–100 dekar, 100–200 dekar, 200–300 dekar, 300–500 dekar og over 500 dekar. Inndelinga i regionar er også justert i løpet av dei 100 åra. I starten var det Austlandet, Trøndelag, Vestlandet, Sørlandet (inkludert Rogaland) og Nord-Noreg (Nordland). Frå 1954 vart inndelinga gjort etter naturlege jordbruksområde. Dagens inndeling i åtte område er ein kombinasjon av landsdelar og produksjonsforhold og kom i 1972.

I den første tida hadde gardsbruk flest allsidig produksjon og var lite spesialiserte. Etter kvart som utviklinga gjekk i retning av meir spesialisering, såg ein trongen for å dele inn materialet også etter driftsform. Ein viktig føresetnad for å få dette til var at ein i 1963 tok i bruk holkort og EDB-maskiner for maskinell behandling av data. Utan dette hjelpemiddelet hadde det vore for arbeidskrevjande reknearbeid å gjennomføre denne reforma. Driftsforminndeling av materialet vart fullt ut gjennomført i 1964.

Kombinasjonen jord- og skogbruk har alltid vore vanleg i norsk landbruk. Driftsøkonomisk forskning i skogbruket var eit forsømt felt frå starten av driftsgranskingane. I 1950 starta ein eit forsøk med driftsgransking for skogbruket finansiert av Noregs landbruksvitskaplege forskingsråd (NLVF). Gardsskogbruket vart først omtala i driftsgranskingspublikasjonen frå 1962, og omfatta ei gransking av alle deltakarbruka i Vest-Agder. Kontinuitet i arbeidet vart det først frå 1964, og frå ein beskjeden start med 16 bruk frå Agder og Trøndelag, auka deltakinga i skogbruksgranskingane opp til om lag ein firedel av deltakarane, noko som førte til namneskifte på publikasjonen i 1972, til «Driftsgranskingar i jord- og skogbruk».

Endringar i landbruket og teknologisk utvikling har medført metodiske og andre endringar opp gjennom historia. Innføring av IT-teknologi har gitt større høve til å bruke materialet til fleire formål og å omfatte fleire område. I 1972 starta registrering av rekneskapane elektronisk. Frå 1991 er alle driftsgranskingsdata samla i eigen database i NILF, og frå 2001 er svært detaljerte data frå granskingane tilgjengelege elektronisk. Undersøking av fellesfjøs vart første gong gjort i 1947 og seinare av og til. Frå og med 2005 er resultat frå samdrifter i mjølkeproduksjonen med i den årlege publikasjonen. Det same gjeld resultat frå økologisk mjølkeproduksjon. Ei stor satsing frå det offentlege på tilleggsnæringar førte til at det vart gjort separate registreringar i driftsgranskingane på tilleggsnæring frå 1997. Ei omlegging og ny strukturering av tilleggsnæringsdata få 2005 gjer at ein kan følgje utviklinga på området med tanke på økonomi, omfang og distriktsvis

utbreiing. Vektlegging av skattefordelar som ein viktig del av inntekter i jordbruket frå 2000 har gjort at jordbruksfrådraget er registrert og presentert i publikasjonen.

Stadige endringar i næring og samfunn gjer at driftsgranskingane må tilpasse seg nye fagområde og ny teknologi. Samarbeid med andre land som driv liknande granskingar, gjev også nye impulsar. Bruk av materialet til miljø- og klimaforskning set nye krav til kvalitet og detaljgrad. Samtidig er kontinuiteten i materialet ein viktig styrke for driftsgranskingane og gjer det verdfullt til mange formål.

Referansar

Driftsgranskingar i jordbruket. Regnskapsåret 1946–47. Norges landbruksøkonomiske institutt, Oslo. 1948

Driftsgranskingar i jord- og skogbruk. Rekneskapsresultat 2009. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo. 2010

Haglerød, A. og H. Romarheim (red.). Femti år i landbrukets og samfunnets tjeneste. NILF og BFJ 1947/48–1997/98. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo. 1998.

Kvaal, C. og R. Kongsvik. Driftsgranskingar i jordbruket gjennom 50 år. Norges landbruksøkonomiske institutt, Oslo. 1966.

Regnskapsresultater fra norske gårdsbruk. 1926. Det kgl. Selskap for Norges vel, Oslo.

Regnskapsresultater fra norske småbruk, driftsårene 1932–33, 1933–34 og 1934–35. Det kgl. Selskap for Norges vel. 1937.

Summary

About the survey

The survey of account statistics for agriculture and forestry is aimed to present current results, and development during a certain period, for financial conditions on holdings where income from agriculture has a substantial extent.

The survey is based on tax accounts for holdings that are located all over Norway. First step of the survey process is converting the tax accounts into management accounts. As regards 2010, the agricultural part of the survey included 835 family holdings. Hereof 147 holdings contributed additional forestry data. In addition, 37 dairy joint operations delivered data to the survey.

The survey deals with family-run holdings with a standard gross margin of at least 8 ESU (European Size Units). 1 ESU = Euro 1,200.

Organic farming, Farmer's allowance, farm-based supplementary enterprises, and dairy joint operations are special items in the survey. These topics are referred to in distinct parts of this report.

Financial results of agriculture

Labour input, agricultural area and herds

In 2010 the total labour input into agriculture amounted to 2,936 hours at the average sample holding. Hereof the farmer's family contributed 74 per cent. Compared to the previous year, total labour input in agriculture increased by 22 hours per holding.

Mean size of the holdings' agricultural area was 312 decares¹², of which 117 decares were rented land. The average farmland size had risen by 6 decares since 2009.

Poultry was the animal category with the utmost number increase from 2009 to 2010. During 2010 all the most usual kinds of farm animals became more numerous on the sample holdings.

Agricultural assets and investments

At the end of 2010 the value of agricultural assets at the average sample holding had grown by 7 per cent since the end of 2009 and was NOK 2,358,000. Gross investment amounted to NOK 234,300 in 2010, while net investment made NOK 74,400.

¹² 1 decare = 0,1 hectare

Crops, livestock production and prices

In 2010 the average yield for all kinds of crops at all sample holdings summed up to 346 FUm¹³ per decaire. Hence, the average yield was 4 per cent lower than the comparable average result for the period 2007–2009. Barley, oats and wheat all gave larger crops than in the foregoing year, which was a bad year as concerns cereal production. The 2010 crops of barley, oats and wheat were respectively 4 per cent lower, 3 per cent higher and 6 per cent higher, compared to the average of the previous three years. The coarse fodder crops of 2010 were 6 per cent lower than the 2007–2009 average.

Cows produced more milk per animal in 2010 than in 2009 while goats kept their yield at an unchanged level. Compared to the mean yield for the period 2007–2009, the milk production per cow was 2 per cent higher in 2010. Goats' milk yield had a similar 3 per cent increase. In 2010 the amount of produced mutton and lamb per winter-fed sheep kept a slightly lower level than in the previous year.

The prices of goat's milk, cow's milk and piglets increased more than the prices of other farm products during 2010. The prices of wool, oats, cow's meat and pork developed downwards.

Costs and income

Total costs of agriculture on the average sample holding rose by 7 per cent in 2010, to NOK 992,300.

The holdings' average output from agriculture in 2010 was NOK 1,300,400, which made a 7 per cent higher level than in 2009. Plant products were accounting for 12 per cent, livestock products for 57 per cent and other income (various production allowances etc.) for 31 per cent of the total output. Total production allowances received at the sample holdings increased by 8 per cent from 2009 to 2010.

Financial results: In general, and particularly for the most common categories of farming

As an average for all sample holdings of 2010 the net farm income rose by 8 per cent from 2009 and made NOK 308,100.

In 2010 the sample holdings' average return on labour and own capital per man-year was NOK 227,400. This result implies an 8 per cent increase since 2009. Return on family labour and own capital per man-year went up by 9 per cent and was NOK 209,900 as an average. Family labour income per man-year was NOK 188,900 in 2010. Compared to the previous year an 8 per cent growth had taken place. The rate of required return on agricultural assets is kept at 3 per cent for both 2009 and 2010.

Here follows a short overview of the financial results from some of the most common categories of farming among the survey participants:

¹³ FUm = feed unit milk

Combined dairy and beef farming

Accounts for 302 holdings with dairy and beef farming were recorded. In average these farms were at disposal of 21.5 cows and 327 decares of agricultural land. Return on labour and own capital per man-year in 2010 was NOK 231,100. This result exceeded the one achieved in 2009 by 8 per cent.

In addition, 37 dairy joint operations have delivered accounts concerning 2010. Thereby supplementary data have been taken into to the survey, in which the dairy joint operations are not included as holdings. 33 of the dairy joint operations were involved in dairy and beef farming solely. Their return on labour and own capital per man-year in 2010 amounted to NOK 284,400. Compared to 2009 the result was 1 per cent higher.

